

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	04.06.2020
Tid:	10:00

Program:

- Kl.10.00 Opening av møte
- Kl.10.05 Miniseminar om reiseliv og marknadsarbeid:
- Kort innleiing om reiseliv i ei krevande tid - ved seksjonssjef Endre Høgalmen
- Orienteringar om korleis vi taklar utfordringane og korleis vi arbeider med å få oppatt aktiviteten innan reiselivet - marknadstiltak både for 2020 og på litt lenger sikt
v/ Stein Ove Rolland, adm direktør i Fjord Norge, Mona H Hellesnes, dagleg leiar i Visit Voss og Anders Nyland, reiselivsdirektør i Visit
- Spørsmål og meningsutveksling
- Kl.11.05 Orientering om prosessen knytt til sak om tildeling av tilskot til prosjekt for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020. Ved seksjonssjef Mette Nora Sætre.
- Kl.11.20 Havbruksfondet og fordeling av inntekter mellom staten og kommunar/fylkeskommunar - orientering ved seksjonssjef Endre Høgalmen
- Kl.11.30 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Tor Andre Ljosland

utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 12/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 14.05.2020	2020/41027	
	Referatsaker		
RS 22/20	Orientering om problemstilling innan alternativ for til oppdrettsnæringa	2020/50013	
RS 23/20	Orientering - Kystskogmidlar 2020	2020/50967	
RS 24/20	Orientering om regjeringa sitt forslag om endring i havbruksfondet i revidert nasjonalbudsjett 2020	2020/50857	
RS 25/20	Status for breibandsatsinga juni 2020	2020/47282	
	Skriftlege spørsmål		
SI 5/20	Spørsmål frå Mark Taylor -MDG - endringer i forskriftene for regulering av fiske etter makrellstørje	2020/39466	
	Politiske saker		
PS 41/20	Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Tilskot til prosjekt	2020/49230	
PS 42/20	Dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke.	2020/50456	
PS 43/20	Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn og omstillingsarbeid i utsette kommunar	2020/50809	
PS 44/20	Intensjonsavtale med Biogass Vestlandet	2020/50540	

Godkjenningssaker

GK 11/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/41027-4
Saksbehandlar: Katarzyna Joanna
Holmegård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	12/20	04.06.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 14.05.2020

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Møtestad:	Videomøte, Fjernmøte
Dato:	14.05.2020
Tid:	10:00-13:36

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Noralv Distad	Medlem	H	
Helge Stormoen	Medlem	Frp	
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Morten Klementsén	Medlem	FNB	
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	Frå 11:30
Tom Hiis Bergh	Medlem	Sp	
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	
Terje Søviknes	Medlem	Frp	
Tor André Ljosland	Leiar	KrF	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp	Til 11:30

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer	Merknader
Erlend Haugen Herstad	Medlem	Sp	Til 11:30

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Jan Heggheim	fagdirektør ekstern strategisk kontakt
Endre Høgalmen	seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Dag Sondbø	seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Mette Nora Sætre	seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Katarzyna Holmegård	rådgjevar/møtesekretær politisk sekretariat
Jostein Hausevik Fjærestad	eigedomssjef
Merethe Helland Nordnæs	rådgjevar politisk sekretariat

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 10/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.04.2020	2020/41027	
	Referatsaker		
RS 19/20	Omstillingsutfordringer som følge av akutte endringer i arbeidsmarkedet	2020/42210	
RS 20/20	Kristestøtte til Destinasjonsselskapa i Vestland - ei orientering	2020/45922	
RS 21/20	Høringsuttale strategi for forskning og innovasjon Helse Førde	2020/47677	
SI 4/20	Skriftleg spørsmål Spørsmål frå Morten Klementsens - FNB - fremme industriklynger		
	Politiske saker		
PS 28/20	Etablering av ny ordning for partnerskapsmidlar og samarbeidsavtalar	2020/39918	
PS 29/20	Namnendring hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	2020/43255	
PS 30/20	Plaststrategi for Vestland fylkeskommune	2020/47165	
PS 31/20	Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport for 2019	2020/48213	
PS 32/20	Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke	2020/41440	
PS 33/20	Fordeling av Interreg-midlar 2021-2027	2020/48327	
PS 34/20	Tilskot til viltformål 2020	2020/46075	
PS 35/20	Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og omstillingsarbeid i kommunar	2020/48484	
PS 36/20	Omdisponering av IBU-midlar	2020/35197	
PS 37/20	Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid	2020/45548	
PS 38/20	Planprogram - Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland	2020/41328	
PS 39/20	Bømlo fiskerihamn - garanti for forskottering	2020/37190	
PS 40/20	Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer	2020/44342	

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.04.2020

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Møteprotokoll frå møtet i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.04.2020 vart godkjent utan merknadar.

Referatsaker

RS 19/20 Omstillingsutfordringer som følge av akutte endringer i arbeidsmarkedet

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 19 /20 vart referert.

RS 20/20 Krisestøtte til Destinasjonsselskapa i Vestland - ei orientering

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 20 /20 vart referert.

Jana Midelfart Hoff (H) sette fram slik merknad:

« I regi av av hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon bes det arrangert et webinar før sommeren med representanter for reiselivsnæringen. Man bør vurdere å invitere ulike relevante organisasjoner til å komme med innspill i forkant ,og også om det skal være et åpent webinar, slik at innbyggerne kan delta og ha mulighet til innspill.»

RS 21/20 Høyringsuttale strategi for forskning og innovasjon Helse Førde

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 21/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 4/20 Spørsmål frå Morten Klemensten -FNB - Fremme industriklynger

Møteleiar gav slikt svar:

«Spørsmål frå FNB v/Morten Klementsens om hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon eller Vestland fylkeskommune fremmer industriklynger opp mot allereie lansert tiltakspakke for olje- og gassnæringa i Vestland. Vestland med våre industrileiande industriparkar, teknologi , FoU miljø og leiande industriaktørar bør kunne vere godt posisjonert til å posisjonere seg inn mot neste omstillingspakke.

Vestland fylkeskommune har lyst ut fleire støtteordningar som også kommer leverandørindustrien til gode til dømes

- 9 millionar til forskning for å auke verdiskapinga i Vestland
- 11,4 millionar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)
- 22,1 millionar i ekstra tiltakspakkemidlar for akutt-tiltak i næringslivet inkludert leverandørindustrien
- 21,5 millionar til næringsutvikling

Blant søkjarane til tilskotsordningane over er det fleire av industriklyngene våre. Vidare er det regelmessig møte mellom fylkesordførar, LO , NHO og NAV som drøftar situasjonen fortløpande. Administrasjonen i fylkeskommunen har tett kontakt med industriklyngene våre både for å vere orientert om situasjonen og kunne gi råd og bistand. Vi samarbeid og om arrangement slik som webinar om hydrogen i går (13. mai).

Regjering la 30. april fram ein tiltakspakke for å oppretthalde aktiviteten i olje- og gassnæringa og leverandørindustrien. Petroleumsskattesystemet er midlertidig endra for å betre kontantstraumen på kort sikt for selskapa. Regjeringa anslår verknaden på kontantstraum til 100 milliardar kronar knytt til investeringar i 2020 og 2021. Mottakinga i næringslivet har vore reservert, då dei fryktar at samla skattebelastning vil auke over prosjektet si levetid. Framlegget vart varsla framlagt for [Stortinget 12. mai](#)

Regjeringa vil og legge fram ein grøn omstillingspakke i slutten av mai som og vil vere til glede for leverandørindustrien med auka løyvingar til ENOVA, forskning, utvikling og innovasjon og meir pengar til grøn skipsfart. For leverandørindustrien vil det og vere viktig med auka satsing på havvind og framskunding av Northern Lights-prosjektet. Karbonfangst og -lagring var handsama av hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og fylkesutval (30. april - skal vidare til fylkestinget i juni)

Fylkespolitikarane i dei gamle fylka/VLFK har presisert betydninga av disse satsinga og grøn skipsfart. Det kan vere eit politisk rom no framover for ytterlegare initiativ for å fremje enda fleire satsingar inn korona-tiltakspakkene om hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har gode innspel.»

Politiske saker

PS 28/20 Etablering av ny ordning for partnerskapsmidlar og samarbeidsavtalar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar å lyse ut partnerskapsavtalar for 2021-2022 med moglegheit for eitt års forlenging.
 - a. Utlysinga er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020 og i Utkast til Regional planstrategi 2021-2024 og reviderte retningslinjer for næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2021
 - b. Aktuelle søkjarar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.
2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar at vurdering av søknader om partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterium knytt til prioriterte aktørar.
 - a. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020.
 - b. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
 - c. I kva grad aktøren bidrar til å
 - i. nå mål innafor dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
 - ii. yter bidrag til å nå FNs berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
 - d. Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.
 - e. Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 2 f

Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar å lyse ut partnerskapsavtalar for 2021-2022 med moglegheit for eitt års forlenging.
 - a. Utlysinga er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020 og i Utkast til Regional planstrategi 2021-2024 og reviderte retningslinjer for næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2021
 - b. Aktuelle søkjarar er: Inkubatorar, næringshagar, klynger, men og andre aktørar som leverer tenester knytt til tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i fylket.

2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtar at vurdering av søknader om partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterium knytt til prioriterte aktørar.
 - a. Aktiviteten er knytt til regional tilrettelegging for innovasjon og næringsutvikling i samsvar med handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020.
 - b. Aktøren arbeider med å fremje innovasjon og næringsutvikling i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar.
 - c. I kva grad aktøren bidrar til å
 - i. nå mål innafør dei prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling 2020
 - ii. yter bidrag til å nå FN's berekraftsmål, særleg dei som er referert i Handlingsprogrammet
 - d. Aktøren samlar og styrkjer arbeidet i ein større del av fylket/ region. Minst to kommunar.
 - e. Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna omfatte organisering, metodebruk og korleis arbeidet er finansiert. Vestland fylkeskommune fullfinansierer ikkje den einskilde aktøren
 - f. Aktørar arbeider med særlege utfordringar for næringslivet knytt til konsekvensar av koronapandemien.

PS 29/20 Namnendring hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Forslag til innstilling

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon endrar namn til hovudutval for næring.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Jana Midelfart Hoff (H) sette på vegner av H, MDG og V fram slikt forslag:

«Endring

Nytt navn blir hovudutval for næring *og miljø*»

Avrøysting

Hoff sitt forslag fekk 6 røyster (H, MDG, V, SV) og fall mot fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag som fekk 9 røyster (Ap, Frp, FNB KrF, Sp, SV) og vart vedteke.

Vedtak

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon endrar namn til hovudutval for næring.

PS 30/20 Plaststrategi for Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.
2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og KrF fram slikt tilleggssforslag:

«Vi har desse tilleggssforslaga til punktlista:

- Arbeide for eit normkritisk syn på utbreiddt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring
- At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Tomren vart vedteke mot ei røyst frå FNB.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.
2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.
3. Arbeide for eit normkritisk syn på utbreiddt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring .
4. At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag på vegner av MDG, A, KrF, Sp, SV og V:

«Endrings- og tilleggsforslag:

- Det skal gjerast redaksjonelle endringar i t.d. samandraget og innleiinga, slik at det går tydeleg fram at strategien gjeld konsekvent Vestland fylkeskommune og ikkje berre Hordaland fylkeskommune.
- Strategien skal ha mål om eit sterkare samarbeid med næringslivet og styrking av våre viktigaste verktøy her.
- Vestland fylkeskommune skal samarbeide med EU om å innsnevre plastproduksjon til berre plasttypar som kan resirkulerast.
- Strategien skal innehalde mål om utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast.»

Thorbjørn Vereide (Ap) sette fram slikt forslag på vegner av: A, Sp, SV, V, MDG KrF, H:

«Tillegg:

Granulat fra kunstgressbaner er en stor kilde til mikroplast i omliggende natur og i vassdrag. Vestland fylke må i samarbeid med idretten finne alternativer til kunstgress med gummigranulat på nåværende kunstgressbaner og være pådriver for innovasjon og utvikling på dette feltet

Det må også vere ein klar målsetnad at alle kunstgrasbanene i Vestland som bruker gummigranulat får installert filter eller andre tiltak som hindrar at mikroplast hamnar i avløpssystemet.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart vedteke vart samrøystes vedteke.

Talyor sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Talyor sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Talyor sitt forslag punkt 3 fekk 13 røyster mot 2 røyster (Frp) og vart vedteke.

Talyor sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.
Vereide sitt forslag fekk 13 røyster mot 2 røyster (Frp) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune med slike merknadar:
 - a) Det skal gjerast redaksjonelle endringar i t.d. samandraget og innleiinga, slik at det går tydeleg fram at strategien gjeld konsekvent Vestland fylkeskommune og ikkje berre Hordaland fylkeskommune.
 - b) Strategien skal ha mål om eit sterkare samarbeid med næringslivet og styrking av våre viktigaste verktøy her.
 - c) Vestland fylkeskommune skal samarbeide med EU om å innsnevre plastproduksjon til berre plasttypar som kan resirkulerast.
 - d) Strategien skal innehalde mål om utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast
 - e) Granulat fra kunstgressbaner er en stor kilde til mikroplast i omliggende natur og i vassdrag. Vestland fylke må i samarbeid med idretten finne alternativer til kunstgress med gummigranulat på nåværende kunstgressbaner og være pådriver for innovasjon og utvikling på dette feltet

Det må også vere ein klar målsetnad at alle kunstgrasbanene i Vestland som bruker gummigranulat får installert filter eller andre tiltak som hindrar at mikroplast hamnar i avløpssystemet.
2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlege avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.

PS 31/20 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport for 2019

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2019 for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2019 for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

PS 32/20 Regional kompetansepolitikk i Vestland fylke

Forslag til innstilling

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.

4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitik og integrerings-/inkluderingspolitikk.
2. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
3. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
4. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

PS 33/20 Fordeling av Interreg-midlar 2021-2027

Forslag til innstilling

1. Interreg-programma har vore svært viktig for Vestland fylke for å løyse regionale og lokale utfordringar gjennom internasjonalt samarbeid i inneverande programperiode. Vestland fylke ønskjer å vidareføre satsinga på Interreg også i neste periode, 2021-2027.
2. Fylkesutvalet ber Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet å skrive eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som uttrykker ønskje om ein ny modell for fordeling av dei norske midlane på Interregprogramma og kva fylke som har tilgang til desse programma, basert på dei utfordringane fylka står ovanfor.
3. Vestlandsfylka med sitt eksportretta næringsliv, står ovanfor store utfordringar i åra framover som følgje av dei langsiktige effektane av Covid-19 og oljeprisfallet. Fylkesutvalet ber om at midlane til Nordsjøprogrammet blir auka for å finne nye løysingar på desse utfordringane og at det blir vurdert å avgrense tilgangen til Nordsjøprogrammet til vestlandsfylka og eventuelle andre fylke som ikkje vil få tilgang til A-programma i neste programperiode.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Forslaget til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Interreg-programma har vore svært viktig for Vestland fylke for å løyse regionale og lokale utfordringar gjennom internasjonalt samarbeid i inneverande programperiode. Vestland fylke ønskjer å vidareføre satsinga på Interreg også i neste periode, 2021-2027.
2. Fylkesutvalet ber Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet å skrive eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som uttrykker ønskje om ein ny modell for fordeling av dei norske midlane på Interregprogramma og kva fylke som har tilgang til desse programma, basert på dei utfordringane fylka står ovanfor.

- Vestland fylke med sitt eksportretta næringsliv, står ovanfor store utfordringar i åra framover som følgje av dei langsiktige effektane av Covid-19 og oljeprisfallet. Fylkesutvalet ber om at midlane til Nordsjøprogrammet blir auka for å finne nye løysingar på desse utfordringane og at det blir vurdert å avgrense tilgangen til Nordsjøprogrammet til vestland fylke og eventuelle andre fylke som ikkje vil få tilgang til A-programma i neste programperiode.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- Interreg-programma har vore svært viktig for Vestland fylke for å løyse regionale og lokale utfordringar gjennom internasjonalt samarbeid i inneverande programperiode. Vestland fylke ønskjer å vidareføre satsinga på Interreg også i neste periode, 2021-2027.
- Fylkesutvalet ber Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet å skrive eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som uttrykker ønske om ein ny modell for fordeling av dei norske midlane på Interregprogramma og kva fylke som har tilgang til desse programma, basert på dei utfordringane fylka står ovanfor.
- Vestland fylke med sitt eksportretta næringsliv, står ovanfor store utfordringar i åra framover som følgje av dei langsiktige effektane av Covid-19 og oljeprisfallet. Fylkesutvalet ber om at midlane til Nordsjøprogrammet blir auka for å finne nye løysingar på desse utfordringane og at det blir vurdert å avgrense tilgangen til Nordsjøprogrammet til vestland fylke og eventuelle andre fylke som ikkje vil få tilgang til A-programma i neste programperiode.

PS 34/20 Tilskot til viltformål 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek å løyve kr 1 000 000 til vilttiltak, under vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev, fordelt slik:

Nr	Søkjar	Tiltak	Tilskot kr
		Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr	
0	NINA	FriKalv	100 000
1	NIBIO	VESTHJORT	50 000
2	NIBIO	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fjo	50 000
3	Faun	Fagrapport "Hjorten i Vestland"	110 000
4	Sunnfjord kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse	0
5	Utmarksavdelinga Vest As	Fagsamling kommunal viltforvaltning	0
6	Utmarksavdelinga Vest As	Felles forvaltning i årsleveområde for hjort	140 000
7	Utmarksavdelinga Vest As	Vilt som næring	60 000
		Lokale vilttiltak m.v.	
8	NINA	En levende kyst	50 000
9	NINA	Questioning bycatch - What is the true scale ?	45 000

10	NINA	Raudrev på Hardangervidda	30 000
11	Nni Resources As	Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet	85 000
12	Nni Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	60 000
13	Nni Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	50 000
14	Universitetet Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	0
15	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	35 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	15 000
17	NJFF-Sogn og Fjordane	Human Jakt	80 000
18	NJFF-Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	40 000
Sum vilttiltak (kr)			1 000 000

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek å løyve kr 1 000 000 til vilttiltak, under vilkår som vil gå fram av tilsegnsbrev, fordelt slik:

Nr	Søkjar	Tiltak	Tilskot kr
		<i>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</i>	
0	NINA	FriKalv	100 000
1	NIBIO	VESTHJORT	50 000
2	NIBIO	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fjo	50 000
3	Faun	Fagrapport "Hjorten i Vestland"	110 000
4	Sunnfjord kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse	0
5	Utmarksavdelinga Vest As	Fagsamling kommunal viltforvaltning	0
6	Utmarksavdelinga Vest As	Felles forvaltning i årsleveområde for hjort	140 000
7	Utmarksavdelinga Vest As	Vilt som næring	60 000
		<i>Lokale vilttiltak m.v.</i>	
8	NINA	En levende kyst	50 000
9	NINA	Questioning bycatch - What is the true scale ?	45 000
10	NINA	Raudrev på Hardangervidda	30 000
11	Nni Resources As	Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet	85 000
12	Nni Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	60 000
13	Nni Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	50 000
14	Universitetet Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	0
15	NJFF-Hordaland	Infoblad om jakt og fiske - infoside internett	35 000
16	NJFF-Hordaland	Kvinneaktiviteter	15 000
17	NJFF-Sogn og Fjordane	Human Jakt	80 000
18	NJFF-Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	40 000
Sum vilttiltak (kr)			1 000 000

PS 35/20 Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og omstillingsarbeid i kommunar

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet legg til grunn at det vert arbeidt vidare med å forme innsatsen innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og at dette arbeidet vert sett i samanheng med det venta omstillingsarbeidet i utsette kommunar.
2. Hovudutvalet omdisponerer 0,5 mill kr til marknadstiltak for å fremje Vestland som eit attraktivt reisemål for den norske marknaden, dekkja med tidlegare avsette midlar til reiseliv i handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020. Fykesrådmannen får fullmakt til å tildele midlane til marknadstiltak i regi av Fjord Norge og destinasjonsselskapa.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutvalet legg til grunn at det vert arbeidt vidare med å forme innsatsen innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og at dette arbeidet vert sett i samanheng med det venta omstillingsarbeidet i utsette kommunar.
2. Hovudutvalet omdisponerer 0,5 mill kr til marknadstiltak for å fremje Vestland som eit attraktivt reisemål for den norske marknaden, dekkja med tidlegare avsette midlar til reiseliv i handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020. Fykesrådmannen får fullmakt til å tildele midlane til marknadstiltak i regi av Fjord Norge og destinasjonsselskapa.

PS 36/20 Omdisponering av IBU-midlar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner ny prosentvis fordeling av IBU-midlar.
2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane seinare på året. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å gjere prioriteringar dersom det kjem ekstra løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner ny prosentvis fordeling av IBU-midlar.

2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane seinare på året. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å gjere prioriteringar dersom det kjem ekstra løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet.

PS 37/20 Integrering - nye oppgåver for fylkeskommunen - strategi og vidare arbeid

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

- 1.Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
- 2.Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
- 3.FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
- 4.Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
- 5.Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Marianne Sæhle (SV) sette på vegner av SV, A KrF, S, V og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheiter for barn med innvandrarbakgrunn.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke
Sæhle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.
6. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen innarbeide eit punkt om barn som lever i fattige familiar, med særleg fokus på utdanningsmuligheiter for barn med innvandrarbakgrunn.

PS 38/20 Planprogram - Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for «*Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland*» ut på høyring med frist 15. juli 2020. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi synspunkt på:
 - Val av plantema
 - Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - Medverknad i planarbeidet
 - Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Handlingsplanen skal utformast i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune, og det kan gjerast mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, KrF, V, SV, MDG, Sp fram slikt forslag:

«Tillegg:

Administrasjonen blir bedt om å innarbeida naturressursar og kompetanse sin betydning for utvikling av Vestland i kap. 4.2.»

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt kulepunkt under 1:

•utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for «*Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - Vestland*» ut på høyring med frist 15. juli 2020. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi synspunkt på:
 - Val av plantema
 - Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - Medverknad i planarbeidet
 - Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet
 - utfordringar på kort og lengre sikt knytta til koronapandemien.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Handlingsplanen skal utformast i tråd med grafisk profil for Vestland fylkeskommune, og det kan gjerast mindre tekstlege justeringar utan innverknad på innhaldet.
3. Administrasjonen blir bedt om å innarbeida naturressursar og kompetanse sin betydning for utvikling av Vestland i kap. 4.2

PS 39/20 Bømlo fiskerihamn - garanti for forskottering

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i avtalen Kystverket hadde med Bømlo kommune for tiltak i fiskerihamna i Langevåg. Ansvar Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarande som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune dekkjer kostnadane med bygging av molo, avgrensa til maksimalt 165 millionar kroner eks. mva. Byggekostnaden vil bli utbetalt med like store delar i perioden 2024-2028.
3. Investeringssummen er bindande og kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Saksprotokoll 14.05.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tom Hiis Bergh (V) sette på vegner av V, KrF, Ap, Sp og MDG slik protokollmerknad:

«Partia viser til innkomande søknad frå Bremanger fiskerihavn og imøteser behandling av denne.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune går inn som avtalepart i avtalen Kystverket hadde med Bømlo kommune for tiltak i fiskerihamna i Langevåg. Ansvaret Vestland fylkeskommune tek på seg er tilsvarande som Kystverket hadde med unntak av navigasjonsinstallasjonar, som framleis er Kystverket sitt ansvar.
2. Vestland fylkeskommune dekkjer kostnadane med bygging av molo, avgrensa til maksimalt 165 millionar kroner eks. mva. Byggekostnaden vil bli utbetalt med like store delar i perioden 2024-2028.
3. Investeringssummen er bindande og kostnadane er innarbeidde i utkastet til investeringsbudsjett i økonomiplan 2021-2024.

PS 40/20 Økonomiplan 2021-24 - drifts- og investeringsrammer

Forslag til innstilling

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Per Jarle Valvatne (A) sette på vegner av A, Sp, MDG, Krf og SV fram slikt forslag:

«Utvalet rår finansutvalet til å sikre finansiering til strekningsvise utbetringar, utbetring av flaskehalsar, drift og vedlikehald. I den samanhengen vil ein peike på det store etterslepet i høve asfaltering av fylkesvegar. Utan løyvingar på desse postane finnst det ikkje midlar til vedlikehald og vidareutvikling av viktige strekningar på fylkesvegnettet. Eit anna område som det trengst midlar til er trafiksikring.

Utvalet er uroa for framtidig finansiering av meirkostnadane ved nullutslepp på hurtigbåtar som er teken ut av langtidsbudsjettet. Det er viktig at Vestland fylkeskommune legg press på Stortinget for å oppnå tung statleg støtte til tiltaka.»

Avrøysting

Valvatne sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Utvalet rår finansutvalet til å sikre finansiering til strekningsvise utbetringar, utbetring av flaskehalsar, drift og vedlikehald. I den samanhengen vil ein peike på det store etterslepet i høve asfaltering av fylkesvegar. Utan løyvingar på desse postane finnst det ikkje midlar til vedlikehald og

vidareutvikling av viktige strekningar på fylkesvegsnettet. Eit anna område som det trengst midlar til er trafikksikring.

Utvalet er uroa for framtidig finansiering av meirkostnadane ved nullutslepp på hurtigbåtar som er teken ut av langtidsbudsjettet. Det er viktig at Vestland fylkeskommune legg press på Stortinget for å oppnå tung statleg støtte til tiltaka.

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Nina Bognøy, A, ba om å få si habilitet vurdert i denne saka. Ho opplyste at ho i fylkestinget var vald som styremedlem i Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under behandlinga av habilitetsspørsmålet i utvalet. Hovudutvalet røysta over spørsmålet. Hovudutval for opplæring og kompetanse fann samrøystes at Bognøy var habil i denne saka.

Karianne Torvanger, A, sette på vegner av A, SP, Sv, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Innspeil til investeringsplan

Hovudutval for opplæring og kompetanse har forståing for at det er naudsynt å skyve nokre prosjekt ut i tid for å halde lånegjelda innanfor vedteken gjeldsgrad.

Opplæringsfartøy:

Hovudutval for opplæring er uroa over at fylkesrådmannen avlyser konkurransen om nytt opplæringsfartøy. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreset at ein lyser ut nytt anbod for å realisere nytt opplæringsfartøy i samsvar tidlegare vedtak, og at prosjektet vert spelt inn som eit gryteklart prosjekt som motkonjunkturtiltak knytt til Koronapandemien.

Laksevåg/Bergen Maritime vgs og Fagskolen i Hordaland.

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til tidlegare vedtak i PS 9 / 2019 og meiner vi må jobbe for at prosjektet skal realiserast i tråd med tidlegare vedtak.

Innspeil til fordeling av driftsreduksjon

I framlegg til økonomiplan legg fylkesrådmannen opp til ei fordeling av budsjettreduksjon etter sektorstorleik, i tillegg til at sektoren sjølv må dekke eventuelle meirkostnadar frå inneverande år.

For inneverande budsjettår er det antyda meirkostnadar opp mot 40 -50 millionar kr , dette er i hovudsak knytt til meirforbruk på læringstilskot, vg3 i skule og ordninga fagbrev på jobb. Det har vore ei auke i tal på lærekontraktar som gjer til at vi har ei underbudsjettering på dette området.

Det har vore ei politisk målsetjing at fleire elevar skal velje yrkesfag og fullføre med fagbrev. Hovudutval for opplæring meiner difor at dette må sjåast på som eit positivt overforbruk og at det er urimeleg at ei høgare måloppnåing på dette området skal gå utover andre områder og føre til auka innsparingskrav dei kommande åra.

Utvalet viser til at 80 prosent av budsjettet innanfor sektoren tilhøyrer løyvingnivået opplæring i skule, herunder classesaka som kvart år fører til stort engasjement i alle delar av fylket. Det er viktig at rammene er store nok til å oppretthalde god bredde i tilbodet ,sikre god rekruttering til fag og yrkesopplæringa og at elevane får oppfylt retten til vidaregåande opplæring. Det må vere eit mål at så mange elevar som mogleg får innfridd førstevelet sitt for å sikre god gjennomføring og at vi har ei opplæring med høg kvalitet.

Å kutta så drastisk på opplæringssektoren vil gå utover kvaliteten, noko som ikkje er berekraftig på sikt.

Hovudutval for opplæring viser til det pågåande arbeidet med mål og strategidokumentet:

Det skal utarbeidast mål og strategiar som syner ei utvikling av vidaregåande opplæring, og som gir ungdom og vaksne både i sentrumsområda og i distrikta eit likeverdig opplæringstilbod.

Arbeidet skal vere erfarings- og forskingsbasert, forankra i overordna styringsdokument, regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland. Mål og strategidokumentet skal setje ei tydeleg retning og omfatte strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa.»

Forslaget vart trekt.

Karianne Torvanger, A, sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Torvanger sitt forslag vart vedteke mot røystene til FrP, H og FNB.

Vedtak

Saka vart vedteke utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

Saksprotokoll 14.05.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek sak til orientering.»

Avrøysting

Ljosland (KrF) sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon tek sak til orientering.

Referatsaker

RS 22/20 Orientering om problemstilling innan alternativ fôr til oppdrettsnæringa

Saknr: 2020/50013-1
Saksbehandlar Trond Olav Wahl
Dato: 04.06.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektøren for næring og innovasjon

Orientering om problemstilling innan alternativ fôr til oppdrettsnæringa

Bakgrunn

Det vert vist til møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 16.04.2020. I samband med handsaming av Marin tiltaksplan 2020 vart det vedteke eit pkt. 7; *«I det å gjere oppdrettsnæringa meir berekraftig, spelar fôr ei viktig rolle. Dagens fôring med importert soya byr på betydelege miljøutfordringar. Det er derfor viktig å tenke på nye måtar å gjere dette på, her ligg det òg betydelege moglegheiter for norsk næringsliv i forhold til ein global marknad. Hovudutvalet ber administrasjonen om ei forklaring på eit seinare møte om korleis ein arbeider med å sjå på alternative fôringskjelder og status for dette arbeidet per no.»*

Marin gruppe har arbeidd med dei aktuelle problemstillingane, og dette notatet er tenkt som ei avmelding så langt. Oppdrettslaksen et tørrfôr i form av pellets. Rundt 70 % av foret består av vegetabiliske ingrediensar, medan 30% kjem frå marine råvarar som fiskemjøl og fiskeolje. Fiskeolje 11% (fett frå fisk og fiskedelar), vegetabilisk protein og karbohydrat 50 % (soya, solsikke, raps, mais, fababønner og kveitemjøl), vegetabilisk olje 19 %, fiskemjøl 17 % (fiskehovud og avskjer), fiskeprotein-konsentrat (avskjer frå konsumfiskindustrien), 1% og anna 3% (Kjelde; LAKSEFAKTA).

Det meste av produksjonskjeda ligg under nasjonal kontroll, men samtidig er næringa heilt avhengig av å importere det meste av råstoffet til fôr (soya, raps, fiskeolje). På same måte vert det også importert store mengder råstoff til kraftfôr for norske husdyr.

Alternative fôr kjelder

Det er mangel på proteinkjelder av høg kvalitet. I fiskemjøl i norsk oppdrett vert det brukt omlag 300 000 tonn soyaprotein. Soyaråstoffet har fortrinn fordi det er relativt rimeleg, er lett å fordøye og har gode tekniske eigenskapar i fôrproduksjon.

Det har lenge vore eit påtrykk om å utvikle alternativt råstoff til oppdrettsnæringa. Regjeringa sin forventning til næringa om ein berekraftig vekst på 2-3 gonger over dei neste tiåra, er heilt avhengig av at det vert teke i bruk nytt råstoff som ikkje belastar miljøet, reduserer biodiversiteten eller reduserer bruken av ressursar som kan brukast direkte til mat.

Nye råstoff kan hentast ved hausting på lågare trofisk nivå i næringskjeda (t.d. krill) og frå produksjon av organismar med protein av rett kvalitet; mellom anna larvar og ein-cella organismar som mikroalgar, gjær og bakteriar. Det vert også gjort forsøk med dyrking av tunikat (sekkedyr), blåskjel og tare langs kysten, og mange av verksemdene er i Vestland. For å kunne nytte sjøareal til denne type produksjon er det avgjerande at kommunale arealplanar i sjø legg til rette for dette.

Til dømes har Lerøy jobba med å nytte børstemakk som et avfall under oppdrettmerdane. Insektslarvar kan produserast uavhengig av lokalisering og det er allereie blitt til ein liten industri i Europa. Verksemda Invertapro AS på Voss nyttar hushaldsavfall til å produsere

insektlarvar. Det er utfordringar med prosessering av foret som gjeld både kostnader, konsistens og smakelegheit.

Andre initiativ ønskjer å utvinne ubrukte ressursar som mesopelagisk fisk og dyreplankton. Dette krev forståing av kor mykje som kan haustast utan å skape økologisk ubalanse.

Det er og initiativ der ein produserer ein-celle-organismar i «fabrikker» (som mikroalgar, bakteriar og gjær) Dersom ein slik teknologi blir billig nok, kan dette bli ein måte å lage høgverdige protein på (og fett frå mikroalgar) som kan kome til nytte i heile verda. Då kan ein selje teknologien, og ikkje «berre» produktet. I dag er det verksemd (i utlandet) som lager nokre slike produkt og som jobbar med å få innpass i norsk oppdrett. Overgangen frå pilot-anlegg til fullskala anlegg er krevjande og mellom anna å skaffe investorar med langsiktige mål og høg risikovilje.

Aktivitet i Vestland innan alternative foringrediensar

Forskingsinstitusjonen NORCE har i mange år satsa på å bruke CO₂ til intensiv produksjon av råstoff i pilotskala, og står no føre eit gjennombrøt i å utløyse potensialet som ligger i å bruke CO₂. Det er etablert to forskingssenter; Nasjonal algepilot Mongstad som har produsert fleire tonn omega-3 rike marine mikroalgar som veks på CO₂ ved fotosyntese - og Nasjonalt senter for fermentering i Risavika i Rogaland der det vert produsert proteinrike mikroorganismar på CO₂ i ståltankar med næringsaktørar som pådrivarar. Med dette koplast nye bioteknologiske framsteg med karbonfangst og bruk og sirkulær økonomi til eit nytt CO₂-basert råstoff som produserst lokalt utan å gå omvegen via landbruk, transport og import. Dette kan bidra til å redusere karbonavtrykket til norsk oppdrettsnæring, men også danne grunnlag for oppskalering i Norge der både innsatsfaktorane, prosesskompetansen og marknaden er plassert. Desse satsingane er i samarbeid med Nofima, SINTEF Industry, NMBU og NIBIO.

Ved førteknologisenteret til NOFIMA i Bergen vert det drive FoU-aktivitet innan teknologi, prosessering, verdikjedetenking, og framtidens ingrediensar og fiskefor og har eit breitt samarbeid nasjonalt og internasjonalt. UiB og NORCE er viktige samarbeidspartnarar.

Fylkeskommunen støttar utviklingsprosjekt og forskning med regionale utviklingsmidlar, Regionalt forskingsfond Vestland (RFFV) og til innovative bedrifter via Innovasjon Norge. Døme på er støtte til etablering av algepiloten CO₂ BIO, AlgeFISK, Invertapro AS, Norsk Tang AS. UiB og Vestlandsforskning har hatt forskingsaktivitet på sekkedyr til proteinkjelde støtta av NFR. Lerøy har sett på moglegheita med å nytte blåskjel og børstemakk som proteinkjelder. FjordAlg vil bruke fornybare ressursar for å dyrke mikroalgar som blir raude, dei vil bruke desse i laksefôr for pigmentering. Dei forskar og på bruk av algar som fôr til krepsdyr som igjen vert brukt som fôr til marine fiskar. FjordAlg ønskjer å starte ei algefabrikk i Årdal.

MMR Ocean Blue i Måløy jobbar i dag med kundegrunnlaget for ekstruderingsline med mål om investeringsavgjerd i løpet av hausten 2020. Resultatet vil bli ein spesialekstrudar for bruk til marine råvarer. Dette opnar for mange moglegheiter for utvikling av fôrapplikasjonar. Fylkeskommunen har støtta dette prosjektet, jf vedtak i dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nordfjord forsøksstasjon arbeider også aktivt med fôrforsøk.

Det er også nytta mobiliseringsmidlar frå FORREGION for å motivere mellom anna tareverksemder til forskingsbasert innovasjon. Mobiliseringsverktøyet FORREGION med kompetansemeklarar kan med fordel nyttast ennå meir målretta for å få opp forskning på dette feltet, det same gjeld Regionalt Forskingsfond. Fylkeskommunen har god kontakt med FoU-miljøa i Vestland mellom anna NORCE, UiB, Vestlandsforskning og NOFIMA. Det vert no mogleg for FoU miljøa og hente støtte frå Regionalt forskingsfond, noko som gjev godt høve for finansiering av regionale prosjekt innan nye ingrediensar til fiskefôr. Det er vidare relevant å støtte utviklingsprosjekt gjennom Handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling i Vestland; innsatsområda Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon og naturressursar.

Saksnr: 2020/50967-2
Saksbehandlar: Kristin Arnestad
Dato: 19.05.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Orientering - Kystskogmidlar 2020

Om innhaldet i denne orienteringa

Fylkeskommunen er medlem i Kystskogbruket, eit samarbeid som jobbar for at potensialet i skognæringa langs kysten skal realiserast. I 2020 har fylka som er medlem i Kystskogbruket fått ei ny oppgåve gjennom regionreforma. Det er sett av til saman 6 mill. kr. til Kystskogbruket, såkalla Kystskogmidlar. Vestland har fått 1,38 mill. kr. Fylkeskommunane skal samordne seg slik at midlane, etter søknad, i all hovudsak blir brukt til næringsretta fylkesoverbyggjande prosjekt. I samband med sak om handlingsplan for landbruk i februar i år gjorde hovudutvalet følgjande vedtak:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring.

I denne saka orienterer vi kort om Kystskogbruket, og ordninga med Kystskogmidlar. Vi ynskjer også å kome attende med orienteringar om skog, og næringsutvikling basert på tre ved eit seinare høve.

Kort om Kystskogbruket

Kystskogbruket er ei samarbeidsform og arbeidsmetodikk, der skog- og trenæringa i kystfylka jobbar aktivt saman med fylkespolitisk - og administrativt nivå, med støtte frå faginstansen på landbruksnæring hjå Fylkesmannen. Alle kystfylka frå Finnmark i nord til Agder i sør er med i Kystskogbruket. Målet til Kystskogbruket er å firedoble verdiskapinga gjennom at potensialet i skogbruket langs kysten blir realisert innan 2040.

Kystskogbruket jobbar innan tre område: politikk, næring og forvaltning. Både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har tatt del i, og støtta Kystskogbruket økonomisk i mange år. Erlend Haugen Herstad er Vestland sin representant i Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram. I tillegg møter fylkeskommunen med administrativ representant, og fylkesmannen deltek i fylkesmannsgruppa. Skognæringsforum Vestland er medlem i Skognæringa Kyst.

Kystskogbruksmeldinga er det felles strategidokumentet for medlemsfylka, og meldinga er politisk handsama i fylka. Meldinga blei rullert i 2015, og inneverande prosjektperiode går ut 2020. Styringsgruppa for fylkeskommunalt oppfølgingsprogram har gjort vedtak om at det er ynskjeleg med ei rullering av meldinga i løpet av 2020. Dette er ei sak vi vil kome attende til.

Meir informasjon om Kystskogbruket her: <https://kystskogbruket.no/>

Ordninga med Kystskogmidlar

Kystskogmidlane har dei seinare åra blitt forvalta av Landbruksdirektoratet, med bakgrunn i eit budsjett som er drøfta med eit felles fylkesmannsfora. I 2020 er det samla sett av 6 mill. kr. til Kystskogbruket over Jordbruksavtalen, Landbrukets utviklingsfond, kapittel 1150, post 50. Det er følgjande fordeling mellom fylka:

Fylkeskommune	Kystskogmidlar
Agder	Kr 180 000
Møre og Romsdal	Kr 720 000
Nordland	Kr 720 000
Rogaland	Kr 480 000
Troms og Finnmark	Kr 720 000
Trøndelag	Kr 1 800 000
Vestland	Kr 1 380 000
Samlet løyving	Kr 6 000 000

I følge oppdragsbrevet til fylkeskommunane frå Landbruks- og matdepartementet i 2020, skal fylkeskommunane samordne seg slik at midlane, etter søknad, i all hovudsak blir brukt til næringsretta fylkesoverbyggjande prosjekt. Ved tildeling av midlane skal fylkeskommunane legge vekt på å bygge vidare på det arbeidet som er gjort i Kystskogbruket. Midlane kan ikkje nyttast til prosjekt i regi av fylkeskommunen. Det var lite informasjon om ordninga i oppdragsbrevet frå departementet, og det var heller ikkje informert om ordninga før overtaking av ansvaret, og ein kom difor litt seint i gang.

I praksis har midlane tidlegare blitt tildelt Skognæringa Kyst som er «næringsdelen» i Kystskogbruket. Skognæringa Kyst er eit samvirkeføretak, som skal arbeide for å synleggjere og løyse næringspolitiske spørsmål som er felles for næringsaktørar frå hele verdikjeda i kystskogfylka.

Administrasjonen i alle fylkeskommunane i Kystskogbruket har drøfta ordninga, og laga felles retningsliner og praksis for handsaming for ordninga. Sidan vi no er langt ut på året, og det har vore ein tydeleg praksis frå føregåande år har vi lagt vekt på ei mest mogleg effektiv handsaming. Fylka har drøfta søknaden og vil overføre sine midlar Trøndelag fylkeskommune som skriv eit felles tilskotsbrev på vegne av fylka, og handterer utbetaling og rapportering.

Tildeling til Skognæringa Kyst i 2020

Skognæringa Kyst har hatt ein aktiv innsats opp mot avtalepartane i Jordbruksforhandlingane, noko som truleg har vore avgjerande for at det har blitt sett av midlar.

Administrasjonen i fylka har vurdert søknaden, og er einige om ei felles innstilling. Nokon, som Vestland har administrativ fullmakt, andre tek saka til politisk handsaming. Fylkesrådmannen tildeler Vestland si ramme på 1 380 000 kr. til søknaden frå Skognæringa Kyst, dette skal gå saman med til saman 6 000 000 kr. frå alle fylka i Kystskogbruket i eit felles tilskot. Arbeidet er i stor grad pågåande, og det skjer mykje godt arbeid, mellom anna knytt til infrastruktur. Her kan vi mellom anna nemne Kvamen Tømmerkai i Fjaler som blei opna i mars, her har Kystskogbruket jobba godt fram mot realisering av prosjektet.

Midlane til Skognæringa Kyst i 2020 skal nyttast slik:

	Beløp
1. <u>Infrastrukturprogrammet</u> (oppfølging) Kystskogbrukssamarbeidet har sidan oppstarten prioritert arbeidet med å betre infrastrukturen i skogbruket, sidan 2009 med engasjert prosjektleiar.	1 200 000

	Ein hovudaktivitet i 2020 vil være å realisere ei satsing retta mot flaskehalsar på kommunevegnettet, finansiert med statlege midlar etter modell frå satsinga på tømmerkaier (jf. tema 7. FoU).	
2.	<u>Omdømmebygging og nettverksarbeid (oppfølging)</u> Skogen si rolle for å kunne nå klimamåla blir stadig viktigare. Gjennom Kystskogbruket er arbeidet målretta med å kommunisere dette ut til storsamfunnet. Det same gjelder skognæringa sine moglegheiter og potensial for verdiskaping i samband med en grøn omstilling av norsk økonomi.	700 000
3.	<u>FoU, Innovasjon og trebruk (oppfølging)</u> Skogbruket er ei viktig næring i utviklinga av bioøkonomien og i omstillinga til et grønare samfunn. Det er et stort potensial knytt til nye bruksområde av skogråstoffet, utvikla gjennom innovasjon og FoU med klimaet som drivande kraft.	1 000 000
4.	<u>Skog og klima, klimaskog (oppfølging)</u> Skogen er ein verdifull ressurs som gir verdiskaping gjennom foredling av trevirke, og som råstoff for ei rekke klima- og miljøvenlege produkt. Den gir eit positivt klimabidrag gjennom opptak av CO2 gjennom fotosyntesen, og lagring av karbon i biomasse, jordsmonn og treprodukt. I tillegg bidrar produkt av tre til å redusere bruken av energi og material med større klimabelastning.	1 200 000
5.	<u>Oppfølging av Kystskogmeldinga (oppfølging)</u> <i>Melding om Kystskogbruket 2015</i> er fundamentet for trepartssamarbeidet. Skognæringa Kyst har med utgangspunkt i meldinga, som eit grunnlag for prioritering av arbeid og oppgåver, utarbeida eit strategidokument for perioden 2017 - 2021. Hovudfokus i 2020 vil framleis vere oppfølging av strategiplanen gjennom konkretisering og forankring av tiltak.	200 000
6.	<u>Fellestiltak i regi av fylkesmanns- gruppa</u> <i>Hogsttidspunkt - Konsekvenser for skogeiers økonomi og skogens klimaeffekt</i> - Utvikling av eit verktøy og informasjon (retteleiar) som skal gje skogeigar betre føresetnader for å vurdere tiltak i eigen skog. Dette for å sikre best mogleg økonomisk resultat, samt auke kunnskap og interesse for aktiv forvaltning av eiendommene.	500 000
7.	<u>FoU, nye prosjekter som skal realiserast i 2020</u> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Betre infrastruktur i vanskeleg terreng (forprosjekt)</i> <ul style="list-style-type: none"> - Identifisere utfordringar og konkretisere tiltak for auka aktivitet i vanskeleg terreng (kr 300 000) • <i>Kartlegging av kommunale flaskehalsar som er viktig for tømmertransporten</i> <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeiding av ei analyse av kommunevegnettet i samtlege kystskogfylker. Denne vil være et sentralt reiskap for å kunne gjennomføre tiltak med statlege midlar på line med tidlegare arbeid med tømmerkaier (kr 700 000) 	1 200 000
	Totalt	6 000 000

Kystskogbruket og kystskogmidlar i tida framover

Ordninga i 2020 blei spesiell, sidan ein overtok ein etablert praksis frå Landbruksdirektoratet og mykje av arbeidet det blir søkt støtte til, allereie er i gang. Den administrative gruppa som har jobba med dette har difor sagt at ein vil sjå på ordninga igjen hausten 2020, for å sjå om det er ynskjeleg med justeringar i god tid før arbeidet startar i 2021.

Erfaringane med Kystskogbruket viser at samarbeidet har bidratt til resultat utover det fylka kunne oppnådd ved å stå kvar for seg. Dette blir synleggjort mellom anna ved at det blir sett av statlege kystskogmidlar og at det er blitt realisert fleire større infrastruktursatsingar, mellom anna knytt til tømmerkaier.

Kystskogmidlane er viktige for næringa, og det bør jobbast aktivt for at ordninga blir vidareført. Dette kan mellom anna gjerast gjennom fylkeskommunen sitt innspel til jordbruksforhandlingane.

For Vestland sin del bør vi jobbe meir med å trekke det arbeidet og erfaringane i Kystskogbruket ned på eit regionalt nivå i Vestland, slik at næringa i Vestland får enno betre nytte av arbeidet i det nasjonale samarbeidet. I løpet av 2020 startar truleg arbeidet med ei rullering av Kystskogmeldinga.

Saksnr: 2020/50857-1
Saksbehandlar Trond Olav Wahl
Dato: 04.06.2020

Til: Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næring

Orientering om regjeringa sitt framlegg om langsiktige og stabile inntekter frå havbruksnæringa i revidert nasjonalbudsjett

Vi syner til møte i hovudutvalet 14.mai der administrasjonen vart bedne om å følge opp denne problemstillinga. Fylkeskommunen har tidlegare uttalt seg om grunnrente og produksjonsavgift, gjennom sak i hovudutval og fylkesutval. Så dette notatet gjeld ikkje korleis midlane kjem inn frå næringa til det offentlege, men korleis dei innkomne midlane vert fordelte mellom stat og kommunar/fylkeskommunar.

Regjeringa føreslår i revidert statsbudsjettet for 2020 at det ikkje vert innført ein overskotsbasert grunnrenteskatt i havbruksnæringa. I staden vil dei innføre ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeaure. Inntektene frå avgifta vert fordelt til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Produksjonsavgifta er foreslått til 40 øre per kilo produsert fisk. Det vil gje ei årleg innbetaling på om lag 500 millionar til kommunar og fylkeskommunar, og vil vere ei stabil inntekt. Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyver. Frå havbruksfondet vart innført har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent av midlane. No føreslår regjeringa å endre dette til staten får 75 prosent og 25 prosent skal fordelast til kommunar og fylkeskommunar.

Frå framlegget til revidert nasjonalbudsjett:

- *«Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2021 foreslå å innføre en produksjonsavgift på 40 øre per kg produsert laks, ørret og regnbueørret. Provenyet anslås til om lag 500 millioner kroner. Avgiften vil innføres med virkning fra 1. januar 2021 og innbetales som en etterskuddspliktig skatt i 2022. Avgiften utbetales til havbrukskommunene og -fylkeskommunene i 2022. Produksjonsavgiften vil gå inn i Havbruksfondet og fordeles etter fordelingsnøkklene som til enhver tid gjelder i fondet.*
- *Havbrukskommunene har siden 2017 fått en andel av inntektene ved salg av nye tillatelser og økt kapasitet i eksisterende tillatelser gjennom Havbruksfondet.*
- *Produksjonsavgiften vil omfatte også produksjon fra tidligere tillatelser som er tildelt gratis eller til lav pris.*
- *Havbrukskommunene og -fylkeskommunene tilføres én mrd. kroner i hvert av årene 2020 og 2021 gjennom Havbruksfondet.*

- *Av salgs- og auksjonsinntekter fra økt kapasitet og nye tillatelser fra og med 2022 tilfaller 75 prosent staten og 25 prosent kommuner og fylkeskommuner.*
- *Det foreslås ingen overskuddsbasert grunnrenteskatt.»*

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har følgd opp denne saka og samrådd oss med andre fylkeskommunar. På grunnlag av dette vart det sendt eit brev til finanskomiteen på Stortinget, innan fristen som var 15.mai kl 12. I vedlagde brev av 15.mai ber Vestland fylkeskommune finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett. Dvs at vi er imot ei omfordeling der kommunar og fylkeskommunar sin andel vert redusert frå 80 % til 25 % av inntekter i samband med auka kapasitet og nye løyve.

Vår referanse	2020/51210-1
Dato	15.05.2020
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632

Stortinget
Finanskomiteen
finans@stortinget.no

Havbruksfondet - Framlegg om endring av fordeling av inntektene i revidert nasjonalbudsjett 2020

Vestland fylkeskommune ber finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett.

I Regjeringa sitt forslag til revidert statsbudsjettet for 2020 skal det innførast ei produksjonsavgift på laks, aure og regnbogeaure. Inntektene frå avgifta skal fordelast til havbrukskommunane og fylkeskommunane. Produksjonsavgifta er foreslått til 40 øre per kilo produsert fisk er. Det vil gje ei årleg innbetaling på om lag 500 millionar til kommunar og fylkeskommunar, og vere ei stabil inntekt.

Samstundes er det forslag om å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyver. Frå 2017 har midlane vore fordelt etter ein fordelingsnøkkel der kommunar og fylkeskommunar har fått tildelt 80 prosent og staten 20 prosent av midlane. No føreslår regjeringa å endre fordelingsnøkkelen slik at 75 prosent skal gå til staten og 25 prosent til kommunar og fylkeskommunar.

Dette meiner Vestland fylkeskommune er å ta ressursar frå distriktskommunar som legg ned arbeid i tilrettelegging for akvakultur for å sikre vekst i ei næring som bidrar med store verdiar til nasjonen. Det er ikkje rett å om fordele desse midlane frå kommunane til staten i ei tid der det er særst viktig at kommunane legg godt til rette for ei berekraftig havbruksnæring. Kommunane si fremste oppgåve er å legge til rette for egna areal for produksjon. Kostnadane med planlegging er aukande på grunn av krav til utgreiingar.

Vestland fylkeskommune ber finanskomiteen om ikkje å endre fordelinga av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve slik framlegget er i revidert nasjonalbudsjett.

Vi har av omsyn til tid ikkje hatt ei formell politisk handsaming. Men hovudutvalet for næring hadde møte 14.05.2020, og bad administrasjonen om å følgje opp saka.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saknr: 2020/47282-2
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	25/20	04.06.2020

Status for breibandsatsinga i Vestland fylke pr. juni 2020

Forslag til vedtak

1. . Utval for næring, naturressursar og innovasjon tek saka om «Breibandsatsing i Vestland fylke 2020» vert teken til orientering

Samandrag

Føremålet med saka er å gje ei kort oppdatering på arbeidet med breibandutbygging, og ny tilskotsordning for 2020.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Forvaltninga av tilskotsordninga til utbygging av breiband er overført til fylkeskommunane frå 2020. I den samanheng har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) øyremerkt ei nasjonale ramma på 406 mill. kroner. Vestland fylkeskommune sin del av dette er 32,52 mill. kroner (8 %). Den nasjonale ramma er rekordhøg på grunn av ei ekstra koronaløyving. I 2019 var den nasjonale ramma på 250 mill. kr. Vestland fekk 20,73 mill. kr. (8,2%). Dette var delt mellom vel 9,9 mill. kr. til Sogn og Fjordane og vel 10,79 mill. kr. til Hordaland. Sogn og Fjordane nytta totalt 24,55 i eigne midlar til 2019-prosjekta. I 2020 er det høve til å nytte inntil 5% av ramma, men avgrensa opp til maksimalt 1 mill. kr. til administrasjon av ordninga. Dette er nytt frå tidelegare.


Denne saka presenterer status både for arbeidet med tilskotsmidlane dei to fylka fekk tildelt i 2019, og arbeidet som skal gjerast med løyvinga i 2020

Dekningstala

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) presenterer ei årleg dekningsundersøking, vanlegvis i september. Kartet under viser dekninga i 2019 basert på prosentdel husstandar med tilbod om 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet per fylke.

Utarbeidet for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

September 2019



Dekningsundersøkingane tek ikkje opp i seg prosjekt under arbeid, eller prosjekt som er finansiert opp. Vestland har mykje under bygging og planlegging, særleg i nordfylket.

Vestland har utvikla eigen GIS-kartløyving basert på dekninga 2019. Her er også utbygde- og prosjekterte område lagt inn. Det er no rigga tekniske løysingar som gjer kommunane som søker om midlar i stand til å plote inn områda som skal byggjast ut direkte i kartløyvinga som viser breibanddekning på 30 mbit/s. https://www.fylkesatlas.no/breiband_vlfk

Generelt står det att område som er dyrast å bygge ut, eller der kommunane har teke lite initiativ.

Konkurranse for 2019-tilskota

Frå 2019 fekk fylkeskommunane ansvar for å lyse ut ein felles konkurranse for alle prosjekta som fekk støtte frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom). Dei to fylka bestemte seg for å starta samarbeidet på breiband-området før Vestland fylkeskommune vart etablert. Det var vore mykje jobb med utforming av konkurransedokument, då det er første gongen vi har gjennomført ei felles utlysing. Kommunane har også vore sterkt involvert, mellom anna gjennom ein to dagers dialogkonferanse i slutten av januar. Her inviterte vi også inn leverandørane eine dagen.

Vestland fylkeskommune har lyst ut første pulje på vegne av 7 kommunar, fordelt på 14 prosjekt. Anskaffinga har ein anslått verdi på omlag 84 mill. kroner. Endeleg tilbudsfrist var sett til 18. mai, og det vert forhandlingar med leverandørane dei to første vekene i juni. Kommunane blir kontraktspart, medan fylkeskommunen utformar konkurransedokument og bistår kommunane i forhandlingar med meir. Frå tilbudsfrist og om lag ein måned fram har både vi og kommunane eit intensivt arbeid føre oss med gjennomgang av tilbud og forhandlingar.

Vi jobbar også med pulje to, som vi tenkjer å lyse før ferien. Vi har 9 kommunar, med til saman 12 prosjekt att. Bakgrunnen for at prosjekta er lyst ut i to puljar, er at kommunane er ulikt komen når det gjeld prosjekteringa av breibands-utbygginga. Under er ei oversikt over prosjekta som er ute på anbod. Oversikta viser prosjekt knytt til kommunen som søkte. Nokre få prosjekt er slått saman i etterkant.

Breibandutbygging Vestland 2019 - oversikt over delprosjekta i tilbudsgrunnlaget

<i>Kommunar Hordaland</i>	<i>Søknadssum</i>	<i>Samla kostnad</i>
1. Stord	1 816 000	5 450 000
2. Osterøy	2 000 000	2 200 000
3. Lindås	2 700 000	4 560 000
4. Meland	1 300 000	3 518 000
5. Os	629 422	1 300 000
6. Jondal	1 000 000	2 900 000
7. Samnanger	900 000	4 030 000
Totalt	11 145 422	40 558 000

<i>Kommunar Sogn og Fjordane</i>	<i>Søknadssum</i>	<i>Samla kostnad</i>
1. Fjaler	2 500 000	8 000 000
2. Luster	2 000 000	6 500 000
3. Gaular	580 000	1 739 000
4. Aurland	150 000	590 000
5. Årdal	380 000	1 474 730
6. Bremanger	1 050 000	3 500 000
7. Førde	1 500 000	3 131 000
8. Selje	1 800 000	4 660 000
9. Gulen	910 000	3 107 500
10. Eid	672 000	2 150 000
11. Aurland	300 000	1 230 000
12. Bremanger	5 400 000	18 000 000
13. Aurland	450 000	1 035 000
14. Naustdal	2 180 000	7 000 000
15. Selje	1 200 000	3 200 000
16. Eid	810 000	1 950 000
17. Gulen	2 125 000	7 629 000
18. Eid	262 000	808 000
19. Bremanger	855 000	2 850 000
20. Askvoll	2 214 000	7 700 000
21. Gulen	6 400 000	12 490 000
22. Jølster	750 000	2 000 000
Totalt	34 473 000	100 734 000

Tilskotsordninga i 2020

Den nasjonale ramma er på 406 mill. kr. og Vestland har fått 32,52 mill. kr. frå KMD (8 %). Vi registrerer at sjølv om det er lagt inn ei distriktsveking i 2020, så er vi relativt sett ikkje kome betre ut av det enn i 2019, då Sogn og Fjordane fekk ein stor nedgang i ramme samanlikna med tidlegare år. Nkom har i samarbeid med KMD fastsett ein fordelingsnøkkel for breibandmidlane for 2020 basert på deknings situasjonen i fylka. Fylka som har flest innbyggjarar i spreiddbygde strøk utan tilbod om høghastigheitsbreiband får relativt sett størst del av potten. Under er det link til meir detaljar om fylkesfordelinga:

<https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/rekordstor-støtte-til-utbygging-av-breiband>

Nytt er det også at midlane blir tildelt direkte til fylkeskommunen. Tidlegare fekk vi tildelt ei ramme, der innstilte prosjekt skulle godkjennast av Nkom før tildeling. Det er framleis detaljerte retningslinjer for ordninga.

Vi har hatt dialog mot kommunane, og dei er bedt om å melda inn nye prosjekt i 2020. Arbeidet i 2020 er noko forseinka i høve til det vi hadde planlagt. Hovudgrunnen til dette er at fordeling av midlar og oppdragsbrevet frå KMD ikkje var klar før 7. april. I oppdragsbrevet er mykje likt slik slik retningslinjene frå Nkom var i 2019, men vi merkar oss særleg nokre endringar:

- Fylkeskommunane sine vedtak om kva prosjekt som skal få støtte skal sendast Nkom innan fem månader etter at KMD har vedteke ramma. Det betyr at ein har tid til 7. september, med utlysing, prioritering av prosjekt og politisk handsaming.
- Tidlegare har Nkom meldt inn alle tilskot i landet til ESA. I år har fylkeskommunane eit eige ansvar for at tildelinga skjer i tråd med innkjøpsregelverk og statsstøtteregelverk. Vi må sende inn ei gruppeunnataksmelding, og dette bør gjerast før tildeling av midlar. Det er utforma ein nasjonal mal for dette arbeidet.
- Vi kan støtte prosjekt i områder som manglar breiband med 30 Mbit/s eller høgare (kvite NGA område). Utbygginga skal gje tilbod om breiband med minst 30 Mbit/s nedlastingshastigheit og 5 Mbit/s oppstraums hastigheit. I 2019 skulle minst 80% av midlane som er avsett skal nyttast til utbygging av breiband i område med dekning under 10 Mbit/s, under føresetnad av at det er nok slike område att i fylket. Dette oppfylte få fylke.

Frå prosessen i 2019 har vi gjort oss nokre erfaringar. Vi ser at vi med fordel kan vere tydelegare på kva vi vil krevje i konkurranseutsetjinga på eit tidlegare tidspunkt, og legge eit godt grunnlag for ein vellukka konkurranse. Dette går mellom anna på kart og adresselister. Det kan med fordel gjerast eit betre kartleggings- og mobiliseringsarbeid i førekant av utlysinga.

Det vert lagt opp til ei politisk handsaming og prioritering av prosjekt ved tildeling av midlar. Neste møte i hovudutvalet den 16. september er etter fristen. Vi har difor bedt om utsett frist. Når tildelinga er gjort, vil fylkeskommunen koordinere ei felles konkurranseutlysing.

Vedtakskompetanse

Utval for næring, naturressursar og innovasjon har heimel til å gjera vedtak og prioriteringar på dette området.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane til breiband er øyremerkt

Klima: Betre digital infrastruktur kan bidra til mindre utslepp og betre klima.

Folkehelse: Betre digital infrastruktur gjev fleire moglegheiter til å delta i verdiskaping

Regional planstrategi: Bidrar til fysisk og digital infrastruktur, sikrar mobilitet og digitale tenester.

Konklusjon

I samband med handsaminga av PS 14/2019 Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 i fylkestinget 17. Desember 2019 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt:

God tilgang til høghastighets-breiband og 100% mobildekking er påkravd infrastruktur for busetnad og næringsliv. Fylkestinget ber om ei sak med oversikt over kva stader som ikkje har fått god breibands- og mobildekking, og ein plan for korleis vi kan få det til.

Fylkesrådmannen ser at dette må jobbast med parallelt med utlysinga for 2020, og må bli ein strategi frå 2021 og framover eller ein del av regional plan. Her er det naturleg å ta utgangspunkt i dekningsundersøkinga for breiband som kjem i september 2020, samt erfaringane som er gjort med anbod og søknadsrundar i 2020.

Skriftlege spørsmål

SI 5/20 Spørsmål frå Mark Taylor -MDG - endringer i forskriftene for regulering av fiske etter makrellstørje

Skriftlege spørsmål om endringar i forskriftene for regulering av fiske etter makrellstørje

I orienteringa på utvalsmøtet 14. mai, var det varsla at administrasjonen førebur ei politisk sak om ei stor offentlig marin satsing med innspel frå fylkeskommunen på lover og forskrifter som bør endrast nasjonalt.

I tråd med Vestland sin tiltaksplan 2020 for marin sektor, der det står at fylkeskommunen vil «gjere ein forskjell for å bidra til ei lønsam og berekraftig marin næring» og mål 4 i høyringsutkastet til "Utviklingsplan for Vestland 2020-2024", «Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping», vil Dei Grøne føreslå at ei strukturell endring i dei årlege kvotetildelingane frå Fiskeridirektoratet vil hjelpe fylket oppnå måla sine om ei meir berekraftig verdiskaping og om nye arbeidsplassar som styrkjer busetnaden i distrikta.

I reguleringa av fiske etter makrellstørje, bør ein vurdere å bruke kvotesystemet som incentiv til å skape ein heilt ny industri. Dette kan optimalisere verdiane av den avgrensa ressursen makrellstørja utgjær.

Om vi tildeler større deler av kvotane til fleire små kommersielle aktørar i mindre fartøy, som kan fange makrellstørja med stang og snøre, kan dette gi ei mykje større verdiskaping. Ikkje berre vil det gjere det enklare å prosessere enkeltfisk - det vil også leggje betre til rette for å oppnå den kvaliteten som forventast for å få dei beste prisane størja kan nå i dei rette marknadane. Ein sikrar ein jamn tilførsel av kvalitetsfisk og lettare kan bygge ein tilpassa logistikk knytt til handtering lokalt og vidaresal.

Kommersielle aktørar i mindre fartøy, registrert i fiskerimanntalet, kan også tilby turistar å vere med på stongfiske, noko som kan gi eit vesentleg bidrag til den lokale reiselivsnæringa. Vi vil då fordele inntening og sysselsetjing langt utover det relativt vesle talet store reiarlag som per i dag hentar ut fortienesta.

I land som USA, ser vi døme på at ein slik forvaltningsmodell fungerer. Her har registrerte fiskarar ein viss kvote, og fanga fisk transporterast fortløpande inn til land kor eit mottaksapparat raskt sender fisken vidare til marknadene. Her er det tilbydd også charterturisme kor dei registrerte fiskarane kan skaffe seg meirinntekter ved å tilby rekreasjonsfiskarane deltaking på fisket.

Høgare prisar på kvalitetsfisk, fanga av fleire jamleg over lengre tid, kan skape nye arbeidsplassar, også i Vestland og langs heile den norske kysten.

Med bakgrunn i dette, ber eg om skriftlege svar til følgjande spørsmåla:

Spørsmål:

Kan administrasjonen utgreie og stadfeste påstandane ovanfor, at ei endring i forskriftene til fiske etter makrellstørje, med ei større tildeling til små kommersielle aktørar i mindre fartøy, vil sysselsetje fleire i både fiskeri, turisme og i lokal foredling og skape betre utnytting og meir verdiskaping frå dei avgrensa ressursane?

Vil fylkesdirektøren tilrå at fylket inkludere i sine innspel om endringar i nasjonale lover og forskrifter, også innspel om endringar i forskriftene for kvotefordelingane for fiske generelt, og særleg når det gjeld kvotane i reguleringa av fiske etter makrellstørje?

Mark Taylor MDG

Politiske saker

PS 41/20 Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Tilskot til prosjekt

Saknr: 2020/49230-1
Saksbehandlar: Inge Døskeland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	41/20	04.06.2020

Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylke. Tilskot til prosjekt

Forslag til vedtak

1. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek framlegg til støtte av 27 prosjekt for tilsegn med løyving kr 16.565.500 som vist i vedlegg 1.
2. Utval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek ramma for HNV 2020 utlysinga med to søknadsfristar. At det i denne utlysinga med frist 15. april vert fordelt kr 16.565.500, og at det i siste utlysing med frist 15. september vert fordelt kr 5.000.000. Dette er kr 65.000 meir enn budsjett for ordninga kr 21.5 mill.

Samandrag

Saka gjeld evaluering av søknader innsendt til første utlysing av prosjektstøtte med søknadsfrist 15. april 2020. Målet med utlysinga er å oppnå resultat og realisering innan innsatsområda i vedteken Handlingsplan for innovasjon og næring 2020 (HNV 2020). Det er utvikla nye arbeidsmåtar og metodikk for å balansere eit rekordstort tal søknader opp mot vedtekne «aktuelle tiltak» i planen. Vidare er det teke omsyn til eiga utlysing for innsatsområde «grøn konkurransekraft», bruk av tverrsektorielle fagpanel for søknadsvurdering og til å oppnå geografisk dekning i heile fylket. Det vert rådd til å gje tilsegn til 27 prosjekt som er vurdert å ha framifrå/svært god/god kvalitet. Total tilskotssum er kr 16.565.000. Heile ordninga for 2020 er budsjettert med kr 21.5 mill. Det er uvanleg mange gode søknader som dessverre er vurdert som avslag grunna stor interesse for ordninga i høve til budsjett.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tabell alle søknader tilrådd tilsegn
- 2 Tabell alle søknader tilrådd avslag
- 3 Tabell alle søknader gitt administrativt avslag
- 4 Tabell alle søknader flytta til annan finansieringsordning

Lenker:

5 [«Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 \(HNV 2020\)»](#)

6: [«Retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling»](#)

7: [Utlysing HNV 2020](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Utlysinga

Vestland fylkeskommune lyste 12.03.2020 ut midlar til innovasjon og næringsutvikling. Søknadsfrist var 15. april. Utlysinga var retta mot delfinansiering av prosjekt for regional utvikling i Vestland. Målet er å oppnå gjennomføring og resultat innan dei strategiske innsatsområda som er vedteke i «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» (HNV 2020 - vedlegg 5).

Desse innsatsområda er;

- Omstilling
- Entreprenørskap og nyskaping
- Kompetanse og karriere
- Berekraftige byar og samfunn
- Naturressursar
- Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon (eigen utlysing og eigne vurderingskriterier)
- Forsking for styrka innovasjonsevne (hovudsakleg gjennom eigne støtteordningar

I 2020 er det sett av 21,5 mill. kr. til gjennomføring av handlingsplanen. I utgangspunktet var det bestemt at desse midlane skulle fordelast i tre rundar med søknadsfristar 15. april, 15. juni og 15. september. I denne utlysinga med søknadsfrist 15. april vart det sendt inn eit heile 117 søknader med eit samla søknadsbeløp på 156 mill. kr.. Dette er gledeleg, og syner rekordstor interesse for ordninga. For å få sett i gong flest mogleg av dei gode prosjekta i denne runda, er det derfor foreslått å berre ha ei utlysing til, den 15. september. Totalsummen på 21,5 mill. kr. vert fordelt med 16,5 mill. kr for denne utlysinga, og 5 mill. kr. til utlysinga med frist 15. september. Det er grunn til å tru at det kjem færre søknader til siste utlysinga, og at vi med denne fordelingsnøkkelen kan bidra til å få realisert flest gode utviklingsprosjekt.

Ved vurdering av søknader er det lagt vekt på effekten prosjektet vil ha for verdiskaping og sysselsetting i regionen eller fylket, og om prosjektet er nyskapande og framtidsretta. Klimaomsyn og berekraft er grunnleggjande premiss. Prosjekt som tydeleg byggjer opp under FN sine berekraftsmål er løfta fram.

Oversikt søknader

I denne søknadsrunden er det sendt inn i alt 117, med samla søknadssum på 156 mill. kr. Søknadane er med utgangspunkt i utlysinga og handlingsplanen fordelt til dei seks strategiske innsatsområda med tilhøyrande «aktuelle tiltak» i HNV 2020. Innsatsområde «forskning for auka innovasjonsevne» er ikkje vurdert fordi «aktuelle tiltak» for dette innsatsområde er retta mot interne fylkeskommunale aktivitetar og andre finansieringsordningar.

Søknadene er fordelt slik:

Administrative avslag	Kr 90 110 805
Flytta til anna ordning	Kr 2 380 000

Innsatsområde HNV 2020	Søkt kr	Framlegg innvilga kr
Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	17 998 940	6 065 000
Bærekraftige byer og samfunn	6 125 500	4 140 500
Naturressursforvaltning	10 745 000	1 350 000
Kompetanse og karriere	6 576 175	3 460 000

Omstilling	3 230 000	0
Entreprenørskap og nyskaping	18 010 000	1 550 000
SUM	62 685 615	16 565 500

Med heimel i «Retningsliner for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling» pkt. 6 (vedlegg 6) vedteke i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon den 11.03.2020, har fylkesdirektør for innovasjon og næring, høve til å gje administrative avslag dersom prosjektet **ikkje** er innanfor gjeldande retningsliner og prioriterte satsingar. Av dei 117 innkomne søknadane vart 25 vurdert som administrative avslag/«ikkje søkekode» med samla søknadssum kr. 90.110.805. Døme på slike avslagsgrunnar er; søknader i strid med regelverk for offentleg støtte til enkeltverksemdar, driftsstøtte til søkjar, støtte til anlegg og infrastruktur, manglande eigenfinansiering og at fylkeskommunal støtte ikkje har utløysande- eller regional effekt. Vidare er 3 søknader på til saman kr. 2.380.000 flytta til andre meir passande fylkeskommunale søknadsordningar som tiltakspakke Vestland, bedriftsintern opplæring (BIO midlane) og til partnerskapsordninga.

Desse søknadene er vist i Vedlegg 3: Administrative avslag og i Vedlegg 4: Flytta prosjekt

Søknadsvurdering, gjennomføring og metode

Av fleire årsaker vart det i denne søknadsrunden naudsynt å utvikle ny metodikk og verktøy. Nye element i søknadshandsaminga har vore;

- Rekordstort tal søknader
- Fast søknadsfrist, ikkje løypande handsaming
- Nytt fylke med ulike rutinar for utlysing og søknadsvurdering
- Politisk vedteken handlingsplan med spesifikke strategiske innsatsområde med tilhøyrande «aktuelle tiltak» som vurderingskriterium
- Tildeling av prosjektmidlane ved politisk vedtak i Hovudutval for næring
- Nye politisk vedteke retningsliner for verkemiddelbruk for Innovasjon og næringsutvikling
- Ynskje om fagleg breiare administrativ søknadsvurdering ved bruk av fleire sakshandsamar på tvers av seksjonane (fagpanelvurdering)
- System for meir allmente, sporing og transparens i søknadshandsaminga
- Oppgåva er løyst frå heimekontor

Før fylkessamanslåinga vart det i dei to fylka nytta ulik praksis for søknadshandsaming. I Hordaland vart i hovudsak innkomne søknader handsama fortløpande, tildelt sakshandsamar, og godkjent/avslått administrativt etter delegasjonsfullmakt. I Sogn og Fjordane hadde ein fleire årlege utlysingar med politisk handsaming og i tillegg løypande handsaming av enkelte typar søknader. Fylka hadde vidare ulik bruk av den nasjonale søknadsportalen Regionalforvaltning.no og saks/arkiv systema. I denne søknadsrunden er dette harmonisert.

For å løyse utfordringane vart det etablert eit nytt opplegg for panelvurdering av søknadene etter modell frå Noregs forskingsråd. Det vart oppretta fem fagpanel for å handsame søknader innan dei seks strategiske innsatsområda i HNV 2020. Kvart av desse panela bestod av ein pannelleiar og 4-5 sakshandsamarar frå alle seksjonane i avdeling for Innovasjon og næringsutvikling og frå dei ulike kontorstadene i fylket.

Oppgåvene til desse panela har vore;

- Pannelleiar har kontrollert at søknadene var riktig fordelt etter dei vedtekne innsatsområda i HNV 2020
- Pannelleiar har vurdert «ikkje søkegode» prosjekt etter «Retningslinjer for verkemiddelbruk Innovasjon og næringsutvikling»
- Pannelleiar har gitt innspel til vurderingskriterium for søknadene etter «aktuelle tiltak» frå HNV 2020
- 3 - 5 personar i kvart panel har lest og vurdert kvar søknad
- Planlagt, leia og gjennomført 2 - 4 panelmøter der ein;
 - o Lager kort resymé av prosjektinnhaldet
 - o Gjer karakter 1 - 7 på høvesvis prosjektet si «verknad og effekt» og «gjennomføring» og samlekarakter. Karakterane er basert på konsensus i panelet
 - o Kort skriftleg vurdering av kvar søknad i samsvar med karakter
 - o Rapportering alle data i eige skjema/system

I tillegg til panela har det vore ei støttegruppe som har;

- Etablert opplegg for fagpanel og vegleiingsmateriell
- Vore sekretariat for panela
- Fordelt alle søknader etter dei strategiske innsatsområda i HNV 2020
- Tre sakshandsamarar har vurdert kvart av dei foreslått administrative avslag/«ikkje søkegode» prosjekta
- Utarbeida system/skjema for lagring, samanstilling, analyse og presentasjon av alle data frå panela

Leiargruppa i avdelinga har;

- Jamleg godkjent opplegg og innretning
- Bestemt fordeling av søknadsmidlar mellom dei to utlysingane 15. april og 15. september
- Bestemt leiar og deltakarar i panela
- Fylkesdirektør har etter fullmakt gjort administrative avslag «ikkje søkegode» søknader og flytting av søknader til andre fylkeskommunale ordningar

Det har til saman vore panelvurdert 89 søknader i 19 panelmøte av 28 personar

Alle prosjekta er vurdert ut frå to hovudkriterium. Desse er kvaliteten på sjølve innhaldet i søknaden «**verknad og effekt**», og vurdering av kor godt søknaden skildrar prosjektgjennomføringa «**gjennomføring**». Det vart nytta karakterskala frå 1 -7 for kvart av desse to vurderingspunkta. I tillegg vart desse karakterane summert og vekta for alle paneldeltakarane og alle søknadene. Leiar av panelet har konkludert med samlekarakter og kort skriftleg vurdering av kvar søknad basert på konsensus.

Karakter	Dette betyr karakteren
7	Framifrå Søknaden svarer særdeles godt på kriteriet. Den har ingen manglar.
6	Svært godt Søknaden svarer svært godt på kriteriet. Den har svært få, uvesentlege, manglar.
5	Mykje godt Søknaden svarer mykje godt på kriteriet, men den har nokre få manglar.
4	Godt Søknaden svarer godt på kriteriet, men den har fleire manglar.
3	Mindre godt Søknaden svarer mindre godt på kriteriet. Den har fleire, vesentlege, manglar.

2	Svakt Søknaden svarer ikkje godt på kriteriet. Den har overvekt av vesentlege manglar.
1	Dårleg Søknaden svarer ikkje på kriteriet, eller den kan ikkje vurderast fordi den er ufullstendig og manglar viktig informasjon.

Prosjektevaluering vil ikkje være heilt ut kvantifiserbar. I den endelege vurderinga i vedlegga er det gjort ei forenkling der ein nyttar «svært god», «god» og «nokre manglar». Desse kategoriane speglar i større grad presisjonsnivået i dei kvalitative vurderingane.

Til begge dei to hovudkriteria «verknad og effekt» og «gjennomføring» vart det på førehand lista opp vurderingspunkt til støtte for panela si vurdering basert på «aktuelle tiltak» i HNV 2020 .

For «gjennomføring» vart det nytta like vurderingspunkta for alle innsatsområda.

Panela vart beden om å vurdere i kva grad:

- prosjektsøker/prosjektgruppe er kvalifisert til å leie prosjektet
- prosjektplan og ressursbehov/finansieringsplan er realistisk
- det er kjønnsbalanse og fokus på fleirkulturelt samarbeid i prosjektet

Det siste punktet er ikkje heimla i handlingsplanen, men bygger på eit felles fylkeskommunalt verdigrunnlag og føring i overordna planprogram ([framlegg til regional planstrategi 2020 - 2024](#) Hovudmål og strategiar Mål 1 - 3).

For å vurdere «verknad og effekt» var det satt opp ulike vurderingspunkt frå HNV 2020 for kvart innsatsområde. For innsatsområde «grøn konkurransekraft» gjeld både kriteria frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020 og vurderingspunkt knytt til eiga utlysing.

- Prosjektet bidrar til verdiskaping og/eller sysselsetting (gjeld alle panela)
- Prosjekta bygger opp om eit eller fleire berekraftsmål (gjeld alle panela)

Vurderingspunkt innsatsområde «grøn konkurransekraft»

Særlege vilkår «grøn konkurransekraft og klimainnovasjon» (eigen utlysing Grøn2020):

- Prosjektet bidrar til å redusere klimagassutslepp
- Prosjektet bidrar til å auke bruken av fornybare energikjelder
- Prosjektet bidrar til å redusere energibruken
- Prosjektet bidrar til innovasjon og/eller auka kunnskap knytt til grøn konkurransekraft
- Prosjektet fører til samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling innan grøn konkurransekraft
- Prosjektet ikkje vil ha negative verknader på biologisk mangfald, natur og miljø

Frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020:

- Stimulere eksisterande og bidra til nye klyngemiljø for grøn konkurransekraft i Vestland
- Skape nye og bidra i eksisterande møteplassar og nettverk for klimainnovasjon i Vestland
- Legge til rette for sirkulærøkonomi ved gjenbruk, reperasjon, sirkulasjon av ressursar og materialgjenvinning
- Legge til rette for infrastruktur for nullutslepptransport til lands, til vanns og i lufta
- Stimulere sirkulær- og bioøkonomi, som produksjon av kortreiste råstoff som får til akvakultur, produksjon og bruk av biogass, nye oppdrettsarter og bruk av avfall som ressurs
- Stimulere til å få på plass ei verdikjede for hydrogen
- Styrke verdikjeda for batteriproduksjon, mellom anna ved å bidra til etablering ny industri i fylket
- Tiltak som bidrar til at kompetanse og teknologi i petroleumsnæringa er med på å auke grøn konkurransekraft
- Arbeide for å styrke den nasjonale satsinga på karbonfangst og lagring
- Stimulere til teknologiutvikling og utbygging av fornybar energi, som til dømes utbygging av havvind, utan stor konflikt med urørt natur og andre viktige verdiar

Vurderingspunkt innsatsområde «byar og samfunn»

Frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020

- Digital infrastruktur og mobilt breiband, slik at heile fylket får ta del i digitalisering av samfunnet
- Fleire nasjonale og internasjonale investeringar og etableringar i regionen
- Samhandling mellom byane om berekraftig utvikling og byen som motor for utvikling
- Styrke regionsenter gjennom satsing på innovasjon og næringsutvikling
- Satse på utvikling av lokalsamfunn med brei medverknad
- Styrke tverrsektorielt samarbeid mellom kommune, næringsliv og vidaregåande skule

Vurderingspunkt innsatsområde «naturressurs»

Frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020

- Sikre auka kunnskap om det marine miljø; kartlegging av havbotn, naturressursar og biologisk mangfald for å sikre ei berekraftig ressursutnytting.
- Støtte opp om fiskeri, akvakultur og marine næringar i Vestland.
- Legge til rette for berekraftig akvakultur der målet er nye foringrediensar, full utnytting av avfallsressursane og reduksjon av miljøeffektane.
- Legge til rette for lønsamt og berekraftig havbruk - «frå raud til grøn sone»
- Innsats for å fremme vilt som næringsgrunnlag
- Auka lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar i landbruket i Vestland
- Vestland skal oppretthalde sin del av den nasjonale matproduksjonen, og arbeide for fleire og meir lønsame bedrifter som tek opp i seg nye trendar og moglegheiter
- Arbeide for eit klimaklokt og miljøvenleg Vestlandslandbruk, og styrke rekruttering, omdøme og kompetanse i næringa

Innsatsområde «Omstilling, Entreprenørskap og nyskaping»

Dette panelet har handsama to innsatsområde i HNV 2020

Frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020

Vurderingspunkt «omstilling»:

- Vekstpotensial, innovasjonsevne og internasjonal konkurransekraft
- Skape ny vekst og auka sysselsetting i etablerte små og mellomstore bedrifter, med vekt på prioriterte bransjar og dei regionar der behovet er størst
- Styrke næringslivet i arbeidet med ny teknologi, auka digitalisering, automatisering og bruk av kunstig intelligens
- Støtte berekraftige prosjekt, nye teknologiske løysingar.
- Sikre samarbeid og gode møteplassar mellom næring, forvaltning, forskning
- Utvikling av nye landbaserte biologiske produksjonar som mikroalgar, biogass og forskning.

Vurderingspunkt «entreprenørskap og nyskaping»:

- Fleire gode gründerar
- Fleire vekstkraftige bedrifter
- Fleire innovative næringsmiljø
- Stimulere til gründerkultur i utdanningsløpet frå barneskule til universitet.
- Styrke satsinga på internasjonale gründerar
- Stimulere til vekst i gründerelskap, sikre langsiktig kapital til vekst i gründerelskap
- Stimulere til gründerkultur innan sosialt entreprenørskap
- Styrke satsinga på internasjonale gründerar
- Utvikle næringsklynger og koplingar mellom nettverk/klynger/næringsliv og FoU
- Styrke innovasjonsevna i næringsliv og offentleg sektor med tettare kopling med FoU-miljøa.
- Auka talet internasjonale næringsetableringar i heile fylket.

Innsatsområde Kompetanse og karriere

Frå «aktuelle tiltak» i HNV 2020

- Prosjektet avdekker kompetansegap i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av konkrete etter- og vidareutdanningstilbod og nye utdanningar.
- Prosjektet mobilisere arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane til å delta i nasjonale utlysingar knytt til etter og vidareutdanning.
- Prosjektet legger til rette for at entreprenørskap og innovasjon får større fokus i heile utdanningsløpet.
- Prosjektet bidrar til erfaringsutveksling nasjonalt og internasjonalt og teste ut modellar for kompetanseutvikling i arbeidslivet og førebygging av fråfall i vidaregåande skule.
- Prosjektet bidrar til å byggje kompetanse hjå regionale aktørar til å ta i bruk verktøy tilgjengeleg gjennom EU sitt opplæringsprogram Erasmus+.
- Prosjektet bidrar til vidareutvikling av kompetansesenter i fylket.
- Prosjektet bidrar til å vidareutvikle modellar for livslang læring gjennom samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv.

Prioritering av søknader og fordeling mellom innsatsområda

Alle resultatane frå panelvurderingane er analysert med omsyn til å identifisere prosjekta med best kvalitet frå vurderingane til fagpanela (høgast score på samla vurdering skala frå 1-7). Deretter er søknadssum til kvart av innsatsområda justert best mogleg etter søknadssum til det aktuelle innsatsområdet. Det vil til dømes sei at om ein innan eit innsatsområde har liten søknad og ikkje søknader med høg kvalitet, vil forholdsvis mindre midlar gå til å finansiere prosjekt innan dette innsatsområde. Innsatsområde «grøn konkurransekraft» har både eigen løyving kr. 3,5 mill og part av midlane frå HNV 2020 budsjettet. Desse prioriteringskriteria er så balansert ut frå prosjekta si storleik slik at ein oppnår best mogleg utnytting av totalbudsjettet på kr.16.565.000.

Resultatet er at ein innanfor opphavleg budsjetttramme på kr. 16.500.000, med eit tillegg på kr. 65.000, kan finansiere alle prosjektsøknader innan alle innsatsområda med høgste score på søknadskvalitet karakter «svært god». Det vil sei søknader som er vurdert å treffe svært godt på oppfylgning av «aktuelle tiltak» i HNV 2020. Desse søknadene er vurdert å ha svært få, uvesentlege, manglar. I tillegg er det rom for å finansiere eit ekstra prosjekt med score «god» innan innsatsområde «grøn konkurransekraft». Innan innsatsområde omstilling var det ingen søknader med score betre enn «god» og berre 5 søknader totalt. Ut frå premiss om at berre dei kvalitetsmessig høgast vurderte prosjekta i innsatsområde med høg interesse vert prioritert, er det tilrådd å ikkje tildele midlar til søknader innan innsatsområde «omstilling». Ein kan like vel hevde at mange av dei «aktuelle tiltakspunkta» under «omstilling» er nådd gjennom dei tilrådde prosjekta for dei andre innsatsområda.

Dei 27 foreslått prioriterte prosjekta er vist i vedlegg 1. Prosjekta har i tillegg til høg treff på vurderingspunkta brei regional verknad i heile fylket.

Dei 63 søknadene som er tilrådd ikkje støtteverdige (Vedlegg 2) har også høg part god kvalitet. Mange av desse søknadene ville ved andre omstende og større budsjett vorte vurdert søkegode og tilrådd. Det er å håpe at desse initiativa kan realiserast utan fylkeskommunal støtte, eller at ein kan gå i dialog og nytte resultatane på anna vis.

Erfaringar

Utvikling av ny metodikk og opplæring har vert ressurskrevjande over ei kort periode med utfordrande arbeidsforhold. Det er likevel klart at nye system har potensial til både å forbetre resultatane og gje betre grunnlag for rangering av søknader. Når systema, rutinar og kompetanse er etablert kan ein og forvente rask og effektiv handsaming.

Det er utfordrande å vurdere søknader opp mot eit fleirdelt handlingsprogram med stort tal «forslag til aktuelle tiltak» i uprioritert rekkefølge. Det kan vurderast å seinare etablere handlingsplan med retningslinjer spesifikt retta mot ei meir operasjonell og prioritert utlysing. Vidare kan det vurderast å tydeleggjere retningslinjene for søknader med mål om at dei vert enklare å vurdere «søkegode» prosjekt og at retningslinjene betre vert kommunisert til søkerarar i utlysing.

Det er gjort ei eiga undersøking der erfaringar med opplegget er kartlagt.

Vedtakskompetanse

I følge «Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune» skal hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, med heimel i kommunelova § 5-7., vektlegge

arbeidsområde næringsutvikling og grøn konkurransekraft. Utvalet har avgjerdsmynde i tilskotssaker vedkommande regional næringsutvikling.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka gjer framlegg om fordeling av budsjetterte midlar for utvikling av næringsliv, innovasjon og grøn konkurransekraft. Det er venta at tildelinga er bidrag til vekst i regional verdiskaping. Saka gjer framlegg om å omdisponere kr. 65.000 frå anna eller same tilskotsordning for å styrke og balansere budsjettet.

Klima: Klima og berekraft er premiss for framlegget til prioritering av prosjekt både gjennom Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling 2020 og utlysing Grøn konkurransekraft. Det er venta at resultatane frå fleire av prosjekta er bidrag til reduserte klimagassutslepp. Prosessen for utarbeiding av saka har føregått utan reiseverksemd

Folkehelse: Likestilling og fleirkulturelt omsyn er vektlagt som eige punkt i vurdering av gjennomføringsevne for prosjekta

Regional planstrategi: Tildelinga har skjedd i tråd med [framlegg til regional planstrategi 2020 - 2024](#) Hovudmål og strategiar Mål 1 - 3

Konklusjon

Det vert rådd til å gje tilsegn til 27 prosjekt som er vurdert å ha framifrå/svært god kvalitet. Total tilskotssum er kr 16.565.000. Heile ordninga for 2020 er budsjettert med kr 21.5 mill. Det er uvanleg mange gode søknader som dessverre er vurdert som avslag grunna stor interesse og avgrensa budsjett.

Framlegg tilsegn til søknad HNV 2020 utlysning 15. april 2020.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Søknad om støtte til "Smartby Måløy"	Måløy Vekst AS	1 450 000	Måløy Vekst, i samarbeid med Kinn kommune, søker om fylkeskommunal støtte til eit treårig utviklings- og samfunnsprosjekt som vi har kalla «SmartBy Måløy». Begrepet smarte byar og samfunn tek utgangspunkt i innbyggjarane sine behov, og tek i bruk digital teknologi og innovative metodar for å gjere samfunnet betre å bu, leve og jobbe i.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	1 450 000
Forprosjekt - innsiktsbasert produkt og markedsutvikling for sesongforlengelse	Fjord Norge AS	500 000	Føreprosjektet handlar om å gjere sesongforlengande tiltak og «Go Viking-konseptet» mer målgruppe- og marknadorientert når det kjem til produktutvikling og kommunikasjon. Ulike reisande har ulike behov og reiseintensitet. Det må både produktutvikling og marknadutvikling reflektere. Reiselivet på Vestlandet, og spesielt i distrikta, er i stor grad basert på omsetnad generert om sommeren og treng fleire gjester resten av året for å skape helårsjobbar og auka lønsamheit.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	500 000
Grøn2020- Norwegian CCU Cluster – produksjon av Sustainable Aviation Fuel	NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS	2 000 000	Prosjektet skal utrede mulighet for å etablere nye banebrytende, grønne produksjonsmetoder på Mongstad, hvor bioteknologi, CCU og sirkulær økonomi kobles og piloteres av NORCE. Radikal produksjonsteknologi tar i bruk klimagasser fra avfallsforbrenning og CO2 som råstoffet for fremstilling av bærekraftig flydrivstoff (SAF). Dette kan bidra sterkt til en grønn omstilling av eksisterende infrastruktur, og samtidig gi reduserte klimagassutslipp. Det skal videre etableres en næringsklynge for CCU.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	2 000 000
Søknad om tilskudd til forprosjekt: Bergen Travel Lab	Visit Bergen	140 000	Bergen Travel Lab skal utviklast til å bli Europas leiande senter for innovasjon, produktutvikling, sal, marknadsføring og utdanning innan nyskapande og bærekraftig reiseliv. Labben skal fasiliterast av Visit Bergen. Vi skal skape en sandkasse for innovasjon og forskning, samt et knutepunkt for felles prosjekt mellom næring, destinasjonsapparat og FoU-institusjonar. Bergen Travel Lab skal bli et verktøy for å utvikle ein sterk industri, betre innovasjonen og få framtidige suksessar.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	140 000

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
"Det fins ei hamn"	Samarbeidsrådet Sunnhordland IKS	350 000	Det fins ei hamn skal visa den reisande kva hamner som finst i regionen. Opplisting av kvalitet, kostnad for overnatting, kvar ein bunkrar og kva fasiliteter hamna og området rundt kan tilby, mellom anna turområder og sykkelutleige. Kulturtilbod som skjer i nærleiken av den hamna du vitjar vil også få fokus. Prosjektet skal vera din guide til å reisa i Sunnhordland med eigen båt frå hamn til hamn via utvikling av digital og fysisk informasjonsmaterieil	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	350 000
Forprosjekt: Cognitive Solutions - Norwegian Catapult Center	Media City Bergen	400 000	Forprosjekt for utredning og utvikling av søknad om etablering av et Katapultsenter til SIVAs neste utlysning høst 2020. 5 Næringsklynger, samt offentlige aktører og nasjonale forskingssamarbeid står bak konsoriet som lanserte Norwegian Cognitive Center 2019, som man nå ønsker å etablere et Katapultsenter på toppen av. Katapulten vil drive tverrfaglig aktivitet og kompetanse- og næringsutvikling og investeringer til regionen, for omstilling entreprenørskap og nyskaping.	Entreprenørskap og nyskaping	Svært god	400 000
Utvikling av Geopark Sunnhordland	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	100 000	Utdanning, kunnskap, reiseliv. UNESCO søknad. Søknad om midlar til å utarbeide UNESCO-søknaden. Planlegg aktivitetar og initiativ knytt til opplæring, skular og reiseliv. Noko usikkerheit om kva søker tenker å oppnå med prosjektet; er det eit arbeid med ein UNESCO-søknad, eller er det eit reiselivsprosjekt utover UNESCO-søknaden? Om det siste er tilfellet vert det stillt spørsmålsteikn om gjennomføringsevna grunna økonomi. Elles er søknaden knytt til berekraft og heilskap som vil kome heile regionen til nytte. Så langt panelet kjenner til finst det ikkje andre geoparkar i fylket frå før. Ein klassifisering som UNESCO Geopark vil gje området status som begrensar annan utvikling av området og tek vare på landskapet. Særleg trekk panelet fram utdanning/skule som eit sterkt argument i søknaden.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	100 000
Busen i Sunnhordlandsbasseng et	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	392 500	NCE Maritim Clean Tech har utvikla konseptet "Urban Water Shuttle" som er eit heil-elektrisk fartøy for persontrafikk mellom sentra. Samarbeidsrådet vil i samarbeid med MTW gjennomføra eit førstudie for sjå om det er mogleg å tilpassa Urbane Water Shuttle til Sunnhordlandsbasseng. Prosjektet kan møte viktige regionalpolitiske mål som regionforstørring, større mobilitet, grøn vekst og tverrsektoriet samarbeid. Prosjektet kan og ha gode føresetnader for å utvikle ny teknologi og føre til innovasjon i mobilitet på sjø, som kan brukast i heile verda.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	392 500

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Ytre Nordfjord som regional modell for berekraft og innovasjon i kulturbasert kystreiseli	Stad Vekst	918 000	Stad Vekst og prosjektpartnerane i Ytre Nordfjord skal samarbeide med Vestlandforskning om kunnskapsdriven samproduksjon av innovasjonar i reiselivet som er trygt forankra i lokalsamfunnet og i FN sine berekraftsmål. Partnerane skal 1) etablere felles målsetningar og strategiar for ei berekraftig reiselivsutvikling, 2) identifisere, måle og dokumentere kritiske nøkkelfaktorar for ei berekraftig utvikling, og 3) utvikle og teste eit første sett av berekraftige nøkkelinnovasjonar.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	918 000
Innovasjon og konseptutvikling i Hardanger og Voss	Destinasjon Voss AS	290 000	Voss og Hardanger er naboar og to store reiselivsregionar som med dette prosjektet ønskjer å samarbeide for å auke trafikk i lågesong. Førprosjektet vil mellom anna kartlegge moglegheitene for å kople produkt betre saman for å auke attraktivitet, og vurdere nye teknologiske løysingar for å kommunisere tettare med turisten FØR reisa. Resultata vil bli nytta i vidare utviklingsarbeid og gjennomføring av tiltaka.	Bærekraftige byer og samfunn	Svært god	290 000
Forprosjekt Datadrevet Innovasjon for bygg, anlegg og eiendomsbransjen (del 2/hoveddel)	Proptech Innovation	750 000	Gjennom prosjektet Datadrevet Innovasjon skal Proptech Innovation 1) etablere en felles plattform for tilgjengeliggjøring av data for innovasjon på tvers av aktører og 2) som pilotjeneste utvikle et datadrevet bærekraftbarometer for bygg - som måler et byggs miljø- og klimapåvirkning i realtid, og gjør målingene tilgjengelig på en brukervennlig måte. Det søkes her om midler til forprosjekt.	Entreprenørskap og nyskaping	Svært god	750 000
Innovasjonsuken OPP 2020	Vestlandets innovasjonsselskap AS	400 000	Innovasjonsuken OPP er en viktig samarbeidsplattform for innovasjon og entreprenørskap i hele regionen vår. Den er bygget opp basert på dugnad og engasjement fra næringsliv, ulike innovasjonsmiljøer, studenter og forskningsmiljøer. Prosjektet bidrar til å bygge broer, dele kunnskap, samle, bygge nettverk og sikre gode samarbeid og utviklingsprosjekter i regionen. Det er også en felles arena for alle miljøer som jobber med innovasjon og entreprenørskap til daglig.	Entreprenørskap og nyskaping	Svært god	400 000

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Grøn 2020 - Meirverdi med berekraft	Athens AS	640 000	Berekraft er noko mange bedriftsleiarar framleis har eit perifert forhold til. Tilbakemeldingar Athens har fått frå leiarar i industrien og bygg & anleggstransporten i Sunnhordland stadfestar dette. Athens ynskjer difor å utvikle eit nytt konsept saman med utvalgte smb-bedrifter og industrien i Sunnhordland. Me ynskjer å synleggjere dei enorme strategiske forretningsmoglegheitene som opnar seg om bedriftene tek gode val basert på ny kompetanse knytt til berekraft og grønne løysingar.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	640 000
Grøn2020-Hydrogen - energibærar for framtida	Høgskulen på Vestlandet	430 000	Hydrogen er ein svært aktuell utsleppsfri energikjelde for tungtransport og skipsfart. Vestlandet har naturgitte føresetnader for å kunne bli store på hydrogenproduksjon, med rikeleg tilgang på vasskraft. Det vert no arbeidd aktivt i verksemder, forvaltning og undervisning for å meistra det grønne skiftet med hydrogen. Dette krev både utvikling av teknologi og høg kompetanse. HVL er blant dei mest aktive i utdanning innan hydrogen og fornybar energi, og ønskjer å tilby kurs i Hydrogenteknologi.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	430 000
Grøn2020-Optimal bruk av energi fra havvind i Sørlige Nordsjø, H2-produksjon og nettintegrasjon	Greenstat AS	550 000	Hovedmålet er å identifisere optimal bruk av energi fra en større havvindpark i Sørlige Nordsjø: -Belyse lovverk, regulering og kjente planer i Norge og tilgrensende havområder -Analysere muligheter for offshore H2-produksjon, og bunkring av H2 og strøm til større skip fra en offshore energistasjon -Vurdere potensialet for eksport av energi via kabel direkte til Europa, Norge, eller til grid i Nordsjøen -Sammenligning, og vurdering av optimal bruk av energi og størrelse på havvindpark (i MW)	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	550 000
Grøn2020 - Grøn konkurransekraft Osterøy	Industriutvikling vest	300 000	Å byggja grøn konkurransekraft vil for Osterøy kommune bety å gjennomføra ein grundig kartlegging av utfordringar og moglegheiter for å skapa nye verksemder innanfor grøn omstilling. Dette prosjektet skal også trekke saman trådane for fleire enkeltstående prosjekt/aktivitetar som har vore utført i Osterøy kommune. Formålet er å skaffa fram eitt felles kunnskapsgrunnlag som skal legge nye strategiar for Osterøy som ein offensiv grøn næringsretta kommune. Skal få til heilt konkrete prosjekt!	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	300 000

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Grøn2020 – Gjenvinning av Industriplast	Industriutvikling vest	250 000	Store mengder plast ender opp i restavfall og blir deponert sammen med annet avfall, eller går til forbrenning, i stedet for å bli gjenvunnet og brukt til nye produkter. Plast er en kostbar ressurs som i svært liten grad blir gjenvunnet. Gjennom dette forprosjektet er hensikten å legge et første grunnlag for å utvikle gode returordninger for plast fra industri, landbruk og havbruk.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	250 000
Grøn2020: Hydrogen – bærekraftig løsning for økt maritim verdiskaping	Ocean Hyway Cluster (Hub for Ocean)	245 000	I dag er det knyttet stor usikkerhet til kostnadsbildet for hydrogen og batteri, samt hvordan dette bildet vil utvikle seg fremover. Den maritime næringen har de siste årene investert betydelig i grønn teknologi og det er nå nødvendig å få på plass en infrastruktur for nullutslipp til vanns og til lands. Prosjektet ønsker å redusere usikkerhet og bidra med kunnskap og kompetanse som vil gjøre det enklere å innføre nullutslipp i maritim sektor i Vestland.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	245 000
Relevant kompetanse og kunnskap - Forprosjekt; utredning av "off campus" tilbud i Nordhordland	Nordhordland næringslag	110 000	Med bakgrunn i kompetanserapporten for Nordhordland og "Green spot Mongstad" fremkommer det et tydelig behov for videreutdanning i regionen, særlig rundt Fensfjordbassenget. Vi har sammen med fagskolen og HVL besluttet å opprette en arbeidsgruppe med representanter for lokalt næringsliv, våre videregående skoler, fagskolen og HVL med sikte på å utarbeide grunnlag for søknad om midler til opprettelse av fagskole og høyskoletilbud "off campus" i tilknytning til Fensfjordbassenget. Søker om midler til forprosjekt for å utarbeide grunnlag for søknad fra fagsskolen og HVL om "off campus" tilbud i tilknytning til Fensfjordbassenget. Søknadsfrist for Fagskolen er 1. sep 2020 mens den for HVL er Q1 2021	Kompetanse og karriere	Svært god	110 000
Rekruiteringsforum Sunnfjord	Sunnfjord Utvikling AS	850 000	Utfordring nummer ein i Sunnfjord i dag, og i åra framover, er tilgangen på nok folk med rett kompetanse. Gamle Sogn og Fjordane er eit fråflyttingsfylke. Dei som bur i fylket blir eldre og dei unge flyttar til større byar. Rekruiteringsforum Sunnfjord er eit samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat næringsliv. Prosjektet skal jobbe målretta, offensivt og strukturert med rekruitering for å løyse behovet som næringslivet har for arbeidskraft, på kort og lang sikt. Gjennom eitt breitt samarbeid skal Rekruiteringsforum Sunnfjord bidra til at lokale og regionale selskap sine behov for arbeidskraft vert tilfredsstilt. Dette skal vi gjere gjennom å koordinere og samordne felles rekruiteringsaktivitetar for heile regionen.	Kompetanse og karriere	Svært god	850 000

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Campus Førde Verftet - Delprosjekt opplæring og utdanning	Campus Førde Verftet AS	2 500 000	Kort sammendrag av prosjektet: Definere ei samla portefølje for kortare kurs- og opplæringsaktivitetar. o Utvikle korte og fleksible modulutdanningar innanfor dagens utdanningsløp med eit omfang som t.d. tilsvarar 5-10 studiepoeng knytt til næringslivet sine aktivitetar. o Etablere ei felles digital plattform for opplæring og samhandling mellom utdanning og verksemdar, og som også skal kunne legge betre til rette for internopplæring. Det er behov for ei meir samla tilnærming for å dekke bedrifter sine behov for kompetanseutvikling, og samtidig bidra meir for å styrke omstillingsevna i næringslivet. Ved å utnytte digitaliseringspotensialet er målsettinga å kunne auke både fleksibiliteten og redusere kostnadane for kompetanseutvikling for både tilsette og bedrift.	Kompetanse og karriere	Svært god	2 500 000
Søknad om tilskudd til THE OCEAN 2020 - en møteplass for nye samarbeid innen havnæringene	The Seafood Innovation Cluster	350 000	THE OCEAN er eit bredt samarbeidsprosjekt for etablering og utvikling av ein møteplass for nye oppdagingar, relasjonar og samarbeid på tvers av havnæringane, og på tvers av havnæringane og akademia, med målsetning om å styrke havøkonomien gjennom berekraftig bruk av havet sine ressursar. Initiativtakarane er sentrale aktørar innan hovnæringane og akademia med ein felles ambisjon om å bygge den viktigaste møteplassen med havet som tema og Bergen som lokasjon. Ved å samle aktørar frå de ulike næringane og akademiske miljø nasjonalt og internasjonalt, skal THE OCEAN være plattform for desse samene sett agendaen for berekraftige havøkonomi og bruk av havet sine ressursar i framtida. THE OCEAN vart første gang gjennomført i Bergen 17. september 2019. Det skal vere ein årleg hending, og arbeidet med et oppskalert arrangement 17.-18. september 2020 er allereie i gang.	Naturressursforvaltning	Svært god	350 000
Bergen Matfestival 2020	Matarena AS	550 000	Bergen Matfestival er ein av dei største lokalmatfestivalane i Norge. Bergen Matfestival fyller 20 i år. Bergen Matfestival har berekraftige lokale mat- og drikkeprodukt som fundament. Festivalen jobbar for å stimulere til innovasjon og verdiskaping. Festivalen er ein kunnskapsarena for publikum - frå hav og jord til bord. Nye aktivitetar for 2020 er å invitere ungdomsskoleelevar til mataktivitetar i Ung Matfest teltet og til jobbe saman med kokkane i både restaurantteltet og kursteltet under festivalen. Det vil bli skaffa 10 arbeidsvekeplassar hos restaurantane i Bergen. Fredag er dagen for ungdomsskoleklasser og det vil bli lagt til rette for at Naturbrukskulane kan gje informasjon om sine studieretningar. Nystarta lokalmatprodusentar vil få moglegheit til å delta på Bergen Matfestival til en redusert pris.	Naturressursforvaltning	Svært god	550 000
Forprosjekt Sider-VM Bergen 2021	HANEN	100 000	Målsetning er å arrangere eit Sider-VM i Bergen iløpet av 2021 saman med CiderWorld og nasjonale og regionale samarbeidspartnarar. Forprosjektet skal etablere regional forankring for eit slik arrangement i næringa både i Hardanger og Sogn. Prosjektideen er å bruke eit Sider-VM til å gjennomføre en internasjonal siderkonkurranse med deltaking av produsentar og dommarar frå heile verda. I tilknytning til konkurransen blir det gjennomføre ein siderfestival som løftar fram siderprodusentar i frå Vestland og Norge, både for forbruker og for HoReCa marknaden. Arrangementet skal bidra til å synleggjere sider som ein del av reiseopplevinga til Vestlandet.	Naturressursforvaltning	Svært god	100 000

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering	Tildelt beløp
Dicylager og Hardanger Siderhus	Næringsshagen i Odda	350 000	Prosjektet er eit forprosjekt/mulighetsstudie for utvikling av Dicylager i Odda som Hardanger Siderhus. Sidernæringa har god vekst. Odda er den største byen i Hardanger og har utvikla seg til ein viktig reiselivsdestinasjon med Trolltunga. For å byggja vidare under denne utviklinga er det ynskjeleg å etablere eit utstillingsvindu og samlingspunkt for alt som har med sider å gjere. Dicylageret i Odda kan fylla denne funksjonen, og vil kombinere gammal industrikultur med moderne landbrukskultur. Målet til forprosjektet er å utgreie moglegheita for at Dicylageret kan rehabiliterast og fungera som eit siderhus for Hardanger. Siderhuset skal bidra til å: skape merksemd rundt Hardanger og i Vestland forøvrig som reisemål, auke samarbeidet i heile verdikjeden, bygge struktur for opplæring, kompetanse og utvikling innan siderproduksjon og siderformidling.	Naturressursforvalting	Svært god	350 000
Grøn2020 – Sikre økt lokal produksjon/distribusjon av fornybar energi på Vestlandet	NOTUS ENERGY NORWAY AS	1 000 000	Tiltaket skal utvikle et system for å øke verdien av lokal fornybar energiproduksjon ved ta i bruk batteriteknologi, programvare og markeder på en innovativ måte. Tiltaket vil ta utgangspunkt i Mongstad Industrial Park innenfor rammen av deres Green Spot initiativ, og skal danne plattformen for en fremtidig investeringsbeslutning når lønnsomhet er dokumentert. Systemet er skalerbart, lett å overføre til andre industriparker og forventes å åpne for lokal vekst og nye forretningsmuligheter.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Svært god	1 000 000
Grøn2020- Hydrogenvegen	Næringsshagen i Odda AS	650 000	Prosjektet Hydrogenvegen er et samarbeidsprosjekt mellom Kvinnherad kommune, Ullensvang kommune og Notodden kommune som sammen har stiftet Hydrogenvegen AS. I tillegg er Hjelmeland kommune og Ryfylke IKS med som samarbeidspartner i denne søknaden. Vi har også inngått intensjonsavtaler om samarbeid med Greenstat AS, NEL ASA og Hy2gen Norge AS. Hydrogenvegen AS sitt formål er å fremme bruken av hydrogen, og alt som naturlig hører inn under dette.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God	650 000
	SUM	16 565 500			SUM	16 565 500

Framlegg avslag søknad HNV 2020 utlysning 15. april 2020

Desse søknadane er vurderte som "god" eller med "nokre manglar"

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Utvikling av Geopark Sunnhordland	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	100 000	Utdanning, kunnskap, reiseliv. UNESCO søknad. Søknad om midlar til å utarbeide UNESCO-søknaden. Planlegg aktivitetar og initiativ knytt til opplæring, skular og reiseliv. Noko usikkerheit om kva søkar tenker å oppnå med prosjektet; er det eit arbeid med ein UNESCO-søknad, eller er det eit reiselivsprosjekt utover UNESCO-søknaden? Om det siste er tilfellet vert det stillt spørsmålsteikn om gjennomføringsevna grunna økonomi. Elles er søknaden knytt til berekraft og heiskap som vil kome heile regionen til nytte. Så langt panelet kjenner til finst det ikkje andre geoparkar i fylket frå før. Ein klassifisering som UNESCO Geopark vil gje området status som begrensar annan utvikling av området og tek vare på landskapet. Særleg trekk panelet fram utdanning/skule som eit sterkt argument i søknaden.	Bærekraftige byer og samfunn	God
Hovedprosjekt - utvikling og etablering av helseinkubator på Haukeland med innhold.	Vestlandets Innovasjonsselskap AS	600 000	Den norske helse- og omsorgstjenesten står overfor store utfordringer, som krever betydelige omstillinger i helseindustrien og de offentlige helsetjenestene. VIS vil i tett samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB) og Helse Bergen (HB) utvikle en nasjonalt ledende arena for innovasjon i helsenæringene i et samspill mellom FoU, entreprenørskap, etablert næringsliv, offentlig myndigheter og kapitalmiljøer. Prosjektet vil være et bidrag til omstilling og vekst i en industri med et stort potensial.	Entreprenørskap og nyskaping	God
Pilot for utvikling av berekraftige, attraktive og levande senter i Alver	Alver kommune, samfunnsutvikling	500 000	Prosjektet skal gjennomføre ein samfunnsanalyse og eit moglegheitstudie for region, lokal- og nærsenter i Alver kommune. Prosjektet har å tydeleggjere funksjon, rolle og kvalitetar hjå dei definerte sentra i Alver kommune. Kommunen får eit grundig kunnskapsgrunnlag om senterområda, på bakgrunn av det kan vi definere moglegheiter og utfordringar knytt til Alver si utvikling av berekraftige og attraktive region, lokal-, og nærsenter. Søknaden oppfyller fleire regionalpolitiske mål i HNV under innsatsområde "Berekraftige byar og samfunn"	Bærekraftige byer og samfunn	God
Visningssenter for havnasjonen Norge - Ocean Innovation Showroom - fase 2	The Seafood Innovation Cluster	500 000	En rekke aktører innen havnæringene har gått sammen om utvikling av et visningssenter for havnasjonen Norge som skal synliggjøre innovative og bærekraftige løsninger innen havnæringene og bidra til økte forretningsmuligheter og eksport. Det fysiske senteret skal ha digitale visningsløsninger som gjør det attraktivt for besøkende samtidig som det skal gjøre innholdet i senteret tilgjengelig også på andre lokasjoner i inn- og utland. Slik skal senteret også bidra til økt vertskapsattraktivitet.	Entreprenørskap og nyskaping	God
Utvikling av digital plattform for englenettverk i Sogn og Fjordane med co-investering i Vestland	Connect Vest-Norge	1 300 000	Connect Vest, KPSF og Aksello forutsettes å igangsette et "BAN" i Sogn og Fjordane regionen fra tidlig høst 2020. Hovedfokus vil være etableringen av nettverkets "aktører" (CV, KPSF, Aksello, investorer, selskaper) på en digital plattform, som CV og CBB allerede har begynt å ta i bruk i Bergen. Prosjektet vil omhandle utvikling av den konkrete digitale struktur, opplæring av brukerne, og gjennomføring av digitalt funderte investeringsprosesser fra A til Å. Forventet prosjektslutt er sommer 2022.	Entreprenørskap og nyskaping	God

Prosjektnamn	Søkjjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Grøn2020. Berekraftsprosjekt for havbruksnæringa, -Blå Horisont 2030.	Aksello AS	2 190 000	Blå horisont 2030 er eit samarbeidsprosjekt for heile verdikjeda innan havbruk, for eit systematisk og målretta arbeid for å handtere utfordringar innan miljø og berekraft som påverkar næringa i regionen Sogn og Fjordane. Gjennom dette prosjektet tek ein føre seg fem konkrete områder for grøn forbedring og omstilling i havbruksnæringa. Desse vil alle ha ein effekt opp mot FN sine berekraftsmål. Ved å ta berekraft på alvor saman, kan ein auste effektar som ellers går tapt i dag.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God
BERGEN2030 - Sammen for et fossilfritt Bergen	Startuplab	200 000	BERGEN2030 er et program for å engasjere etablert næringsliv, akademia og miljøorganisasjoner for å sammen løse næringslivets største hodepiner i møtet med fylkets mål om nullutslipp av klimagasser innen 2030. I første omgang er BERGEN2030s mål å gjøre Bergen fossilfritt. Programmet er planlagt utført høsten 2020 Vi søker støtte fra Vestland Fylke på 200 000 NOK. Totalbudsjettet for BERGEN2030 er 850 000 NOK. Vi søker 400 000 NOK fra Bergen Kommune, og 5 partnere skal betale 50 000 NOK hver for deltakelse i BERGEN2030..	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God
Grøn 2020 - Infrastruktur for fornybar energi til skip: Læring, utviklingsbehov og samhandling	Maritime CleanTech	1 350 000	Prosjektet skal samle erfaringar og kunnskap frå utvikling og utbygging av ladeinfrastruktur, med sikte på å leggje grunnlag for framtidens system og forretningsmodell for ladeløysingar til skip. NCE Maritime CleanTech vil samla dei sentrale premissgiverane i verdikjeda, med sikte på å få fram "best practice" både når det gjeld teknologiske løysingar og forretningsmodellar. Resultatet av prosjektet skal danna grunnlag for eksport av norsk grøn maritim teknologi.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God
Forprosjekt Newton-rom Kvinnherad	Kvinnherad Næringservice	100 000	Hydro Husnes saman med næringslivet i Kvinnherad, Kvinnherad Næringservice og Kvinnherad kommune ynskjer å få i gang eit forprosjekt for eit Newton-rom som skal vera fysisk plassert ved Hydro i Kvinnherad. Målsetjinga med satsinga er å få framtidige arbeidstakarar med høg kompetanse og interesse for realfag. Eit Newton-rom er eit spanande innreia og teknologisk vel utstyrt undervisningslokale med fokus på praktisk undervisning i naturfag, matematikk og teknologi. Newton-rommet tilbyr læreplanbasert undervisning til skulane. Målet med forprosjektet er å få klar ei sak til politisk handsaming. Eit Newton-rom i Kvinnherad, knytt til regionssenteret Husnes og Hydro vil styrkje bedriftene sin mulighet for omstilling og auka realfagskompetansen til innbyggjarane i Kvinnherad kommune.	Kompetanse og karriere	God
Forprosjekt for å kartlegge mulige MSC-sertifiseringer av Smak av kysten nettverket	Matarena AS	130 000	Prosjektet ønsker å kartlegge om MSC sertifisering av Smak av kysten nettverket er ynskja av medlemmane og om det vil vere eit konkurransefortrinn for restaurantane i nettverket. Sverige og England er marknader som ligger framføre Norge i trendar og marknadsutvikling. Trendar frå desse landa syner at kundar vert meir opptekne av berekraftig matproduksjon. MSC (Marine Stewardship Council) merket blir satt på villfanget sjømat frå berekraftige fiskeri. Smak av kysten et eit gastronomiske sjømatnettverk med 100 medlemmar. Nettverket representerer heile verdikjeda frå fiskemottak, produsentar og grossistar til fiskehandlarar og restaurantar.	Naturressursforvaltning	God

Prosjektnamn	Søkjjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Forprosjekt – etablering av nasjonal lokalmat- og drikke konferanse i Vestland fra 2021	Matarena AS	95 000	Prosjektet er eit forprosjekt for å kartlegge moglegheita for ein årleg nasjonal lokalmat- og drikke konferanse i Unesco matbyen Bergen i 2021. Mål er å skape ein innovativ arena, som fremmer lokal mat og drikke, setter Vestland på matkartet og koplar mat- og opplevingsbasert næring opp mot FoU-miljøa. Konferansen skal invitere til nasjonal deltaking, ha tema på programmet som fremmer lokal mat og drikke og anvendt forskning som kan gi grunnlag for vidare utvikling i bransjen. Oslo har SMAK-messa og Matstref, Stavanger har det norske måltid, Trondheim hadde Michelinstjerne-utdelinga og Bergen huser ikkje noko nasjonalt/internasjonalt som blir lagt merke til i bransjen. I forhold til nemnte byar blir Bergen rangert lengre ned på listene over Norges beste restaurantbyer. Prosjektet ønskjer å bidra til at Bergen hevder seg som matby.	Naturressursforvaltning	God
Møteplass mat - utviklingskraft for samarbeid mellom restauranter og lokale mat- og drikke produsent	Matarena AS	165 000	Møteplass Mat er ein møte- og utviklingsarena for lokalmataktørar. For 2020 skal møteplassen spesielt fremme Vestlandsmaten- og drikken gjennom auka samarbeid mellom restauranter og lokalmatprodusenter. Det skal arrangeres 3 møter. Møteplass Mat legg vekt på samarbeid mellom landbrukssektoren og marin sektor, i verdikjeden, fra fjord/jord til bord, mellom offentlig, privat forskning og mellom restauranter og lokalmatprodusenter. Det første møte skal vere i Flåm. Det neste i Bergen. Det siste møtet har ikkje fastsett tema eller stad og gjer opning for digitalt møte med korona relatert tema.	Naturressursforvaltning	God
Forprosjekt internasjonal mathall	Bergen Næringsråd	200 000	Bergen Næringsråd søkjer om eit forprosjekt for å opprette ein internasjonal mathall. Mathallen vil ha ein brei funksjon. Prosjektet ønskjer å fremme berekraft sosialt, økonomisk og miljømessig, og fungere som både et fleirkulturelt matsenter, opplæringscenter og opplevingscenter. Dei er inspirerte av Vipva, ein vellykka internasjonal mathall i Oslo. Søkjer ønskjer å skape eit tilsvarende prosjekt i Bergen, men med utgangspunkt i særigenheitene til næringslivet og kulturlivet på Vestlandet. Forprosjektet skal, utarbeide eit konsept, skaffe samarbeidspartnarar og gjere ein moglegheitsstudie av lokalisering. Mathallen skal vere open innbyggjarar, tilreisande, og i tillegg vere nyttig for personar utanfor arbeidslivet med innvandrarbakgrunn, spesielt kvinner, og unge utan høgare utdanning eller fagbrev. Forprosjektet skal finne ut om det er mogleg å etablere ein internasjonal mathall i Bergen eller ikkje.	Naturressursforvaltning	God
Ein destinasjon, to skisenter	Voss Resort AS	850 000	Det er to skisenter på Voss. Samla omsetnad på 70 MNOK gjer desse til det 4. største skisenter i landet. Begge har stort internasjonal potensial og leverer produkt i heile verdikjeda. Kapasiteten er betydeleg. Det er 375 hotellsenger i Myrkdalen og 1450 på Voss. I hytter er 264 senger i Myrkdalen og 350 på Voss. Vi ser at skianlegga må omstille seg og satse sterkare mot internasjonale marknader. Internasjonale gjester vil legge igjen inntil 6 kroner per krone dei omset i skisentra. Grøn utvikling i fokus og ein satsar på nærmarknad utland, t.d. Nederland. Marknadsføring av Destinasjon Voss.	Bærekraftige byer og samfunn	God
Unik historiefortelling basert på innsikt - Nordfjord heile året	Visit Nordfjord AS	100 000	Visit Nordfjord er eit samlingspunkt for aktørar, kommune og fylkeskommune. Vår strategiske retning er forankra gjennom reiselivsstrategi for regionen, der definerte tiltak skal bidra til verdiskaping og sysselsetting. Med dagens corona-situasjon ønskjer vi å sette i gang et føreprosjekt som kan kartlegge korleis vi kan lukkast med digital kommunikasjon i tida som kjem. Føreprosjektet vil gje svar på om vi skal sette i gang eit større hovudprosjekt for målretta kommunikasjon.	Bærekraftige byer og samfunn	God

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Læring på tur!	Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	125 000	Reiselivet er sterkt preget av koronasituasjonen. Geopark Sunnhordland kan alt nå vera ein reiskap for å få til auka tilbod til lokale og regionale reiselivsbedrifter, og seinare for området mellom Stavanger og Bergen. Den geologiske skildringa av lokalitetane er ikkje ferdig, men her er mykje som nesten er på plass! Søker om å få ekstra ressursar til tilrettelagt formidling av geosites i terrenget og til kulturstader gjennom ein app. Gi kunnskap av geologi og historie i Sunnhordland på ein slik måte at det kan gjerast på eigenhand eller i grupper.	Bærekraftige byer og samfunn	God
Øygardenkonferansen 2020	Vest Næringsråd AS	150 000	Øygardenkonferansen 2020 har fått arbeidstitelen «Vi byggjer Øygarden!» Som en følge av korona situasjonen kunne ikke tittelen passet bedre. Vår region er HARDT rammet! Konferansen setter lys på nye Øygarden kommune som en attraktiv, fremtidsrettet region, hvor næringsliv, kommune og fylket samhandler på tvers og hvor kompetanse og potensiale kan øke attraktiviteten for etablering av nye arbeidsplasser.	Entreprenørskap og nyskaping	God
Tilrettelegging for rekruttering, vekst, entreprenørskap, kompetanse- og produktutvikling	(NMEC) Norwegian Marine and Energy Complex	1 625 000	Prosjektet skal over to år legge til rette for 1) rekruttering og vekst, 2) utdanning og opplæring og 3) entreprenørskap og produktutvikling i og rundt industriklynga NMEC på Rubbestadneset. Målet er å 1) sikre rekruttering og vekst til arbeidsplassar i industriklynga, kommunen og regionen, 2) legge til rette for utdanning og opplæring i tett samarbeid skule-næringsliv og 3) vere støttespelar til bedrifter, både lokale, regionale og nasjonale, som treng bistand i produktutviklingsprosjekt.	Entreprenørskap og nyskaping	God
Pilotprosjekt for å styrke gründerelskaper i investorsprosessen	Connect Vest	870 000	Connect søker midler til et pilotprosjekt som skal styrke gode gründerelskapers mulighet til å hente inn kompetent kapital i en tidligfase for å ta etableringen over i en vekstfase. Det er et stort hull i økosystemet når det gjelder aktører som hjelper gründer med å bli investorklar, og et stort gap mellom investorenes krav og forventninger på den ene siden og gründeres utålmodighet etter å få tilgang til kapital på den andre. Vårt nye konsept skal profesjonalisere gründer før møtet med investor	Entreprenørskap og nyskaping	God
Grøn2020 - Fylkeskommunalt Hydrogennettverk	Norsk Hydrogenforum	100 000	Fylkesnettverket er et samarbeid mellom fylkeskommuner og kommuner med mål om å øke kompetanse om hydrogen, og koordinere offentlige prosesser som kan bidra til utvikling av hydrogenbaserte verdikjeder. Fokus er på næringsutvikling, energiutnyttelse og reduksjon av CO2-utslipp. NHF er sekretariat, og det samarbeides med Zero, KS og de regionale europakontorene. Det er større aktivitet på hydrogen enn noen gang, med stort engasjement fra fylkene. Nettverket skal bidra til å øke dette ytterligere.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Grøn2020. Kartlegging av elektrifiseringspotensialet i reiselivsdestinasjonen Flåm	Aurland Hamnevesen KF	205 900	Søknaden gjeld kartlegging av elektrifiseringspotensialet i reiselivsdestinasjonen Flåm. I prosjektet skal elektrifiseringspotensialet til aktørene i destinasjonen kartleggast. Det gjeld eit mylder av små og store aktørar, deriblant ei fylkeskommunal båttrute. Energimengder, effektbehov, grove tekniske løysingar med etableringskostnader og eventuelle tilskotsordningar inngår i kartlegginga. Avslutningsvis skal det gjerast greie for eventuelle samordningsmogelegheiter og fordelar.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God
Grøn2020-Spillvarme og CO2 som grunnlag for nye innovasjonar	Green House AS	352 000	Prosjektet skal kartlegge lokasjonar i Vestland Fylke med større mengder spillvarme og/eller CO2. Vi har en rekke industriaktører med store mengder varme og CO2 til overs, i tillegg til at vi også har det største punktutslippet av CO2 i Norge på Mongstad. CO2 og spillvarme er ressurser som i dag ikke utnyttes. Prosjektet skal få oversikt over lokasjonar og mengder tilgjengelig, og presentere dette i en nettløsning for å tilgjengeliggjøre det for potensielle entreprenører.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	God
UngTekno & Erasmus	Atheno	370 000	Utvikling av nytt og eksisterande næringsliv krever tidleg satsing. UngTekno er eit prosjekt som knyt teknologi og framtidens yrkesfag saman med entreprenørskap. UngTekno har vært eit svært vellukka prosjekt lokalt i Sunnhordland og Hardanger. Prosjektet er inne i sitt andre år og me held på same tid på med vidareutvikling. Som ein del av vidareutviklinga ynskjer me å utveksle og dele erfaringar nasjonalt og internasjonalt med UngTekno som det faglege utgangspunktet og tilpasse det Erasmus+	Kompetanse og karriere	God
Søknad om midlar til forprosjekt for utdanning på Voss	Næringshagen på Voss	110 000	Forprosjekt for å sjå på utdanningsbehovet i regionen og kva som må til for å få eit utvida utdanningstilbod på Voss. Dette kan gjelde både fagskuletilbod og høgare utdanning. Næringshagen på Voss var prosjektleiing for å få på plass eit tilbod om høgare utdanning frå hausten 2020. I den prosessen vart det diskutert andre utdanningstilbod, noko vi ynskjer å sjå vidare på, spesielt i lys av den situasjonen vi står i no med stor arbeidsløyse.	Kompetanse og karriere	God
Utvikling og nyskaping knytt til kveik	Vestnorsk kulturakademi	250 000	Gjærsoppen kveik, som har vore brukt gjennom generasjonar i Indre Vestland, har fått mykje merksemd særleg siste året. Vestlandskulturakademi (VKA) arbeider aktivt med å få fram kva potensiale kveik har for verdiskaping i landbruket og for reiselivet og korleis sikra denne tradisjonen for framtida. VKA ønskjer å gjennomføra eit pilotprosjekt i Vosseregionen, der dei utviklar opplegg for gardsturisme/opplevingssturisme og undervisning knytt til dette. Prosjektet vil ha overføringsverdi til andre regionar av Indre Vestland. Prosjektet vil: utvikle av event i autentiske gardsmiljø, utvikle kurs i brygging av øl med kveik, utvikle delstudium ved VKA i ølbrygging med kveik i samarbeid med HVL og utvikle delstudium ved VKA i vertskapsrolle i samarbeid med HVL.	Naturressursforvalting	God

Prosjektnamn	Søkjjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
SEAWEEPILOT	Akvahub AS	2 085 000	SEAWEEPILOT er eit prosjekt for etablering av standardisert oppstartspakke for nye tarelokalitetar til bruk langs kysten av Norge, og for prosjektet sine samarbeidsland i Nord-Atlanteren. Målet er å etablere et kostnadseffektivt, standardisert verktøy og metodikk for å prekvalifisere forskjellige lokaliteter sin egnethet til oppdrett av forskjellige typer makroalge. Verktøyet vil ha potensiale til å kunne brukas av både offentleg og privat sektor for å identifisere egnede lokaliteter.	Naturressursforvaltning	God
Økt omsetning og bruk av villfangetfisk	Matarena AS	250 000	Prosjektet er en koordinert satsing for økt omsetning og bedre utnytting av arter som sei, lyr og hyse. Restaurantane og fiskehandlarane i Vestland har ytra ønske om å auke bruken av kvitfisk – villfanget norsk fisk. Prosjektet inneheld kartlegging for større mangfald, publikumstiltak og aktivitetar for å lære korleis disse artene kan bli anvendt for å gjere menyar og fiskediskar meir lønnsame. Sjømatkonsumet i Norge går ned og er i målgruppa 18-40 nærmast halvert sidan 2012. Forbrukarane saknar eit breiare utval og manglar kunnskap om korleis sjømaten skal blir laga.	Naturressursforvaltning	God
Digital kokebok med Vestlandsretter	Matarena AS	165 000	Kokkar og publikum opplev det som utfordrande å finne tilstrekkeleg informasjon om lokal mathistorie, råvara og oppskrifter. Ved å lage en digital oppskriftsbok med 80-100 signaturretter for Vestlandet ynsker prosjektet å løfte frem mathistoria. Den digitale oppskriftsboka skal utformast som app. Prosjektet skal framheve informasjon om opphav, historie, kvalitet, bruk og tilberedelse av typiske retter og råvarer frå Vestland. Innsamling av retter skal skje i ein kombinasjon med å engasjere kokker, bransje og publikum, og spesielt matfag på vgs. Gjennom publikumengasjement i sosiale media vil prosjektet også hente inn informasjon om kva vestlendingane sjølv meiner er typiske retter for regionen. Historia bak oppskriftene og opphavet til rettane vil ha tydeleg plass i appen og prosjektet. Digitalt undervisningsverktøy for barn, fagbransje og publikum elles er også del av prosjektet.	Naturressursforvaltning	God
Kraftkrevjande industri 4.0	Vestlandsforskning	500 000	Prosjektet skal etablere ei klynge av datasenter for satsing på neste generasjons blokkjedesikring. Etter at regjeringa føreslo full el-avgift for datasentertjenester som involverte kryptovaluta, vart denne typen aktivitet stengt over natta. Mykje som tyder på at den planlagde forskriftsendringa ikkje vil bli godteken av ESA fordi den er teneste-diskriminerande. I dette prosjektet skal Vestlandsforskning saman med dataentra på Vestlandet førebu neste generasjons tenester for blokkjedesikring.	Omstilling	God
Endringsglede 3	Kvinnherad Næringservice	300 000	Corona-krisa og uro i oljemarknaden har brått snudd arbeidsmarknaden på hovudet for mange arbeidstakarar i Kvinnherad. Endringsglede har vore eit vellykka samarbeid mellom NAV Kvinnherad og Kvinnherad Næringservice (KNS) i to liknande prosjekt tidlegare, med viktig økonomisk støtte frå fylkeskommunen. Situasjonen ein er i no indikerer at det vil vere behov for å tilby arbeidsledige og/eller permitterte aktuell kursing for å stimulere til nytt arbeid og nye bedrifter.	Omstilling	God

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Attraksjon Sunnhordland	Atheno AS	200 000	Regionen Sunnhordland har eit behov for å synleggjere sin kompetanse og kapasitet for å kunne tiltrekke seg innanlandske -og utanlandske bedrifter og investorar. For å få det til, må det utviklast eit felles verkøy/ein plattform med stødig og langsiktig eigarskap frå kommunar, næringslivet og fylket. Regionen står føre store og krevjande utfordringar som vil påverke næringslivet og arbeidsplassar. Behovet for å få fram Regionen sin attraksjon, er temaet for dette forprosjektet.	Entreprenørskap og nyskaping	God
Støtte til utvikling og lansering av nytt reiselivsprodukt i Bjørnafjorden/Hardanger	Fjordfolk AS	200 000	Fjord Cruise er ein ny måte å oppleve Hardanger og Bjørnafjorden på, med Bjørnafjorden som utgangspunkt. Prosjektet er basert på samarbeid mellom fleire lokale reiselivsbedrifter innan transport, overnatting, servering og opplevingar. Fjord Cruise er ei 5-dagars rundreise i Bjørnafjorden/Hardanger der ein reiser sjøvegen i båt med kapasitet på max 40 pax. Overnattingen er lagt til hotell i begge fjordane og ulike opplevingstilbod vert inkludert i reisepakka.	Bærekraftige byer og samfunn	Nokre manglar
Omdømeprosjekt for Tysnes med fokus på hytteturisme	Tysnes Næringsråd	210 000	Tysnes Næringsråd i samarbeid med Tysnes kommune og Visit Sunnhordland ynskjer å søkja prosjektmiddel til eit omdømeprosjekt som konkret blir retta mot nærturistar på Tysnes. Vi ynskjer å bygge tettare band til brukarane av dei nesten 1300 fritidsbustadane på Tysnes, samt bygge merkevare for nærturisme.	Bærekraftige byer og samfunn	Nokre manglar
Næringspark Bjørnafjorden	Bjørnafjorden kommune	850 000	Bjørnafjorden kommune ønsker å videreutvikle si satsing på innovasjon og vekst for næringslivet ved å utvikle eit heilhetleg og berekraftig konsept; "Bjørnafjorden næringspark". Meir enn nokon gong før er det viktig å legge til rette for gode rammer for innovasjon og utvikling, og med fokus på samarbeid er målet at ein næringspark- eit innovasjonssenter- i kommunen skal skape eit betre innovasjonsmiljø, skape fleire arbeidsplassar og gje langsiktig verdi.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Næringsutvikling på Osterøy	Osterøy utvikling AS	1 810 000	Forprosjektet skal finne svaret på hvilken rolle Osterøy kommune skal ha i arbeidet med næringsutvikling i fremtiden og komme med forslag til hvordan arbeidet med næringsutvikling på Osterøy skal organiseres og finansieres i samarbeid med andre aktører og i grenseflaten opp mot andre kommuner i regionen. Forprosjekt skal berede grunnen for et samarbeid mellom kommunen og andre aktører og jobbe frem forslag til hvilke tiltak det vil være fornuftig at "Næringsutvikling Osterøy" skal jobbe med.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar

Prosjektnavn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Co-creation: digital verktøykasse for sosial innovasjon	Impact Hub Bergen	300 000	Co-creation.no er en nettside med kunnskap, ressurser, verktøy og inspirasjon som kan gjøre det enklere for folk som vil starte nye initiativer knyttet til samfunnsutfordringer vi må løse i fellesskap; en kunnskaps- og samarbeidsplattform for mennesker som ønsker å arbeide med sosialt entreprenørskap og sosial innovasjon.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Støtte til delfinansiering av Connect Vest Springbrett 2020-21 for Vestland fylke	Connect Vest-Norge	1 800 000	Connect Vest er en non-profit medlemsforening som siden 2001 har arbeidet med og for tidligfaseselskaper og deres overlevelse og utvikling. Helt sentralt i dette arbeidet har stått "Connect Springbrett", selve hovedproduktet og kjernen i Connect Vest sitt arbeid i den tidligste fasen med selskapene (før de eventuelt tas videre på "selskapsreisen" mot investorer og investorkapital gjennom CVs englenettverk). Utvalgte næringslivsekspert fra medlemsmassen gir gratis timer til panelet i SB.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Styrekurs for små og mellomstore bedrifter i Vestland	Connect Vest	655 000	Connect ønsker å lage et skreddersydd kurs for SMB sammen med våre dyktige samarbeidspartnere og medlemmer. Kurset vil ha en praktisk orientering med fokus på konkret nytte for bedriftene. Kursinnholdet skal på forhånd forankres godt hos eiere av små og mellomstore bedrifter for å sikre relevans og nytte. Vårt program skiller seg fra andre i at vi tilfører selskapene skreddersydd kompetanse om styrearbeid for SMB-segmentet, i tillegg til aktuelle styrekandidater gjennom vårt solide nettverk.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Grøn2020 Fjernvarme prosjekt Husnes	Kvinnherad Næringservice	1 400 000	Ein ønsker å sjå på utnytting av fjernvarme til grønt næringsområde knytt til regionsenteret Husnes.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar
Grøn2020 TERRAVERA Foundation "Konseptbevis" Pilot Maritim Transport og Fornybar Energi	TERRAVERA Foundation	4 884 000	TERRAVERA Foundation er en uavhengig, ideell stiftelse grunnlagt i Bergen, 2020. Formålet til stiftelsen er "bærekraft som realitet". TERRAVERA vil skape en digital plattform med verifiserte og anvendelige datamodeller for bærekraftsvurderinger, for å bidra til at verden når FNs SDG. Gjennom en global plattform vil brukere få tilgang til tilgjengelig, åpen og kvalifisert kunnskap om bærekraft. Stiftelsen samarbeider med ledende FoU-institusjoner og bedrifter i Vestland for å muliggjøre dette.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar

Prosjektnamn	Søkjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Grøn2020- Energilandet, videreutvikling fase 3	Bergen Næringsråd	250 000	Energilandet er et prosjekt som har til mål å gjennomføre et heldags utdanningsopplegg i ungdoms- og videregående skoler i Bergensregionen (fase 2) og nasjonalt (fase 3). Prosjektet har gjennomført en pilot og første oppskalerte utstilling i Bergensskolene, men må for videre faser også videreutvikles med mer og oppdatert innhold i utdanningsprogrammet, nye og mer pedagogiske gruppeoppgaver, samt en pedagogisk forankret oppfølging i etterkant av utdanningsprogrammet.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar
Grøn2020-Forprosjekt til regional energiomstilling: NET ZERO	Skjelsvik, Silje	502 040	Med økt industri og befolkning øker behovet for energi og plass i energisystemet. Bergensområdet har fortsatt et stort potensiale for energieffektivisering. Net Zero vil sette i gang et kombinert forskning og næringsprosjekt. Målet er å kartlegge hvordan nåværende løsninger kan effektiviseres og hvor det er lurt å bygge ut mer fornybar energi i Bergen Kommune.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar
Utviklingsprosjekt Rekruttering og Kompetanse	Maritime Bergen	800 000	Som samfunnet for øvrig og næringer generelt skal også det maritime redusere sine klimagassutslipp. Operasjonell maritim kompetanse, kunnskap om nye energikilder og ny teknologi er dratt frem som kritiske suksessfaktorer. Kompetanse og rekruttering er to av Maritime Bergens hovedfokusområder. De er også to områder som vi må lykkes med skal vi oppnå Norges og IMOS klimamål. Som et bidrag til dette, og for å styrke maritim næring ønsker vi derfor å øke innsatsen på disse områdene. Vi går i gang med et utviklingsprosjekt, for å først sammenfatte vår aktivitet knyttet til disse fokusområdene, for så å utvide og styrke satsningsområdet ytterligere. Vi skal fortsette med arrangementene som vi har fått så gode tilbakemeldinger og effekt av tidligere, og som Vestland fylkeskommune har vært med å støtte. Når det er sagt vil disse tiltakene bli underlagt et større program hvor vi ønsker å favne enda bredere om befolkningen. Vi ønsker å bidra til tilførsel av relevant kunnskap og kompetanse inn i til det maritime næringsliv, hvor vi bygger bro mellom utdanningsinstitusjoner og næringslivet.	Kompetanse og karriere	Nokre manglar
Søknad om støtte til Prosjekt Nordfjordakademiet	NORDFJORDAKADEMI ET	536 175	Nordfjordakademiet sitt hovud fokuset er å følge unge i Nordfjord gjennom heile utdanningsløpet for å auke kompetansen deira når det kjem til val av yrke, samt lage eit grunnlag for god kommunikasjon mellom skular, næringsliv og kommunar slik at man på lengre sikt vil framsette Nordfjordregionen som ein attraktiv bu- og bli-destinasjon. Tiltaket vil sørge for rekruttering av unge tilbake til Nordfjord, noko som på sikt vil sikre eit bærekraftig næringsliv.	Kompetanse og karriere	Nokre manglar
Ny kunnskap i ny tid	Kvinnherad Næringservice	1 200 000	Kvinnherad Næringservice (KNS) administrerer i dag Kvinnherad Studiesenter. Studiesenteret er resultat av eit tidlegare prosjekt i samarbeid mellom Kvinnherad vidaregåande, KNS, med økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune. Det er behov for å styrke tilbodet med desentralisert høgare etter- og vidareutdanning, samt kurs til lokalt næringsliv, både privat og i offentlig sektor. Gjennom ein prosjektperiode på tre år, vil ein kunna etablere eit breidt og nyttig lokalt tilbod. For å kunne tilrettelegge for aktuelle utdanningar og kurs ser ein no på moglegheitene for å styrkje Kvinnherad Studiesenter. Dette gjer seg spesielt gjeldande i krisen ein er inne i no, både mtp korona, låg oljepris og låg kronekure.	Kompetanse og karriere	Nokre manglar

Prosjektnamn	Søkjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Søknad om midler til kultivering av fiskebestanden i Haukedalsvatnet.	Haukedalsvatnet Grunneigarlag	40 000	Haukedalsvatnet Grunneigarlag har som formål å forvalte fiskeressursane i Haukedalsvatnet. Prosjektet skal fisk ut småfisk for bidra til å auke størrelsen på fisken, for å stimulere til interesse for sportsfiske og næringsfiske. Det er mange utleigehytter i Haukedalen. Området er godt eigna for fisketurisme. For mange av bøndene i Haukedalen vil dette være en tilleggsinntekt i tilknytning til gardsdrifta. Haukedalsvatnet ligger langs Nasjonal Turistveg, Gaularfjellet. I prosjektet Nasjonal Turistveg blir det vist til gode moglegheiter for ørretfiske i diverse fiskevatn langs vegen.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Pilot for virtuelt arrangementskonsept for THE OCEAN 2020 til vidare bruk for andre virksomheter	The Seafood Innovation Cluster	300 000	THE OCEAN 2020 er planlagt gjennomført i Bergen 17-18 september, men Covid-19 situasjonen medfører stor usikkerheit rundt moglegheitene for å samle mange menneske fysisk på et stort arrangement allereie på dette tidspunktet. Prosjektet ynskjer å utvikle ein pilot for eit virtuelt arrangementskonsept som skal nyttast for THE OCEAN og som også kan nyttast og vidareutviklast av andre aktørar og verksemdar som planlegg større møteplassar framover.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Økt Innovasjon i Havnæringene (INNOHAV)	GCE Ocean Technology SA	4 200 000	GCE Ocean Technology søkjer om prosjektet INNOHAV. INNOHAV skal nytte ein strategisk kombinasjon av innovasjonsfinansiering, innovasjonsrådgjeving, workshops og seminar/webinar til å avdekke, konkretisere og adressere innovasjonsbehov i næringslivet. GCE Ocean Technology sine medlemmar og har moglegheiten til å skape ein ny norsk leverandørindustri innanfor flytande havvind offshore havbruk og utvinning av dyphavsmineral. Verktøya i INNOHAV inkluderer direkte forprosjektstønad til innovasjonsprosjekt i næringslivet. INNOHAV vil gje kupongar for innkjøp av innovasjons- og teknisk assistanse. Prosjektet vil gje stønad til kunnskapsoverføring og teknologisk integrasjon.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Samskaping innan næringsutvikling på kysten	Aksello AS	350 000	Forprosjektet ynskjer ein å gjere ei kartlegging og få ei oversikt over kva behov næringslivet i kystregionen har for virkemidlar og næringsutvikling, og korleis næringsapparatet i kystkommunane på best måte kan levere desse tenestane til næringslivet. Det vil vere viktig å sjå på kva samarbeidsform og korleis samskaping mellom organisasjonane bør sjå ut for å optimalisere dei tilgjengelege ressursane i dagens næringsutviklingsapparat. I dialog med Kinn kommune, Kystrådet og Måløy Vekst ynskjer Aksello å sjå på potensialet for endå betre samarbeid mellom næringsorganisasjonane og sikre at næringslivet får tilgang til dei rette virkemidlane for å lukkast med å skapa nye berekraftige arbeidsplassar i kystregionen.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Utvikling av Sunnhordland fiskerihavn - Bømlo 2020	Bømlo Fiskerihavn AS	610 000	Sunnhordland planlegg fiskerihavn i Langevåg heilt sør på Bømlo, tett på skipsleia gjennom Bømlafjorden og Nordsjøen. Hamna skal verta eit regionalt knutepunkt for logistikk på sjø med fiskeri og fiskeindustri som merkevare. Bakom hamna skal det verta 800 da næringsområde, tilrettelagt for fiskeindustri, fiskematproduksjon, tenesteyting til fiskeflåten, landbasert fiskeoppdrett, anna industri og næring. I omstillingsarbeidet til Sunnhordlandsindustrien er dette ei særskilt viktig satsing.	Omstilling	Nokre manglar

Prosjektnamn	Søkjer	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Grøn omstilling og utvikling i Sogn	Sogndal kommune	1 000 000	Bidra til å jobbe fram nye grønne forretningsmodellar, vere med å utvikle kortreiste verdikjeder og støtte arbeidet med å skape meir berekraftige bedrifter i Sogn.	Omstilling	Nokre manglar
Grøn2020 - ØKO-SYSTEM TENESTER I SOGN Bedriftsnettverk for innovasjon i sunn mat og utandørsaktivitet	Bratt Moro as	150 000	Eit bedriftsnettverket for omstilling, innovasjon og verdiskaping knytt til sunn og aktiv livsstil basert på* det breie tverrfagleg ressursgrunnlaget i Sogn. 1 Utvikle eit internasjonalt retta heilskapleg næringsmiljø for helsefremjande utandørs aktivitet 2 Tverrfagleg og sektorovergripand samarbeid mellom verksemdar i ein nasjonalt leiande landbruksregionen for sunn og rein mat og opplevingar 3 Bygge samarbeid med internasjonale aktørar på* delområdet utstyr til utandørs aktivitetar.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar
Sentralisert biogass HUB Sunnhordland - Utvikling av sirkulære verdikjeder i samarbeid med bønder	SUNNHORDLAND NATURGASS AS	350 000	Prosjektet «Sentralisert biogass HUB Sunnhordland» skal kartlegge, modellere, sette opp standardiserte prosesser og rutiner, gjøre avtaler og iverksette den sirkulære verdikjeden mellom lokale bønder, underleverandører og Norges mest avanserte industrianlegg for produksjon av biogass, biogjødsel og bio-CO2. Prosjektet fokuserer på samhandling, verdistrømmer og verdisyklus mellom aktørene i verdikjeden.	Grønn konkurransekraft og klimainnovasjon	Nokre manglar
Forprosjekt Det blå Huset	Vestlandets Innovasjonsselskap	300 000	Det blå huset skal være en fysisk lokasjon på ca 1500 m2, med gode workshoprom, undervisningsrom og utstyr for prototyping. Partnerne i prosjektet skal med gode verktøy og metoder tilby tjenester for å finne innovative og bærekraftige løsninger på de mange utfordringene i havnæringene. Forprosjektet skal utrede konseptet videre og utvikle tjenestene og bærekraftige forretningsmodeller.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Akademia møter næringsliv: Tverrfaglig kurs fra systemtenking via kreativ problemløsning til FOUI	Bergen teknologioverføring ved Anders Haugland	2 500 000	Søkar har trukket søknaden! Vi står i dag overfor mange globale trusler. COVID-19-pandemien er et eksempel på en trussel som kom brått, men vil vare lenge. En annen utfordring er klimaendringer og det nødvendige grønne skiftet, som spiller seg ut saktere, men krever at vi handler nå. Prosjektet er å tilby et tverrfaglig kurs og en møteplass hvor næringsliv og akademia møtes for å løse konkrete utfordringer. Prosjektet byr på en re-start etter nedstengningen av samfunnet våren 2020.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar

Prosjektnavn	Søkker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Videreutvikle Speis 2.0 - en plattform for å utløse ny gründerkapning	Vill Arkitektur AS	500 000	Videreutvikling av den digitale plattformen "Speis" til en plattform for å utløse gründerkraft, engasjement, skaperglede og gjennomføringskraft i en befolkning rammet hardt av Koronaepidemien herjinger.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
International Blue Cooperative (IBC) forprosjekt	Demos Norge AS	150 000	International Blue Cooperative (IBC) vil etablere Europa som en global referanse i bærekraftig og etisk forvaltning av marine ressurser. Cooperativet tilbyr veganske proteiner og oljer til ledende aktører i et globalt marked, som sikres stabil levering og kan omlegge fra animalske til veganske ingredienser. Sertifisering for karbonvoter og global markedstilgang sikrer lokal vekst og oppbygging av lokale arbeidsplasser. 11 land er representert og en white paper presenteres EUkommisjonen i juni	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Gay på landet - en dokumentar om unge skeive på Stad	Stad location	500 000	I dokumentarserien 'Gay på landet' møter vi unge mennesker i Stad som står åpent frem om sin legning. De vil dele sine historier, sine tanker og sine ønsker for fremtiden med oss. Stad kommune er blitt større! Og med det har også mangfoldet fra en dag til en annen blitt større. Unge mennesker, stort areal, små tettsteder - ønsker, drømmer, håp. Det er viktig å favne alle for å bygge et godt samfunn hvor alle føler seg inkludert og trygge. Kan Stad kommune bli et godt eksempel for andre kommuner	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Felles Innovasjon og næringsutvikling Voss og Hardanger	Næringshagen i Hardanger AS	400 000	Næringshagane i regionen Voss og Hardanger vil samarbeide om nye målbedrifter og kompetansehevande tiltak i Hardanger og Voss. Siva har støtta prosjektet med kr 1.500.000 og vi søker no Vestland om deltidskot for fullfinansiering av prosjektet (sjå vedlagt prosjektsøknad med vedlegg).	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar
Pilot - internasjonalt "Serie A Investment Readiness" program for selskaper i vekstfasen	Luna Capital AS	1 450 000	Pilotprogrammet skal teste hvordan vi kan tilrettelegge for at bedrifter i Vestland blir mer investorklare. Tross et støttesystem i verdensklasse, med tidligfasefinansiering som skaper mange potensielle suksesser, evner få selskaper å tiltrekke seg «Serie-A» kapital på 10-50 millioner for videre vekst- og internasjonalisering. Selskapene stagnerer da ofte uten å nå potensialet sitt, eller blir solgt rimelig til en internasjonal konkurrent. Slik tapes verdifulle arbeidsplasser for regionen.	Entreprenørskap og nyskaping	Nokre manglar

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Kort samendrag av søknaden	Innsatsområde	Administrativ vurdering
Innovativt kystfiske	Det kongelige selskap for Norges vel	465 000	Norges Vel ønsker å bidra til å øke i berekraftig kystfiske og kartlegge om det er mogleg å etablere ei verdikjede som tek vare på behovet for mat, matsikkerheit og berekraftig ressursforvaltning. Prosjektet vil etablere nye strukturer som samvirkemodellar eller ideelle aksjeselskap. Målet er å rekruttere fleire unge kvinner og menn til berekraftig kystfiske gjennom ny organisering. På Vestlandet er det få mottaksanlegg for fisk og sjømat. Ved å etablere mottakstasjonar i ledige naust og sjøhus, vil prosjektet gjere leveransane meir tilgjengelege. Kvalitet på råvarene skaper unike matopplevingar. Tidsfaktoren og kjøling frå fisken vert fanga til den når utsalet, er avgjerande for kvalitet. Restaurering av naust og sjøhus vil kunne gje alternative løp til fagbrev innan tømmer- og bygningsfaga.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Kjøkken og karriere	Ny sjanse, NAV-Bergenhus, Bergen kommune	700 000	Søker er Ny Sjanse, som er eit kvalifiseringscenter v/NAV-Bergenhus og Bergen kommune. Ny sjanse har ein arbeids- og læringsarena som heiter «Mat og prat». Formålet med denne er å hjelpe innvandrere med å kome inn på arbeidsmarknaden. Det vart jobba språk- og arbeidstrening, kulturforståing og meir. Søker ønsker at denne arenaen skal få ein grønare profil, bli meir interessant for det lokale næringsliv, at målgruppa får grunderopplæring og motiverast til innovasjon, og at kjøkkenet skal bidra til sosiale møter på tvers av generasjonar og landbakgrunn. Gjennom prosjektet ønsker Ny sjanse å styrke sin innsats innan: grunnleggande opplæring i samarbeid med lokalt næringsliv, grønare og meir berekraftige måltid og grønare drift av kjøkenet, grunderkompetanse og generasjonsmøter. Dei vil også styrke nettverket inn mot næringslivet i Bergen og samarbeidet med Bergen sentrum AS.	Naturressursforvaltning	Nokre manglar
Leiarskap i krisetider	Athens AS	820 000	Forutsetninga for å lukkast med omstilling er gode leiarar. Og dagens globale situasjon krev ein ny type leiar og ein ny type kompetanse. Athens er utfordra på å sette dette på agendaen, og å arbeida måleretta for å utvikla "Leiarskap i krisetider". Lave oljeprisar og pandemien corona har sett næringslivet i ytterlegare krise. Leiing med innovasjonsevne/kompetanse/kapabilitet og effektivitet knytt til organisasjonar vert stadig meir avgjerande for næringslivets verdiskaping og konkurransekraft.	Omstilling	Nokre manglar
	SUM	46 220 115			

Søknader gitt administrativt avslag ved fullmakt fylkesdirektør. Jfr. heimel i retningslinjer for verkemiddelbruk og utlysingstekst i HNV utlysing 15. april 2020.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Spillhus Bergen - spillprodusenter i Vestland fylke	Bergen Game Technology Hub	1 010 000	<p>Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt inntil 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva).</p> <p>I særskilde tilfelle som til dømes forstudiar og forprosjekt kan prosjekt støttast med ein høgare sats. Dette skal grunngjevast særskilt i saksutgreiing.</p> <p>Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.</p>
Digital transformasjon. Digitalt tilgjengelige ingeniørtjenester: "Lomme-ingeniøren"	Multiconsult Norge AS	3 000 000	<p>Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.</p>

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Støtte HMS systemer til ryddeaksjoner	Digitalt Regn AS	462 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Forprosjekt Sunnfjord Waves	Sunnfjord Waves ved Daniel Lira Figueiredo	92 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Søknad om støtte til Start-skolen, et kurs som stimulerer til gründerkultur blandt økonomistudentar	Start NHH	9 800	Distrikt- og regionalpolitisk verknad: Søklar skal synleggjere at prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad. Effekt over eit større geografisk område: Mindre prosjekt utan regional effekt eller overføringsverdi i form av tema eller metodeutvikling får normalt ikkje støtte.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Inunet 2020-2021	Vestlandets Innovasjonsselskap AS	800 000	Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre.
Digitalisering av "Den lærende bedriften" - Nye verktøy og metoder	Aritech AS	400 000	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Søknad om tilskot til "Nye Sunnhordlandstunet"	Sunnhordland museum	16 700 000	Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Laugaren - flytende badstu, aktivitetsplattform og møtested i Bergen Sentrum	Bergen Laugarlag	105 000	Frå utlysinga av HNV: Midlane skal gå til mjuk infrastruktur som til dømes utviklingsarbeid, kompetanseheving og tilrettelegging for næringsutvikling. Distrikt- og regionalpolitisk verknad: Prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad. Effekt over eit større geografisk område: Mindre prosjekt utan regional effekt eller overføringsverdi i form av tema eller metodeutvikling får normalt ikkje støtte.
Utsettelse HavEXPO 2020	HavEXPO AS	250 000	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. "Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre."
Grøn2020 Oppsirkulering av havplast til nye produkt i en regenerativ verdikjede	Ogoori AS	37 325 000	Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt inntil 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva). Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Grønn 2020 - Lokalprodusert grønn hydrogen	Liquiline LNG AS	270 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Grøn2020, Shelterbike	Folk og Røvere i Team c/o Arild Inge Bakke	510 500	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. I nokon høve kan fylkeskommunen løyve midlar til godt grunngjevne tiltak med form av drift.
Grøn2020. Forstudie: Konsept for flytande solkraftproduksjon i Rudsviki, Sogndal kommune	Kaupanger Energi AS	191 600	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. (Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.)

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Grønn2020 - TOTALT KONSEPTPROSJEKT FOR Å LØSE OPP OG ELLER OKSYDERE CO2-GASSUTSLIPP	Composite Consulting AS	11 726 155	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Forprosjekt energieffektivisering i større bygg	BKK Strøm AS	450 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Støtte til etablering av eit biogassanlegg i Kvinnherad Kommune	Hardanger Biogass AS	197 500	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehold av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehold er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Forstudie ladeløsninger til elbåt på fórflåter og merdkant	BKK Elektrifisering (tidl. BKK Energitjenester)	525 000	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Grøn2020- TV-Produksjon som vil kommunisere 0-utslippsvisjon i Vestland Fylke.	Line Lone Tofte	2 000 000	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Avfall som ressurs for mat- og energi produksjon - FN's Bærekraftmål nr 1,2,9,12,13 og 17	PEP – Portable Energy Plant AS	4 107 250	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Bergen Internasjonale lysfestival Bergen Lights januar 2021	Bergen sentrum AS	900 000	Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen
Innovasjon og næringsutvikling i Myrkdalen	Myrkdalen hotel	4 800 000	Frå utlysinga av HNV: Midlane skal gå til mjuk infrastruktur som til dømes utviklingsarbeid, kompetanseheving og tilrettelegging for næringsutvikling.
Naudsynt omstilling av driftsmodell	Peak Space AS	400 000	Driftskostnader og vedlikehald: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.

Prosjektnamn	Søker	Søkt om	Hjemmel retningslinjer for søkjargode prosjekt
Hvordan kan vi gjøre samarbeidet mellom kommunen og ildsjeler bedre?	Willder AS	3 150 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
Eablering av Virtual Expo - 3D-messe	Aqkva AS	729 000	Driftskostnader og vedlikehold: Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt.Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag.
	SUM	90 110 805	

Søknader flytta frå HNV utlysing 15. april 2020 til annan fylkeskommunal finansieringsordning.

Prosjektnamn	Søkt om	Ny ordning
Kompetanseheving på Microsoft sky- og sikkerhetsløsninger	180 000	BIO midler
Nytt kunnskapsgrunnlag - etablering av alternative fremtids-scenarier, Nordhordland	1 500 000	Flytt til tiltakspakke
VIS Nyskapingsparken 2020 - Partnerskapsmidler	700 000	Partnerskapsmidlar
SUM	2 380 000	

Saksnr: 2020/50456-1
Saksbehandlar: Harald Norvald Offerdal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	42/20	04.06.2020
Fylkesutvalet		18.06.2020

Dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke.

Forslag til innstilling:

1. Det er sett av ei årleg ramme på 4 mill kroner til kommunale næringsfond i økonomiplanperioden 2021-2024. Ei ytterlegare finansiering ut over dette, må avklarast i den vidare budsjettprosessen.
2. Fylkesrådmannen blir beden om å legge fram ei sak om korleis ein skal organisere ei ordning med kommunale næringsfond i Vestland fylke i løpet av hausten 2020

Samandrag

Denne saka er ei oppfølging av vedtak i sak 20/2020, 16.04.2020, der Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ba administrasjonen kome attende med ei sak der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke.

Fylkestinget vedtok i sitt budsjett for 2020 å sette av 4 millionar kroner til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Denne saka drøftar ikkje budsjettmessig avsetnad til kommunale næringsfond, ut over å belyse ulike modellar for kva oppretting av ei ordning for Vestland fylke vil innebere av økonomi ut frå ulike satsar pr. tildelt kommune. Ut frå at Vestland fylke har starta budsjettarbeidet for 2021, vil det være opp til Finasutvalet å vurdere i budsjettprosess om det skal setjast av midlar til kommunale næringsfond i 2021. Ut over dei 4 millionane som ligg i budsjett 2020, vurdere administrasjonen at der ikkje er rom i eksisterande ramme for å auke denne posten. Om ynskjeleg kan administrasjonen legge fram ei sak om korleis ein skal organisere ei ordning med kommunale næringsfond i løpet av hausten 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Konesjonsavgifter 2019 Hordaland
2. Konesjonsavgifter 2019 Sogn og Fjordane
3. Oversikt kommunar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet Hordaland og Sogn og Fjordane
4. Innspel frå Sunnfjord kommune

Saksutgreiing

Dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke.

Bakgrunn

Det blir vist til følgjande politiske vedtak:.

Sak14/19 Budsjett2020/økonomiplan 2020-2023 i Fylkestinget:

Kommunale næringsfond:

Løyvinga skal gå til dei kommunane i SF som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.

Sak 20/20 Tildeling til kommunale næringsfond 2020 i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon punkt 7:

Hovudutvalet ber administrasjonen kome attende med ei sak i vår der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland.

Denne saka er for det første ei oppfølging av det siste vedtaket der hovudutvalet ba administrasjonen kome attende med ei sak der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland fylke.

Samstundes er fylkeskommunen midt oppe i ein budsjettprosess der ein må ta stilling til om det skal setjast av midlar til kommunale næringsfond i 2021.

Nærmare om ordninga med kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond er ei fondsordning som gir kommunar midlar til lokale næringsutviklings-tiltak.


Formålet med ordninga har vore å styrke næringsutviklinga og sysselsettinga i område av landet med særlege distriktsutfordringar. Retningsliner for bruken av fonda har variert alt etter kva regjering som har gjeve tilsagn.

Grunngjevinga for å etablere ei ordning med kommunale næringsfond har vore at kommunane sjølve veit best kor «skoen trykkjer». Vidare at ordninga skulle bidra til auka lokalt engasjement innan næringsutvikling. Dette for å skape ein breiare basis for sysselsetting i den enkelte kommunen, samt skape ein tettare kontakt mellom kommunen og lokalt næringsliv.

Dette var i si tid øyremerkta statlege midlar frå staten via dei Regionale utviklingsmidlane. Fylkeskommunane har forvalta ordninga og fordelt midlane vidare til kommunane. Øyremerkinga vart etter kvart teken bort, men med statlege føringar om at fylkeskommunane likevel sette av tilstrekkeleg med midlar av dei sokalla regionale utviklingsmidlane til kommunale næringsfond. Ordninga har totalt sett kome under press etter kvart som potten til regionale utviklingsmidlar har vorte monaleg redusert dei siste åra.

Figuren under viser den samla reduksjonen i Regionale utviklingsmidlar frå staten til Hordaland og Sogn og Fjordane fylker frå 2012 til 2020. Der er slik administrasjonen vurderer det ikkje rom for å sette av ein større pott enn dei 4 millionane til Kommunale næringsfond innanfor ramma som er sett av til tiltaksmidlar i 2020 på næringsområdet.

KMD-midlar til Vestland historisk



Det er kommunane sjølve som avgjer korleis pengane skal brukast innanfor rammene av mellom anna forvaltningslova, reglar om statsstønad, staten sitt økonomiregelverk og statlege og fylkeskommunale retningslinjer.

Ikkje alle kommunar er kvalifisert for ordninga. Kommunar som er utanfor det distriktpolitiske verkeområdet og/eller med kraftinntekter i form av konsesjonsavgifter over ein viss terskel har felle utanfor ordninga.

Distriktpolitiske verkeområde er område i ulike delar av landet med særskilde utfordringar som blir møtt med distriktpolitiske verkemiddel.

Det distriktpolitiske verkeområdet er ei geografisk avgrensing som består av tre soner - sone II, III og IV. Sone I er utanfor verkeområdet.

I sonene III og IV kan midlar brukast til distriktsretta investeringsstønad under notifiserte stønadsordningar forvalta av Innovasjon Norge.

Verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad er eit geografisk avgrensa verkeområde som omfattar 281 kommunar (før kommunesamanslåingane). Avgrensinga er basert på utfordringar knytt til:

- Reduksjon eller ingen auke i folketallet
- Store avstandar
- Utfordringar knytt til sysselsetting, arbeidsmarknad og levekår

Når vi i denne saka snakkar om distriktpolitisk verkeområde, har vi valt å bruke verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad som ei geografisk avgrensing. Ikkje minst fordi at dette samsvarar med Innovasjon Norge sitt verkeområde for distriktsretta investeringsstønad. Slik sett kan ein også sjå bruken av verkemidla i samanheng.

I sonene II, III, og IV kan det i tillegg nyttast midlar til kommunale grunnlagsinvesteringar som stadutvikling, vassverksutbygging og tilrettelegging for næringsverksemd.

For kraftkonsesjonar gitt etter reguleringslova eller ervervslova pliktar utbyggjar å avgi konsesjonsavgifter og konsesjonskraft til staten og berørte kommunar. Når vi i denne saka snakkar om kraftinntekter, så er dette relatert til den årlege konsesjonsavgifta utbyggjar er pålagt å betale berørte kommunar. Inntekter ved sal av konsesjonskraft blir ikkje rekna med i grunnlaget.

Arbeidsdeling fylkeskommunane og Innovasjon Norge

Dei kommunale næringsfonda fungerer i skjeringspunktet mellom kva som er fylkeskommunen og Innovasjon Norge sine næringsretta oppgåver. Difor har det vore nødvendig å klargjere denne arbeidsdelinga.

Vi siterer her frå avtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Innovasjon Norge:

Kommunane skal konsentrere sitt arbeid om etablerarar og småskala næringsliv. Mindre bedrifter og personar som ikkje har eit kundeforhold til IN, bør som hovudregel ha førstekontakten mot kommunen. Bedrifter som har eit forhold til Innovasjon Norge frå før, og større etablerte bedrifter forhold seg normalt direkte til IN sitt distriktskontor. Når det gjeld bygdeutviklingsmidlane er det ei klar rolledeling mellom kommunane og IN, nedfelt i ei eiga forskrift.

Kommunane er normalt første kontaktpunkt i tidleg fase og ein samtalepartner for foredling og vidareutvikling av bedrifta eller etableraren sin ide. Kommunane må kunne yte praktisk bistand i oppstarts- eller planleggingsfasen. Dei minste bedriftene og entreprenørane har ei rekkje behov for tenester og service som dei bør ha tilgang til i kommunen:

*Rådgjeving
Nettverk
Mobilisering
Finansiering*

Status i Vestland fylke – ulike ordningar i dei gamle fylka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ei ordning med kommunale næringsfond fram til fylkessamanslåinga. For 2020 er ordninga vidareført som ei mellombels ordning for kommunar i Sogn og Fjordane som ikkje er samanslegne. Fire millionar kroner er fordelt på sju kommunar.

I Hordaland har regionråda hatt partnerskapsavtalar med fylkeskommunen, sist for 2018 til 2020. Innhaldet i avtalane er knytt til rådgjeving og rettleiing for bedrifter og etablerarar, informasjon, kompetanse og finansiering for etablerarar og bedrifter. Regionråda har fått til saman 820 000 kr.; fordelt med 230 000 kr. til kvart av tre regionråd og 130 000 kr. til eitt regionråd.

Dei kommunale næringsfonda i Sogn og Fjordane og innhaldet i partnerskapsavtalane i Hordaland har i praksis hatt det same formålet. Skilnaden er at mens Sogn og Fjordane har gitt denne typen midlar direkte til kommunane, har Hordaland late desse gå via regionråda.

Vurdering etablering ordning med kommunale næringsfond i Vestland fylke

Kvifor ordning med næringsfond

Dei kommunale næringsfonda har for mange kommunar vore dei einaste stimuleringsmidlane ein har hatt for å bidra til lokal næringsutvikling. Fonda har hatt ei innretning som har knytt dei tett til den enkelte kommunen sin næringsstrategi. Samstundes har dei vore med på å utløyse prosjekt i og for næringslivet som elles ikkje ville blitt gjennomført. Fonda har utgjort ein tydeleg positiv skilnad for dei kommunane som har fått tilskot. Kravet om næringsapparat og formelle planar for arbeidet har vor med på å tydeleggjere og målrette arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i kommunane.

Distriktsenteret skriv dette om kommunale og regionale næringsfond:

«En evaluering av kommunale og regionale næringsfond viste at de kommunale næringsfondene har en særlig verdi for å styrke kommunen som pådriver for lokal nærings- og samfunnsutvikling. Evalueringen viste at de kommunale næringsfondene er av stor betydning for samspillet mellom det lokale næringslivet og kommunens førstelinje for næringsutvikling. Evalueringen viser at en velfungerende førstelinjetjeneste bidrar til å trekke til seg bedrifter og gründere som trenger hjelp til etablering eller videreutvikling av sine foretak. Flere av disse ville ellers ikke ha oppsøkt hjelp i det kommunale næringsapparatet. Kommunenes oppgaver utover det rent finansielle, som omfatter rådgivning, henvisningskompetanse og hjelp til nettverksbygging, vurderes av fondsmottakerne å være av stor betydning. Det å få midlene til å spille sammen med en velfungerende første- linjetjeneste er dermed avgjørende for å oppnå ønskede resultater ([Rambøll](#) og [Telemarksforsking 2012](#)).»

Kommunale eller regionale næringsfond

Staten vurderte i si tid ved fleire høve om løyvingar til kommunale næringsfond skulle gå heilt eller delvis til interkommunale organ. Dersom ein legg forvaltninga av midlane til interkommunale

organ, kan ein stimulere til interkommunale prosjekt og regional samordning av arbeidet med innovasjon og næringsutvikling. Strategisk næringsplan for Bergensregionen er døme på slik samordning. Det å utvikle næringsvenlege regionar vil bli ei sentral utfordring for nye Vestland.

Sogn og Fjordane har stimulert til nærings samarbeid gjennom stimuleringsstilskot. Kommunane har fått to typar stimuleringsstilskot: felles fyrstelineteneste og felles næringsfond. Kvar stimuleringsstilskot har vore på kr. 100 000 (per kommune som får innvilga stimuleringsstilskot). Men ei evaluering som fylkeskommunen gjorde, synte at ein ikkje kan seie at det er stimuleringsstilskota som fører til nærings samarbeid. Det var likevel grunn til å tru at det kan ha noko verknad når tilhøva elles ligg til rette for dette.

Det som talar for å halde på ei ordning med direkte utbetaling til kommunane er mellom anna:

- Kommunane sine komparative fortrinn er nærleik - kommunane sjølve veit best kvar «skoen trykkjer». Det å få denne typen midlar til å spela saman med ei velfungerande fyrstelineteneste er ein viktig suksessfaktor for å oppnå gode resultat.
- Økonomiske verkemiddel som kommunale næringsfond vil vere til hjelp for å styrke kommunane i sitt arbeid overfor etablerarar og eksisterande næringsliv.
- Lokal nærings- og samfunnsutvikling heng saman og er gjensidig avhengig av kvarandre. Er til dømes det kommunale tenestetilbodet lite tilfredsstillande, blir det mindre attraktivt å etablere arbeidsplassar og vanskelegare å rekruttere arbeidskraft til kommunen.
- Lokal mobilisering.

Finansiering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har finansiert ordninga med kommunale næringsfond frå dei regionalpolitiske utviklingsmidlane over programkategori 13.50 kapittel 550, post 64 «Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar». For 2020 har innretninga for programkategorien vorte endra som følgje av regionreforma. Mellom anna har dette ført til at post 64 no er innlemma i fylkeskommunane sitt rammetilskot. I framtida kan vi difor ikkje rekne med å finansiere ei ordning med kommunale næringsfond med denne typen øyremerka statlege midlar.

Vestland fylkeskommune kan såleis måtte finansiere ei framtidig ordning med kommunale næringsfond innanfor eigne budsjettammer.

Eit anna alternativ er å avskaffe ordninga med kommunale næringsfond og la Innovasjon Norge utføre oppgåver overfor bedriftene som i dag blir ivareteke av kommunane. Dette kan skje innanfor tildelte ramar eller ved at dei blir tilført ekstra midlar til dette. Det som talar imot ei slik ordning er mellom anna nærleiksprinsippet, lokal kunnskap og målsettinga om å styrke fyrstelinetenesta i kommunane.

Vel ein å bruke eigne midlar, står ein derimot friare i høve kva kriterium ein vil leggje til grunn for ei slik ordning.

Vurdering kriterium for tildeling midlar gitt at ein vel å bruke eigne midlar

Ikkje alle kommunar har vore kvalifisert for ordninga med kommunale næringsfond finansiert med statlege midlar. Kommunar som er utanfor det distriktpolitiske verkeområdet og/eller med kraftinntekter over ein viss terskel har falle utanfor ordninga.

Sogn og Fjordane har som sagt hatt ei ordning med kommunale næringsfond over fleire år. Heile fylket var definert innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.

Kommunar med konsesjonsavgifter (kraftinntekter) under 2 mill. kr fekk tildelt midlar til kommunale næringsfond dersom dei oppfylte fire krav:

1. retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet.
2. eit tilfredsstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til fyrstelinetenesta og kontaktinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa.
3. ein strategi for næringsutvikling.
4. årsrapport.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte for nokre år sidan ei evaluering av ordninga. Evalueringa viste at kommunane var nøgde med fordelingskriteria slik dei var. Dei opplevde kriteria som rettvise og stabile.

Dersom Vestland fylkeskommune vel å finansiere ei ordning med kommunale næringsfond med eigne midlar, må ein gjere nokre val:

- Kommunale næringsfond har frå starten av vore eit viktig næringsretta distriktpolitisk verkemiddel.

Eit viktig regionalpolitisk perspektiv for Vestland er at heile fylket skal takast i bruk. Då må politikken i differensierast ut i frå ulike behov i ulike delar av fylket. Det er ulike rammer for verksemdar og næringsmiljø og ulik tilgang på relevante samarbeidspartnarar, kunnskap og kompetent arbeidskraft. For å nå målet om å ta heile i fylket i bruk, bør ein difor tilpasse arbeidet for næringsutvikling til regionale og lokale tilhøve.

Når ein skal vurdere kriterium for tildeling av kommunale næringsfond, vil det difor vere naturleg å avgrense dette til dei distriktpolitiske verkeområda - område i fylket med særskilde utfordringar som vi mellom anna kan møte med kommunale næringsfond.

Vi har ikkje funne oppdaterte oversikter over kommunar i Vestland som kjem inn under det distriktpolitiske verkeområdet etter at kommunesamanslåingane blei sette i verk. Slik det ser ut vil ikkje samanslåingane påverke kva område i fylket som kjem inn under ordninga.

Heile gamle Sogn og Fjordane kom inn under det distriktpolitiske verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad og 17 kommunar i gamle Hordaland. I Sogn og Fjordane har 26 kommunar blitt til 18, og dei 17 kommunane i Hordaland har blitt til 14. Samla vil 32 kommunar i Vestland vere i det distriktpolitiske verkeområdet.

- Motsett kan ein velje å sjå kommunale næringsfond som ei generell og distriktsnøytral ordning for alle dei 43 kommunane i Vestland. Dette for å styrke kommunal innovasjon og næringsutvikling.
- Ei anna viktig avgrensing for tildeling av kommunale næringsfond har vore kraftinntekter. Kommunar med inntekter av konsesjonsavgifter over ein viss terskel har falle utanfor ordninga.

Det vil vere naturleg å vidareføre dette kriteriet i Vestland fylke. Det ein kan vurdere er taket for inntekter som kvalifiserer for ordninga. Til dømes hadde Sogn og Fjordane eit tak på 2 millionar der kommunar som hadde meir enn 2 millionar i inntekt fall utanfor ordninga.

Gitt at ein set eit tak på 2 mill kr i kraftinntekter, vil berre 15 kommunar i Vestland kome inn under ordninga. Det vil seie at av 32 kommunar som kjem inn under det distriktpolitiske verkeområdet, vil 17 falle utanfor ei ordning med kommunale næringsfond på grunn av storleiken på kraftinntektene.

- Vidare bør det vere ein føresetnad for tildeling at kommunen har eit tilfredsstillande næringsapparat, eigen næringsplan/-strategi og rapporterer på bruken av midlane. Elles vil forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar, det fylkeskommunale økonomireglementet (viss fylkeskommunale midlar), eigne retningslinjer og reglar for offentleg stønad måtte gjelde.
- Kommunale næringsfond bør som før nyttast til tiltak som fremjar næringsutviklingsarbeidet i kommunen, og då i første omgang til tilrettelegging og støtte til nyetableringar og dei minste bedriftene. Det bør også kunna nyttast til forstudie og forprosjekt, utvikling av nye forretningsområde og lokalmarknadsbaserte prosjekt i større bedrifter.

Det ein eventuelt kan mjuke opp i, er at midlane kan nyttast til lokale prosjekt som fremjar arbeidet med næringsutvikling, men ikkje er direkte bedriftsretta. Til dømes for å:

- ✓ betre og styrke lokal samhandlinga mellom næringslivet, kommunen og lokalsamfunnet og
- ✓ fremje lokal samfunnsutvikling.

Samla vurdering

Joakim Systaddal som er tenesteleiar - nærings- og samfunnsutvikling i Sogndal kommune, seier dette om kommunale næringsfond:

Fonda har spelt ei rolle i arbeidet med å realisere dei felles strategiane og måla i næringsutviklingsarbeidet. I dette arbeidet er operative midlar viktige for å kunne bidra i viktige prosjekt, løyse ut private midlar og ta ei førande rolle i arbeidet med å skape arbeidsplassvekst, stimulere til innovasjon og bidra til utvikling i viktige næringar. Det er ikkje eit poeng at ordninga vert vidareført akkurat som før, men ein pott midlar som er avsett til tiltak som byggjer opp under dei strategiane er svært viktig for å kunne halde fram det gode arbeidet som har vore innan næringsutvikling.

Ei ordning med kommunale næringsfond for heile Vestland bør først og fremst rettast direkte mot kommunane for oppnå mest mogleg lokale gevinstar. I høve lokalsamfunnsutvikling har Vestland lagt seg på ein strategi med å byggje lokalsamfunna «nedanfrå og opp». Dette ved hjelp av lokal mobilisering der både innbyggjarar, kommunal forvaltning, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet må spele på lag for å lukkast. Det å stimulere til lokal næringsutvikling blir ein viktig og avgjerande del av denne mobiliseringa.

Samstundes er det behov for ei regional samordning av næringsutviklingsarbeidet. Dette for å styrke den regionale kompetansen, stimulere til interkommunale prosjekt og fremje regional samhandling. Det vil seie at ein del av den samla potten bør gå til regionråda og/eller bu- og arbeidsområde der kommunane går saman for å kunne leggje til rette for interkommunalt samarbeid på området. Vidare bør midlane til regionane øyremerkast til dette føremålet og vere søknadsbasert. Ordninga med stimuleringstilskot frå Sogn og Fjordane kan erstattast med ei slik søknadsbasert ordning. Dette mellom anna fordi ein då vil involvere heile regionar/bu- og arbeidsområde, ikkje berre to til fire enkeltkommunar.

Korleis ein vil rigge ei ordning med kommunale næringsfond må ein finne ut av. Det er ikkje tatt stilling til kor mykje pengar ein bør setje av til kommunale næringsfond, men kommunane bør ha eit visst økonomisk handlingsrom skal ordninga ha noka mening.

Nedanfor har vi prøvd å eksemplifisere to måtar å rigge ei ordning på:

- ei ordning som vil gjelde for alle kommunane. Kriterium for tildeling er ikkje vurdert i saka. Dersom ein legg seg på eit minstebeløp til kvar kommune på 250 000 kr til kvar kommune, vil det åleine utgjere 10,75 mill kr. I tillegg må det avsetjast ein sum til fordeling etter folketal.
- ei ordning der kommunar som er innanfor det distriktpolitiske verkeområdet og som har konsesjonskraftinntekter under ein gitt terskel, blir tildelt kommunale næringsfond. Med eit tak på 2 mill kr i kraftinntekter vil 15 kommunar kome inn under ordninga. I tillegg skal ein viss del av den samla summen gå til regionale samhandlingsprosjekt innan innovasjon og næringsutvikling.

Med ei samla løyving på til dømes 10 mill kroner, kan 1 mill kr setjast av til regionale prosjekt etter søknad. Sogn og Fjordane hadde ei fordeling med 60 % lik sum og 40 % etter folketal etter at stimuleringstilskota var fordelt. Gitt ei slik fordeling, vil 5,4 mill kr av 9 mill kr bli fordelt likt mellom kommunane (360 000 kr på kvar), mens 3,6 mill kr blir fordelt etter folketal.

Verknader

Klima: Føringar om ei berekraftig samfunnsutvikling og FN sine berekraftsmål vil også gjelde for lokal næringsutvikling.

Folkehelse: Tilbod om arbeid er viktig for folk si helse og livssituasjon.

Regional planstrategi: Ei ordning med kommunale næringsfond vil vere eit viktig verkemiddel i høve alle dei fire hovudmåla i regional planstrategi:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Økonomi: Tiltaket har økonomiske verknader og vil påverke dei årlege budsjetta og økonomiplanen.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse. Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen.

Konklusjon

I saka er det gjort greie for to ulike måtar å etablere ei ordning med kommunale næringsfond i Vestland fylke:

1. ei ordning som vil gjelde alle kommunane og
2. ei ordning som vil gjelde kommunar som er innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Eit tredje alternativ som også er vurdert i saka, er å avskaffe ordninga med kommunale næringsfond og la Innovasjon Norge utføre oppgåver overfor bedriftene som i dag blir ivareteke av kommunane.

Administrasjonen vil hausten 2020 kunne kome tilbake med ei sak der ein kan ta stilling til korleis ein skal rigge ei ordning med kommunale næringsfond.

Administrasjonen har i saka prøvd å eksemplifisere kostnadane med å etablere ei ordning med kommunale næringsfond for heile Vestland fylke. Eksempla gir ein viss peikepinn på kor mykje midlar som bør avsetjast til kommunale næringsfond.

Budsjettramma for økonomiplanperioden 2021-2024 er svært stram med ei førebels målsetting om ei årleg driftstilpassing på 100 mill kr. Det er førebels sett av 4 mill kroner årleg til kommunale næringsfond i økonomiplanperioden. Den tildelte ramma ligg noko under dei kostnadane som er skissert i saka.

Skal ei slik ordning ha noka meining, må kommunane få tilstrekkeleg med midlar til å utgjere ein forskjell for det lokale næringslivet - mellom anna for å kunne gi tilstrekkeleg støtte til lokale etablerarar og lokale bedrifter. I tillegg ser administrasjonen det som viktig å stimulere til regionalt samarbeid om næringsutvikling.

**Kommune - totalsum****Termin: 2019**

Kommune:	Sum (Kr.)
1211 ETNE KOMMUNE	1 085 368
1224 KVINNHERAD KOMMUNE	10 134 397
1227 JONDAL KOMMUNE	2 554 098
1228 ODDA KOMMUNE	26 621 853
1231 ULLENSVANG HERAD	3 279 984
1232 EIDFJORD KOMMUNE	10 905 386
1233 ULVIK HERAD	5 978 022
1234 GRANVIN KOMMUNE	34 720
1235 VOSS KOMMUNE	6 693 335
1238 KVAM KOMMUNE	4 430 517
1241 FUSA KOMMUNE	573 174
1242 SAMNANGER KOMMUNE	1 107 123
1251 VAKSDAL KOMMUNE	3 301 809
1252 MODALEN KOMMUNE	5 861 290
1253 OSTERØY KOMMUNE	124 939
1263 LINDÅS KOMMUNE	52 322
1266 MASFJORDEN KOMMUNE	3 168 580
	<hr/>
	85 906 917
	<hr/> <hr/>
	Totalt for alle kommunene

**Kommune - totalsum****Termin: 2019**

Kommune:	Sum (Kr.)
1401 FLORA KOMMUNE	1 818 343
1411 GULEN KOMMUNE	369 614
1413 HYLLESTAD KOMMUNE	70 087
1416 HØYANGER KOMMUNE	9 553 705
1417 VIK KOMMUNE	7 543 204
1418 BALESTRAND KOMMUNE	2 112 944
1420 SOGNDAL KOMMUNE	343 954
1421 AURLAND KOMMUNE	17 388 879
1422 LÆRDAL KOMMUNE	7 825 932
1424 ÅRDAL KOMMUNE	5 857 906
1426 LUSTER KOMMUNE	16 271 148
1428 ASKVOLL KOMMUNE	227 538
1429 FJALER KOMMUNE	11 889
1430 GAULAR KOMMUNE	318 447
1431 JØLSTER KOMMUNE	892 607
1432 FØRDE KOMMUNE	165 061
1438 BREMANGER KOMMUNE	5 842 817
1441 SELJE KOMMUNE	18 739
1443 EID KOMMUNE	58 726
1444 HORNINDAL KOMMUNE	290 979
1445 GLOPPEN KOMMUNE	647 353
1449 STRYN KOMMUNE	31 783
Totalt for alle kommunene	77 661 655

Virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte 1. juli 2014 – 31. desember 2020

1. juli 2014 – 31. desember 2020

Sogn og Fjordane	Flora, Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Førde, Naustdal, Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen, Stryn
Hordaland	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Regionale næringsfond

I Sogn og Fjordane overførte fylkeskommunen kvart år midlar til kommunale næringsfond. I Sunnfjord har vi hatt eit felles kommunalt næringsfond for kommunane Jølster, Førde, Gaular og Naustdal (no Sunnfjord kommune). Styret i Sunnfjord Utvikling AS er også styret for næringsfondet. Kvart år har vi motteke ca 2,4 mill kroner (2,7 mill kr i 2017 og 2,4 i 2018 og 2019) til næringsfondet. Midlar vi utelukkande har brukt på næringslivet i Sunnfjord i form av midlar til nyetableringar, bedriftsutvikling, infrastruktur og andre verkemiddel for å skape utvikling og vekst.

Svært mange selskap i Sunnfjord har starta si reise i det kommunale næringsfondet i form av eit tilskot, til dømes Tibber AS, Norse Feedback, Intin og Webmegling. I tillegg er midlane brukt til nye arrangement, til utviklingsprosjekt, til etablering av klynger som Peak Sunnfjord. Kort sagt til alt som skal bidra til at vi utviklar nye selskap, nye arbeidsplassar i ein region med demografiske utfordringar. Vi blir eldre og vi blir færre. Tidlegare har Sunnfjord vorte omtalt som vekstfattig i den forstand at vi har hatt få nyetableringar. Dette har endra seg radikalt. Berre i klynga Peak Sunnfjord er det i dag 16 ulike selskap og over 70 arbeidsplassar. Fleire av selskap er nyetablerte i kraftig vekst og utvikling. For desse selskapa har næringsfondet vore avgjerande. Utan kommunalt næringsfond hadde ikkje selskap som Airlift solution AS vore der selskapet er i dag, seier adm direktør Stian Hårklau i Airlift. Verdien av kommunale næringsfond har vore og er stor.

Næringsfondet i Sunnfjord har midlar i år og neste år. Deretter er det tomt. Då har vi ikkje midlar til å stimulere nye idear, utvikling og vekst. Vestland fylke har ikkje den same ordninga som Sogn og Fjordane fylkeskommune, og vi meiner det er særst uheldig for distrikta at denne ordninga er avvikla. Derfor har vi også engasjert oss i å få fylkeskommunen til å oppretthalde ordninga.

Koronakrisa har tydeleg vist at det er behov for lokale selskap med midlar til å stimulere nye etableringar, utviklingsprosjekt, attraktivitetsskapande aktivitet m/meir. Men kva kommunen? Jo, Sunnfjord kommune betaler driftsmidlane til Sunnfjord Utvikling. Eit viktig bidrag for næringslivet i Sunnfjord.

Vi oppmodar fylkesordføraren til å drøfta med si avdeling for innovasjon og næringsutvikling korleis det kan løyvast midlar til lokal og regional næringsutvikling.

Med helsing

Olve Grotle
Ordfører

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Sak 5 – Kommunale næringsfond - Brev frå Hardangerrådet

17.05.2020 20:58

Fra: Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Sendt: torsdag 23. april 2020 13:58

Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Bård Sandal <Bard.Sandal@vlfk.no>

Kopi: Næss, Torgeir <tornes@kvam.kommune.no>; Haug Roald Aga <roald.a.haug@ullensvang.kommune.no>; Aslak Læg Reid <aslakl@eidfjord.net>; Vatile Anders <anders.vatile@eidfjord.kommune.no>; Hans Petter Thorbjørnsen <hans.petter.thorbjornsen@ulvik.kommune.no>; Hans Erik Ringkjøb <hans.erik.ringkjob@voss.kommune.no>; Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Emne: Revitalisering av Regionale næringsfond

Hei !

Viser til samtale idag.

Regionalt næringsfond var fram til 2014 eit svært viktig verkemiddel for vekst og nyskaping i distrikta. Diverre vart ordninga avvikla frå 2015. Dei statlege overføringane til distriksmidlar vart redusert over fleire år og ordninga vart til slutt avvikla.

Dei regionale næringsfonda vart forvalta av regionråda som i samarbeid med representantar for næringslivet føresto tildeling av midlar til lokale verksemdar. Midlane frå Regionalt næringsfond har medverka til oppretting av mange og varige arbeidsplassar lokalt.

Med denne ordninga var både det lokale politiske miljø v/ordførarane og næringsorganisasjonane "hands on" ift tildeling av støtte. Det var ei svært god ordning mht tett kontakt mellom politisk leiing og næringslivet.

Dei krisepakkar som no er vedtekne går direkte som naudhjelp til næringslivet. Det er viktig og heilt påkrevd om desse verksemdene skal overleva til etter at koronakrisa er over. Likevel er det no ein må evna å ha to tankar i hovudet samstundes. Vekst og nyskaping i næringslivet må få gode kår også i desse tider. Det kan ikkje berre handla om å overleva.

Med bakgrunn i drøftingar med rådsordførar i Hardangerrådet tek vi derfor til orde for å revitalisera dei regionale næringsfonda. Denne ordninga utgjorde for Hardanger 2,5 - 3 mill årleg som vart vidareført som støtte til næringsutvikling i regionen. Med dette fondet vart det lokale politiske miljø og næringsorganisasjonene del i prosessen, noko som førte til stor innsikt og engasjement for næringsutvikling. Jfr. Alfred Bjørlo sin kommentar i dagens Kommunal Rapport: *Koronakrisen kan få oss til å erkjenne at vi må stå sammen med næringslivet.*

Vi oppmodar derfor fylkesordførar til å drøfta med si avdeling for innovasjon og næringsutvikling korleis det kan løyvast midlar til lokal og regional næringsutvikling der midlane kan forvaltast gjennom regionråda etter modell frå dei regionale næringsfonda.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar

Tlf 53671450/47669524

post@hardangerraadet.no

www.hardanger.com



Hardanger

Saksnr: 2020/50809-1
Saksbehandlar: Kjersti Sognnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	43/20	04.06.2020

Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn og omstillingsarbeid i utsette kommunar

Forslag til vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1 mill kr av dei midlane som er sette av til skissert innsats innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, jf midlar avsett av Sogn og Fjordane fylkeskommune som no står på fond til dette føremålet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1,5 mill kr til omstillingsarbeid i utsette kommunar, jf midlar avsett til lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta i vedteke budsjett for 2020.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere inntil 0,7 mill kr til innsats for eit kriseråka reiseliv, jf midlar avsett til lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta i vedteke budsjett for 2020.

Samandrag

Vi gjer her greie for ein innsats innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, sett i samanheng med omstillingsarbeid i utsette kommunar. Gjennom denne saka ber vi om administrativ fullmakt til å disponere midlar til desse føremåla. Og vi ber om fullmakt til å disponere midlar som om naudsynt kan nyttast til innsats for eit kriseråka reiseliv. Hovudutvalet vert helde orientert om arbeidet.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressurs, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring gjorde følgjande vedtak 14.mai:

«Hovudutvalet legg til grunn at det vert arbeidt vidare med å forme innsatsen innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og at dette arbeidet vert sett i samanheng med det venta omstillingsarbeidet i utsette kommunar.»

Noko av tenkinga bak den skisserte innsatsen kring nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn har vi med oss frå gamle Sogn og Fjordane, der dåværande hovudutval for næring og kultur la grunnlaget for ein innsats ved å peike på ei slik satsing og setje av midlar. Innsatsen er også nedfelt i det budsjettet for 2020 som fylkestinget i Vestland har vedteke. Vi ber no om fullmakt til å nytte deler av dei midlane som vart sett av i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den skisserte innsatsen femnar om ei heilskapleg satsing som grip inn i mange område. For å syne heilskapen har vi også gjort greie for eit konsept for smarte kommunar, som i så fall vert ein del av den samla innsatsen for nærings- og samfunnsutvikling. Og vi gjer greie for arbeidet med omstillingsarbeid i utsette kommunar. Det kan bli aktuelt å setje i gong omstillingsarbeid i utsette kommunar før vi er med i eit nasjonalt program frå 2021. Vi ber derfor om fullmakt til å disponere midlar til førebuing og igongsetjing av omstillingsarbeid.

Det er som kjent ein krevande situasjon innan reiselivet. Som ein del av denne saka ber vi også om administrativ fullmakt til å disponere inntil kr 700 000 til innsats for eit kriseråka reiseliv.

Saksopplysningar

Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn

I vedteke budsjett for 2020 går det under naturressurs, landbruk og reiseliv fram at vi skal arbeide med lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta, som skal styrke lokalsamfunna sin attraktivitet. Dette skal skje i kombinasjon med andre virkemiddel som fylkeskommunen har til rådvelde, mellom anna innsats innan naturbaserte næringar som landbruk, reiseliv og marin sektor. Og i følgje budsjettdokumentet skal ein også sjå denne innsatsen inn mot ev arbeid med kommunar som har særlege utfordringar. I kjølvatnet av korona-pandemien er det i ferd med å peike seg ut kommunar som kan få omstillingsbehov. Dette gjeld m.a. reiselivskommunar og kommunar som er tunge på offshore leverandørindustri. Fylkeskommunen har førebels meldt eit behov for omstillingsmidlar i storleiksorden 20-30 mill kr, inn mot statsbudsjett 2021 og eit program for omstilling i utsette kommunar. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med den ovannemnde innsatsen.

Det nemnde innsatsen vil hovudsakleg femne om nærings- og samfunnsutvikling, der vi ser samla på den innsatsen som kan utvikle distrikt og lokalsamfunn. Vi nemner her arbeid innan naturbaserte næringar som m.a. landbruk, marin sektor og reiseliv. I tillegg til arbeid med tilrettelegging for næringsverksemd og næringsmiljø i distrikta snakkar vi om lokalsamfunnsutvikling. Og om god bruk av moderne teknologi, som m.a. fremmar både samhandling, erfaringsutveksling, innovasjon og berekraft. Når det gjeld lokalsamfunnsutvikling har vi utvida programmet LivOGLyst, og det er no opna for å vere med frå heile Vestland. Vi arbeider med å forme den nemnde innsatsen, og få sett den i samanheng med ein venta omstillingsinnsatsen i utsette kommunar.

Den innsatsen som no vert forma tek utgangspunkt i oppgåver innan m.a. arbeid med reiseliv, marint, landbruk, lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling i distrikt og omstillingsarbeid i utsette kommunar. Og dette kopla mot arbeid med god bruk av moderne teknologi, jf tenking rundt smarte bygder/kommunar - og god digital infrastruktur. Og vi nemner m.a. god kommunal planlegging, erfaringsutveksling, tiltak for å fremme attraktivitet, stadutvikling mm. Denne tenkinga er på eit tidlegare tidspunkt lufta for fleire aktørar, med positive tilbakemeldingar.

Hovudutval for næring gjorde følgjande vedtak 14.mai:

«Hovudutvalet legg til grunn at det vert arbeidt vidare med å forme innsatsen innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - og at dette arbeidet vert sett i samanheng med det venta omstillingsarbeidet i utsette kommunar.»

Hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane peika ut retninga for ein innsats innan nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, og sette av 2,1 mill kr til denne innsatsen. Vi syner i den samanheng til hovudutvalet sine vedtak i sakene 56/19 og 58/19. Desse midlane står no på fond. Vi ber om administrativ fullmakt til å nytte inntil 1 mill kr av dei avsette midlane til den nemnde innsatsen. Hovudutvalet vert heldne orientert om arbeidet.

Vi arbeider no vidare med å forme den nemnde innsatsen med nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn - sett i samheng med omstillingsarbeid i utsette kommunar og område.

Omstillingsarbeid i utsette kommunar og område - under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

I kjølvatnet av korona-pandemien og lågare oljeinvesteringar er det venta at ein god del kommunar og område vert varig råka. Fylkeskommunen har derfor bede om statlege midlar til omstilling i kommunar og utsette område. Dette inn mot statsbudsjettet for 2021 og eit nasjonalt omstillingsprogram som ligg under den distriktpolitiske satsinga. Det er i første omgang bedd om 20-30 mill kr, og det vert m.a. synt til dei store utfordringane innan reiseliv og offshore leverandørindustri. Kommunal- og moderniseringsdepartementet forventar ei regional medfinansiering. Vi planlegg følgjeleg korleis vi skal vere med å delfinansiere dette arbeidet. I særleg utsette kommunar kan vi også vurdere om ein må setje i gong eit omstillingsarbeid i løpet av 2020, før ein vert med i det nasjonale omstillingsprogrammet. Vi følgjer med på utsette kommunar, og vurderer innsatsen. Og vi prøver å kartlegge kva som kan vere det meir langsiktige omstillingsbehovet i utsette kommunar og område, også med tanke på å oppdatere KMD om behovet for omstillingsinnsats.

Vi skal no supplere det brevet som vi sende til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 20.april, slik at departementet har eit oppdatert grunnlag for innmelding av omstillingsbehov i samband med statsbudsjettet for 2021.

Det kan som nemnt bli aktuelt å setje i gong omstillingsarbeid i utsette kommunar før vi er med i eit nasjonalt program frå 2021. Fylkesdirektøren ber derfor om fullmakt til å disponere midlar til førebuing og igongsetjing av omstillingsarbeid i utsette kommunar og område. Dette også sett i lys av at det er ei stund til hovudutvalet sitt møte 16.september. Vi ber om ei fullmakt på inntil 1,5 mill kr, jf midlar avsett til lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta i vedteke budsjett for 2020. Hovudutvalet vert helde orientert om arbeidet.

Arbeid med smarte bygder og kommunar - vurdere tilknytning til nasjonalt nettverk for smarte kommunar - ei orientering

Det er etablert eit smartbysamarbeid og eit vegkart for smarte og berekraftige byar og lokalsamfunn. Aktuelt no er å etablere eit nasjonalt nettverk for smarte distriktskommunar med styre og sekretariat. Ideen er å etablere samarbeidet i juni 2020. Spørsmålet er om Vestland fylkeskommune vil engasjere seg i eit arbeid for å utvikle eit slikt samarbeid og om vi ønskjer å delta i styrearbeid. Nordic Edge som har status både som smartbyklynge og sekretariat for arbeidet med smarte byar har vore interesserte i å bygge opp eit nettverk «smarte distriktskommunar» saman med nasjonale og fylkeskommunale aktørar. Dette også i samarbeid med Doga (Design og arkitektur Norge). Dei ønskjer å ta initiativ saman med fylkeskommunane Vestland, Rogaland og Nordland. Det føregår også ein dialog mellom Nordic Edge og det nystarta Inviro på Nordfjordeid om å tilby sekretariatsoppgåver for eit nettverk smarte distriktskommunar i nær kopling til smartbynettverket. Sogn og Fjordane fylkeskommune har engasjert seg i utvikling av Inviro; eit innovasjonsnettverk der den vidaregåande skulen på Nordfjordeid også deltek. Det skisserte arbeidet er under utforming. Detaljar rundt både sekretariatsfunksjon og styring er på forslags-stadiet. Motoren i arbeidet no er Nordic Edge og Doga. Dette er ein smart distriktskommune: «Smarte byer og lokalsamfunn setter innbyggerne i sentrum, og tar i bruk ny teknologi, innovative metoder, samarbeid og samskaping for å bli mer bærekraftige, attraktive, produktive og tilpassingsdyktige».

Mykje av innhaldet kan vi kjenne att frå tidlegare utviklingsarbeid. Det nye er farten i endringane som skjer pga globalisering og teknologiutvikling og at både velferdssamfunnet og miljøutfordringane krev nye løysingar. I Norge har det vore lagt vekt på at innbyggjarar saman med kommunen presenterer trong for nye løysingar og at entreprenørar vert trekte aktivt med for å finne løysingar. Arbeidet i kommunane er heilt sentralt. I tillegg vil ulike statlege aktørar, store teknologibedrifter, entreprenørielle miljø og forskingsmiljø kunne medverke med idear som dei ønskjer å få prøvd ut. Utkastet inneheld klar prioritering av store samfunnsutfordringar. Desse finn vi innan miljø, klima, folkehelse, utanforskap og å halde oppe velferdsnivået vi er vane med.

Vi drøftar no om fylkeskommunen bør vere med i det nemnde nettverket for smarte distriktskommunar, og korleis dette arbeidet kan passe inn i den samla innsatsen med nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn. Når vi har vurdert dette nærmare og sett meir på dei økonomiske forpliktelsane og finansieringa kjem vi tilbake til hovudutvalet.

Innsats for eit kriseråka reiseliv

Fylkeskommunen har vore med å legge til rette for at destinasjonsselskapa skal fungere i ei krisetid, gjennom tildeling av 8,5 mill kr. Hovudutvalet har sett av ½ mill kr til marknadsinnsats, og vi drøftar no ein samla marknadsinnsats saman med Fjord Norge og destinasjonsselskapa. I fall det skulle vere behov for ytterlegare innsats for reiselivet ber vi om fullmakt på 0,7 mill kr, jf midlar avsett til lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i distrikta i vedteke budsjett for 2020.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

Økonomi: hovudutval for næring har råderett over dei aktuelle midlane

Klima: ein vellukka innsats inneber positive verknader for klima

Folkehelse: ein vellukka innsats inneber positive verknader for folkehelsa

Regional planstrategi: den skisserte innsatsen høver godt inn i tenkinga i regional planstrategi

Konklusjon

Fylkesdirektøren ber gjennom denne saka om administrativ fullmakt til å følgje opp arbeid og disponere midlar innan omstillingsarbeid i utsette kommunar og område, eit kriseråka reiseliv og nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn.

Saknr: 2020/50540-1
Saksbehandlar: Bjørnar Tjoflot

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	44/20	04.06.2020

Intensjonsavtale med Biogass Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune signerer intensjonsavtale med forumet «Biogass Vestlandet» som gjeld til 31.10.2020.
2. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber administrasjonen utarbeide sak med forslag til ein biogasstrategi for Vestland fylke.

Samandrag

Kontaktforumet Biogass Vestlandet har utarbeida ein intensjonsavtale mellom ulike biogass interessentar på vestlandet. Målet med kontaktforumet er å organisera kommunikasjon mellom avfallsbransjen, landbruket, transportbransjen, fiskerinæringa og andre aktuelle næringar; på tvers av kommunegrensar; myndigheiter; og allmennheita om biogass og biogjødsel. Vestlandet fylkeskommune skal her ta stilling til om det er ynskjeleg å vera med vidare i denne satsinga ved å teikna seg opp som samarbeidspartnar i dette forumet.

Etter Rådmannen sitt skjønn har biogass stort potensiale i Vestland fylke. Ikkje berre som energiberar, men òg som utgangspunkt for ein sirkulær økonomi som knyt saman landbruk, fiskenæring, transportsektoren, avfallsnæringa og hushaldingar. Satsing på biogass kan hjelpe Vestland fylkeskommune å nå klimamåla sine og samstundes leggja til rette for grønn næringsutvikling og verdiskaping i regionen.

Dette forumet har sprunge ut frå eit prosjekt støtta av fylkeskommunen gjennom tilskotsordninga Grøn konkurransekraft. Denne saka viser at tilskota frå fylkeskommunen har ein klar nytteverdi. Vestland har moglegheita til å vera med i fronten av vidare utvikling og tilrettelegging for ny næring i fylket. Denne saka er etter Rådmannen sitt skjønn ei gladsak for fylket, der me bør støtta vidare opp under det initiativet som har vokse fram etter bidrag frå støtteordninga vår. Rådmannen meiner difor at Vestland fylkeskommune bør signera intensjonsavtalen med Biogass vestlandet.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Solve Sondbø
Seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Intensjonsavtale med Biogass Vestlandet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Biogass er ein fornybar energiberar. Ved hjelp av rotning eller pyrolyse kan ein lage biogass basert på biomasse. Biogassen kan nyttast til å erstatta fossil energi, m.a. i industrisektoren og i sjø- og landtransporten. Bioresten frå rotninga kan nyttast til å føra næringsstoff tilbake til landbruket. Dette er heilt i tråd med sirkulærøkonomitankegangen. Ei godt utvikla verdikjede for biogass i Vestland vil redusera klimagassutslepp, styrke berekraftig ressursbruk og gje ny verdiskaping i regionen.

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok, 07.12.2017, følgjande:

1. Fylkesutvalet vedtek som biogasstrategi for Hordaland:

Hovudmålet er å utnytte lokalt tilgjengelege organiske restråstoff lønsamt og klimavenleg, og derved erstatte fossil energibruk. Relevante råstoffkjelder kan vere slam frå kommunale avløp, organisk rest frå verksemdar, skogbruk, jordbruk og hushaldningar.

Ein legg følgjande delmål og understrategiar til grunn:

- Mål 1: Fleire ulike typar lokale råstoff i biogassproduksjon
 - o Byggje samarbeid mellom aktørar (kommunar, kommunar og næringsliv, mellom ulike bransjar)
 - o Auke kunnskapen om felles prosessering (samrotning) av ulike råstoff som er tilgjengeleg i regionen
- Mål 2: Berekraftig bruk av restprodukt frå biogassproduksjon
 - o Samle erfaringar knytt til lokal bruk av biorest
 - o Fremje idear for bruk av CO₂-gassen frå oppgraderinga av biogassen (kalla fornybar CO₂)
- Mål 3: Bruk av biogass i transportsektoren der ein ikkje kan elektrifisere
 - o Leggje til rette for forretningskonsept innan fylleinfrastruktur for biogass retta mot tunge køyretøy
 - o Søkje nasjonale stønadsordningar, til dømes «Klimasats» for å støtte utbygging av fyllestasjonar
 - o Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar: «Skyss vil vurdere tilgjenge på lokalt produsert biogass før oppstart av nye anbod.»
- Mål 4: Gode rammevilkåra gjennom heile verdikjeda
 - o Støtte best mogleg rammevilkår for å utnytte avfall som ressurs, til dømes gjennom krav til utsortering av våtorganisk avfall
 - o Etterspørje endringar i gjødselsforskrifta som bidreg til optimal bruk av biorest
 - o Fremje best mogleg rammevilkår for å erstatte naturgass med biogass (til dømes vegbruksavgifta)
- Mål 5: Kunnskapsutvikling og nettverk
 - o Bruke eksisterande regionale støtteordningar for å delfinansiere forskning og utvikling, samarbeid og næringsutvikling
 - o Mobilisere aktørar i fylket til å delta i nettverk som til dømes gjennom det omsøkte interreg-prosjektet Biogas North Sea

2. Fylkesutvalet inviterer relevante aktørar i fylket til å slutte opp om mål og verkemidlar.

3. Fylkesutvalet peiker på «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland», «Regionalt forskingsfond Vestlandet» og «Klimaplan for Hordaland» som regionale verktøy for å støtte kunnskapsbygging.

4. Fylkesrådmannen fører dialog med aktørar i fylket for å sikre relevant deltaking frå Hordaland i interreg-prosjektet Biogas North Sea.

Hordaland fylkeskommune ga, 27.08.2019, 1,34 MNOK til prosjektet «Grønn næringutvikling med biogass på Vestlandet», eigd av Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM), som ein del av tilskotsordninga grøn konkurransekraft. Prosjektet vart Den eine aktiviteten planlagt i dette prosjektet var å forankra samarbeid på tvers av næringane. IHM utgreier om viktigheita tverrsektorielt samarbeid på følgjande måte på [heimesida](#) til Biogass Vestlandet:

«Et biogassanlegg er et knutepunkt hvor avfall omformes til en ressurs i form av biogass og biogjødsel. Dersom dette skal gjøres så bærekraftig som mulig, er det avgjørende at flere sektorer samarbeider om én og samme løsning:

- Avfallsbransjen samler og leverer matavfall til anlegget.
- Landbruksnæringen disponerer husdyrgjødsel og benytter seg av biogjødsel.

- Transportbransjen investerer i gasskjøretøy og etterspør biogass.
- I tillegg kan andre næringer, som f.eks. oppdrettsnæringen bidra med fiskeslam eller annet organisk avfall som ikke utnyttes optimalt i dag.

Dersom et biogassanlegg skal lykkes, må alle aktørene være fornøyde med løsningen. Dette kan være krevende dersom kun én eller noen av næringene er involvert i planleggingen. Samtidig kan biogass bidra til å løse flere utfordringer:

- Dersom det blir [obligatorisk med kildesortering av våtorganisk avfall fra 2023](#) får vi store mengder matavfall i Vestland fylke som må behandles. Dette kan brukes til å produsere lokal fornybar energi og bærekraftig biogjødsel
- Regjeringen har satt et mål om [at 30% av all husdyrgjødsel skal brukes til biogassproduksjon](#). Et biogassanlegg på Voss alene kan doble mengdene husdyrgjødsel som brukes til biogassproduksjon i Norge i dag.
- Et samarbeid mellom landbruket og et biogassanlegg kan gi bedre gjødselhåndtering og bidra til å tilfredsstille kommende reguleringer, f.eks. [ny gjødselvereforskrift](#).
- Landbruket har skrevet en [klimaavtale med regjeringen](#) hvor biogassanlegg kan være en viktig bidragsyter for å redusere utslipp fra landbruket og øke karbonopptak i jord.
- Biogass kan være en av løsningene for å nå [fossilfri kollektivtransport i 2025](#).
- Mattilsynet har foreslått [strengere krav til håndtering av fiskeslam](#). Samtidig melder forskere om [store fosfortap i norsk akvakultur](#). Biogassanlegg kan bidra til at oppdrettsanlegg på vestlandet blir mer bærekraftige.

Alle de nevnte aktørene har altså gode grunner til å være interessert i biogassproduksjon, men det er vanskelig å samarbeide på tvers av sektorer dersom man ikke er klar over hverandres behov og begrensninger.

Dette kontaktforumet skal fasilitere et tverrsektorielt samarbeid ved å være en arena for å dele informasjon, drive kunnskapsformidling og invitere til dialog.»

Prosjektet legg opp til forankring av samarbeidet med intensjonsavtalar gjennom prosjektperioden. Ein slik intensjonsavtale, i regi av IHM, vert no inngått av mange interessentar frå ulike næringar. Den breie interessa for dette initiativet viser at midlane frå fylkeskommunen har gjeve svært god avkastning. Tilskotet har heilt klart vore utløysande for å få på plass eit slikt samarbeid om biogass på vestlandet. Det er eit ynskje frå IHM om at Vestland fylkeskommune òg signerer denne avtalen. Prosjektet får større tyngde viss fylkeskommunen knyter seg til vidare samarbeid. Avtalen ligg som vedlegg.

Det er fleire pågåande biogassprosjekt i Vestland fylke og vestlandet elles som knyter seg til dette samarbeidsprosjektet. Nokon av desse er:

Aktør:	Plassering:	Råvarer:	Fase:
Bergen Vann KF	Bergen	Avlaupsslam , 25 GWh årleg	drift
Voss kommune	Voss	Avlaupsslam, 1 GWh årleg	drift
Sunnhordaland Naturgass AS	Stord	Ensilasje, fiskeslam, husdyrgjødsel. 22 GWh fyrste trinn, 55 GWh 2. trinn flytande biogass.	klart til bygging
IHM	Voss	Matavfall og husdyrgjødsel	vurdering
Ullensvang kommune	Jondal	Fiskeslam og husdyrgjødsel	vurdering
Hardanger biogass	Husnes	Fiskeslam og husdyrgjødsel	vurdering
NoMil	Nordfjord	Matavfall og husdyrgjødsel	vurdering
ÅRIM	Ålesund	Matavfall	vurdering

Sunnhordland Naturgass AS (SNG) har fått klarsignal til å byggja eit biogassanlegg i stor skala på Stord. Anlegget skal produsera 22 GWh energi etter fyrste byggjetrinn, og 55 GWh når anlegget er fullt utbygd. Dei har teikna intensjonsavtalar med leverandørar av råvarer og kjøparar av både biogassen og karbondioksidet dei produserer ved anlegget. Dei skal selja karbondioksid til fiskeindustrien.

Ved å fanga karbondioksid frå produksjonen og nytta den kan ein sei at dei har eit positivt klimarekneskap. Denne teknologien er svært verdifull for Vestland som har store verdiar i fossile verdikjeder der det er avgjerande å få ned utsleppa av karbondioksid.

Anlegget skal vera klart til testkøyring eitt år frå no og vera i produksjon 15 månadar frå no. Biogassatsinga til SNG er eit praktdøme på korleis kompetanse frå olje- og gassnæringa kan bidra til det grøne skiftet. SNG, som har vore tunge aktørar innan olje og gass lenge, ser at dei på alvor kan bidra med sin kompetanse inn i omstillinga til ein industri som ikkje er like avhengig av fossile energikjelder ved å satsa på biogass. Dei ser føre seg at denne typen anlegg som dei skal byggja på Stord vert ein aktuell eksport i framtida, både til utland og andre stader i Noreg.

Det største biogassanlegget i drift i Vestland i dag er ligg i Rådalen i Bergen kommune. Dette anlegget nyttar seg av slam frå avlaupsanlegga og septiktankane i Bergen kommune. Anlegget har vore i drift sidan 2016 og vert rekna som eit viktig steg mot eit fossilfritt Bergen i 2030. Plasseringa til dette anlegget gjer at det kan nytta seg av store mengder avlaupsslam og det produserer ein energimengde på ca 25 GWh årleg. Anlegg andre stader vil for det meste basera seg på andre råvarer til produksjonen av biogass.

Det er potensial for store utsleppskutt i landbruket ved å produsera biogass frå husdyrgjødsel. Det er faktisk ein av dei enklast tilgjengelege tiltaka for å redusera klimagassutslepp i landbruket, seier Norges Bondelag. Klimagassutsleppa i norsk landbruk har vore mykje omtala etter at Klimakur vart lagt fram for regjeringa. Landbruket er viktig i store deler av fylket og betydelege utslepp i landbruket vil difor og bety store utslepp for vestland fylke. For landbruket har det lenge vore eit spørsmål om det kan vera økonomisk hald i å nytta gjødsel til biogassproduksjon. Difor vil det vera særskilt viktig for bøndene og landbruket å få på plass eit vidt samarbeid der fleire næringar kan vera med på byggja meir solide verdikjeder. Det er allereie fleire bønder som har teikna intensjonsavtale med biogassanlegget til SNG som skal byggjast på Stord.

Biogass får fotfeste på transportsida i fylket og. Tide Buss har bestilt 125 nye bussar som skal bruke flytande biogass. 86 % av bussdrifta i Bergen Nord på oppdrag frå Skyss(bussane stasjonert på Haukås bussdepot) skal nytta biogass som drivstoff. Biogassmengden disse bussane vil bruke er større enn dagens biogassproduksjon i fylket. Resten av bussparken i Bergen Nord som er stasjonert på Osterøy skal gå på biodiesel.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon har vedtakskompetanse i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen har gjeve tilskot til gode biogassprosjekt gjennom ulike tilskotsordningar. Dette kan verta aktuelt og framover. Det ligg ikkje utgifter direkte knytt til dette samarbeidet, men ein intensjon om vidare satsing knyter ei forventing om økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

Klima: Satsing på biogass er eit klimatiltak. Biogass har per definisjon ikkje direkte utslepp knytt til seg. Utvida bruk av biogass i Vestland vil kunne bidra til at fylkeskommunen kjem nærare å møta klimamåla sine.

Folkehelse: Ikkje aktuelt utover langsiktige folkehelsefordeler ved å bremse klimaendringane. Der biogass erstattar diesel gir det reinare eksos.

Regional planstrategi: I høyringsutkastet til ny "Utviklingsplan for Vestland 2020-2024" står følgjande: *Vi skal satse på sirkulærøkonomi og bioøkonomi med særleg vekt på landbruk og havnæringa*. Biogass er elles nemnd å ha potensiale i Hordaland i "Klimaplan for Hordaland 2014-2030", og i Sogn og Fjordane i "Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025".

Konklusjon

Biogass har stort potensiale i Vestland fylke. Ikkje berre som energiberar, men og som utgangspunkt for ein sirkulær økonomi som knyt saman landbruk, fiskerier, transportsektoren, avfallsnæringa og hushaldingar. Satsing på biogass kan hjelpa Vestland fylkeskommune å nå klimamåla sine og samstundes leggja til rette for grøn næringsutvikling og verdiskaping i regionen.

Denne saka viser at tilskota frå fylkeskommunen har ein klar nytteverdi, og Vestland har moglegheita til å vera med i fronten av vidare utvikling og tilrettelegging for ny næring i

fylket. Denne saka er etter Rådmannen sitt skjønn ei gladsak for fylket, der me bør støtta vidare opp under det initiativet som har vokse fram etter bidrag frå støtteordninga vår. Rådmannen meiner difor at Vestland fylkeskommune bør signera intensjonsavtalen med Biogass vestlandet.

Intensjonsavtale

Mellom

Bergen vann kf, org nr. 978 328 096,

BIR AS, org nr. 983 495 400,

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM), org nr. 971 155 876,

Innovasjon Norge, org nr 986 399 445,

IVAR IKS, org nr. 871 035 032,

Lindum AS, org nr. 979 618 840,

Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil), org nr. 977 549 833,

Nordhordaland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR), org nr. 856 167 402,

Norges Bondelag, avd Hordaland, org nr. 939 678 670,

Norsk Gjenvinning Norge, org nr. 937 270 151,

SIMAS IKS, org nr.974 888 076,

Sunnfjord kommune, org nr. 921 244 207,

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM), org nr 970 921 915,

Sunnhordland Naturgass (SNG), org nr. 916 941 552,

Ullensvang kommune, org nr. 920 500 633,

Voss herad, org nr. 960 510 542,

ØyVAR AS, org nr. 985 345 899, og

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM), org nr. 994 717 286,

heretter benevnt enkeltvis som «Part» og samlet som «Partene», er det inngått følgende intensjonsavtale:

1 BAKGRUNN OG FORMÅL

Formålet med avtalen er å opprette et kontaktforum for biogass og biogjødsel på Vestlandet. Kontaktforumet skal hete «Biogass Vestlandet».

Målet med kontaktforumet er å organisere kommunikasjon mellom avfallsbransjen, landbruket, transportbransjen, fiskerinæringen og andre aktuelle næringer; på tvers av kommunegrenser; myndighetene; og allmennheten om biogass og biogjødsel.

2 OPPGAVER

Kontaktforumet sine hovedoppgaver må defineres nærmere i egen avtale før 31. oktober 2020, men kan f.eks. inkludere:

- Formidle fakta om biogass og biogjødsel, hvilket inkluderer synergieffekter med jordbruk, avfallsbransjen, transportbransjen og oppdrettsnæringen.
- Utforske hvilke barrierer og utfordringer som hindrer utbyggingen av biogassanlegg i regionen, samt hvordan disse kan overkommes.
- Invitere til diskusjon og samarbeid på tvers av kommunegrenser og mellom ulike sektorer.
- Posisjonere biogass og biogjødsel nasjonalt og regionalt.
- Organisere og administrere felles prosjekter som kan relateres til kontaktforumets hovedmål.
- Bidra til å utforme en felles biogass- og biogjødselstrategi for regionen.
- Holde seg oppdatert og informere om eksisterende tiltak og støtteordninger som angår biogass.
- Avklare spørsmål av overordnet karakter som er av interesse for flere av partene.

Fram til 31. oktober 2020 bemannes sekretariatet av Tord Peder Rafael Luna Araldsen. Sekretariatets oppgave fram til noe annet er avtalt, er å organisere møter og kommunikasjon knyttet til oppstarten av kontaktforumet.

3 NÆRMERE OM SAMARBEIDET

I perioden frem til en bindende samarbeidsavtale inngås, er Partene enige om å bidra til kontaktforumet ved å dele kunnskap og tilrettelegge for kommunikasjon i sin region og bransje. Partene bør delta på minst to samlinger som skal organiseres gjennom kontaktforumet.

Ved eventuelle felles prosjekter eller deling av informasjon må Partene forholde seg til det eksisterende regelverket, ref. konkurranseloven §10.

En ny avtale må ikke nødvendigvis omfatte alle Partene i denne intensjonsavtalen. Det er mulig å inkludere flere selskap/foretak i den nye avtalen.

4 KOSTNADER

Partene er enige om at kostnadene knyttet til samarbeidet skal fordeles slik:

- Fram til 31. oktober 2020 dekkes lønnskostnadene knyttet til administrasjonen av forumet gjennom prosjektet «Grønn næringsutvikling med biogassanlegg på Vestlandet». Dette prosjektet er finansiert av Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Indre Hordaland Miljøverk IKS og Voss kommune.
- Videre finansiering av kontaktforumet beskrives i egen avtale før 31. oktober 2020. I denne sammenheng bør mulige støtteordninger vurderes.
- Kostnader relatert til møter, studietur, osv. dekkes av hver enkelt Part. Kopi av denne type kostnader sendes til tord.araldsen@ihm.no innen 1. desember 2020.

5 VARIGHET

Denne avtalen gjelder frem til en bindende samarbeidsavtale mellom Partene er inngått.

Denne avtalen opphører automatisk dersom en bindende samarbeidsavtale mellom Partene ikke er inngått innen 31. oktober 2020.

Denne avtalen er utferdiget 18 eksemplarer, ett til hver av Partene.

_____, den _____

Sted og dato

Underskrift: _____

Navn: _____
for Bergen vann kf

Underskrift: _____

Navn: _____
for BIR AS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Indre Hordaland Miljøverk IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Innovasjon Norge

Underskrift: _____

Navn: _____
for IVAR IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Lindum AS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Nordfjord Miljøverk IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for NGIR IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Norges Bondelag, avd Hordaland

Underskrift: _____

Navn: _____
for Norsk Gjenvinning Norge AS

Underskrift: _____

Navn: _____
for SIMAS IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Sunnfjord kommune

Underskrift: _____

Navn: _____
for Sunnfjord Miljøverk IKS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Ullensvang kommune

Underskrift: _____

Navn: _____
for ØyVAR AS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Sunnhordland Naturgass AS

Underskrift: _____

Navn: _____
for Voss herad

Underskrift: _____

Navn: _____
For ÅRIM IKS